

«Vi finst!»

LHBT-rørsla i kamp for rettar i Tyrkia

Anne-Marie S. Egset



TYR4590

Masteroppgåve i tyrkisk (60 sp)
ved Institutt for kulturstudiar og orientalske språk

UNIVERSITETET I OSLO

Mai 2015

«Vi finst!»

LHBT-rørsla i kamp for rettar i Tyrkia

© Anne-Marie S. Egset

2015

«Vi finst!» LHBT-rørsla i kamp for rettar i Tyrkia

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Webergs Printshop AS

Samandrag

Den fyrste LHBT-organisasjonen i Tyrkia blei stifta i 1993, og den fyrste Pride-paraden, med 50 deltakarar, blei arrangert i Istanbul i 2003. I løpet av dei siste åra har LHBT-rørsla i større grad etablert seg i den tyrkiske offentlegheita; i 2013 var den sentral under opprøret kjend som Gezi-protestane, og året etter hadde Pride-paraden heile 100 000 deltakarar.

Samstundes med framgangen til LHBT-rørsla, meiner eit stort fleirtal av den tyrkiske befolkninga at homofili ikkje bør akseptast, og politikarar frå regjeringspartiet AKP har fleire gonger uttala seg svært negativt om LHBT. I denne masteroppgåva undersøker eg korleis samfunnet responderer på LHBT-rørslas framvekst og stadig meir synlege posisjon. Sentrale tema er juridisk status for LHBT-befolkninga, det tyrkiske militæret si behandling av homofile, korleis tyrkiske politikarar møter LHBT-rørsla og korleis LHBT vert omtala i media. I oppgåva gir eg plass til tyrkiske LHBT-personar sine synspunkt på desse tema, og sitat frå intervju og samtalar med informantar frå LHBT-organisasjonane vert gitt att og diskutert.

Avhandlinga er eit forsøk på å kartlegge kva for rettar lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT) i Tyrkia har i dag, kva for rettar dei kjempar for å få og korleis arbeidet med dette ser ut til å gå. Målet med oppgåva er å kartlegge *status quo* for LHBT-rørsla i Tyrkia og analysere utviklinga i lys av den politiske situasjonen i landet, og å bidra til grunnforskning om temaet LHBT i Tyrkia.

Forord

Denne masteroppgåva er ein studie av korleis situasjonen er for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT) i Tyrkia i dag. Tittelen «Vi finst!» viser til eit av slagorda til LHBT-organisasjonen Kaos GL i Ankara.

Det er mange som fortener ei stor takk for at oppgåva har teke form og no er ferdigstilt. Eg vil takke rettleiarane mine Bernt Brendemoen og Berit Thorbjørnsrud for tilgjengelegheit, motivasjon og rettleiing. Eg vil takke informantane mine for openheita og viljen til å dele sine historier. Oppgåva kunne ikkje vorte til utan dykk. Ei stor takk til mi gode venninne Janna for tilbakemeldingar og reflekterande diskusjonar, til søstera mi Guri for språkvask og oppmuntring og til resten av familien for hjelp og støtte. Eg vil også takke Kristoffer for reiseselskap, motivasjon, positivitet og uvurderleg hjelp gjennom heile prosessen.

Innholdsliste

1	Innleiing	2
1.1	Kvifor LHBT i Tyrkia?	3
1.2	Problemstilling	5
1.3	Omgrepet LHBT.....	6
1.3.1	LGBT på tyrkisk.....	7
2	Metode.....	11
2.1	Feltarbeid.....	11
2.1.1	LHBT-organisasjonane	11
2.1.2	Informantane	12
2.1.3	Intervjumetode.....	14
2.1.4	Etikk	15
2.2	Tekstmateriale	16
2.3	Språk.....	17
3	Bakgrunn	18
3.1	Kvar høyrer Tyrkia til?.....	18
3.2	LHBT i Tyrkia og landa rundt.....	19
3.3	Likekjønna sex i Det osmanske riket: Handling eller identitet?	22
4	Juridisk status og rettar for individ og organisasjonar	26
4.1	Milepæl 1: Opprettinga av Lambda og Kaos	27
4.1.1	LHBT-organisasjonane i perioden 2005-2014.....	28
4.1.2	Organisasjonane og Gezi-protestane	31
4.2	Milepæl 2: Pride-paraden	35
4.3	Milepæl 3: Kjønnskorrigerande operasjonar	35
	Finst det lover som omfattar LHBT?	38
4.3.1	Brot på menneskerettar basert på seksuell orientering og kjønnsidentitet	39
4.4	Case: Eit likekjønna ekteskap på Bosporos.....	40
4.5	Case: Eit liv i byen, eit på bygda.....	41
5	Det tyrkiske militæret og LHBT	42
5.1	Homofil, bifil eller trans i møte med militæret	42
5.1.1	«Alvorleg psykoseksuell sjukdom».....	43
5.1.2	Å prove for militæret at ein er homofil	44

5.1.3	Informantane mine og militæret	46
5.2	LHBT i militæret i Tyrkia samanlikna med andre land i Midtausten	46
6	Tyrkisk politikk og LHBT	48
6.1	AKP	49
6.1.1	AKP om LHBT	50
6.1.2	Kva for syn fremjer AKP?	51
6.1.3	LHBT-vennlege stemmer i AKP?	52
6.2	AK LGBT	53
6.3	LHBT i valkampane	55
6.3.1	Opposisjonen	55
6.3.2	Parlamentsvalet i juni 2011	56
6.3.3	Lokalvalet i mars 2014	56
6.3.4	Presidentvalet i august 2014	57
6.3.5	På bakrommet: Politikarar som «vil, men ikkje kan»	58
6.4	Erdoğan mot Levent: Presidenten til angrep på LHBT-rørsle?	58
7	LHBT i eit muslimsk land	60
7.1	Islam og homofili	60
7.2	AK LGBT om islam og homofili	62
7.2.1	«Fødd sånn» eller «vorte sånn»?	63
7.3	MEŞCİT	64
7.4	Muslim og LHBT: Ulike syn	66
8	Tyrkisk media om LHBT	68
8.1	Hatprat	68
8.2	Medierapportar 2010 – 2014	69
8.2.1	Mediedekking 2010	69
8.2.2	Mediedekking 2011 og 2012	70
8.2.3	Mediedekking 2013	70
8.2.4	Mediedekking 2014	72
8.3	Utviklinga i den LHBT-relaterte mediedekkinga	73
9	LHBT i framtida	75
9.1	Parlamentsval 7. juni 2015	75
9.2	Hatprat i valkampen	77
9.3	Utsikter for juridisk vern: Reform innanfrå?	78

9.4	Kaos om framtida	80
10	Konklusjon	82
	Litteraturliste	84

1 Innleiing

Mi fyrste oppleving av noko LHBT-relatert i Tyrkia, fekk eg i 2006 i Akbuk, ein liten feriestad på vestkysten av landet. Eg var på ein utandørs restaurant med livemusikk og svært lystig stemning. Songaren som opptredde gjekk kledd i kjole med glitter, hadde sminke og store puppar, og særleg når han nærma seg eit av restaurantborda og song flørtande til nokre av dei mannlege gjestane, fryda dei som såg på seg. Då eg snakka med folk etter førestillinga, verka det som at alle kjente til denne songaren, som eg tenkte på som ei transkvinne. Det syntes slett ikkje som om nokon hadde noko i mot transpersonar, og eg vart veldig overraska over at det var slik i Tyrkia, at eg kunne oppleve noko der som eg tenkte på som veldig liberalt.

Seinare har eg erfart at toleransen for ulike kjønnsuttrykk i Tyrkia ikkje er så høg som denne hendinga gav meg inntrykk av. Under eit praktikantopphald ved ambassaden i Ankara våren 2012 var ei av oppgåvene mine å fylje med på menneskerettar i landet. Eg las nyheiter om transpersonar som vart banka opp av politiet og lesbiske som vart angripe på open gate. Samstundes kom eg i kontakt med LHBT-rørsla i hovudstaden og oppdaga at dei var etablerte og aktive i offentlegheita der. Eg deltok i Pride-paraden som gjekk uforstyrta gjennom sentrum av byen.

Folk i Tyrkia har svært ulik grad av kunnskap om LHBT. Dette vert belyst mellom anna i den tyrkiske regissøren Can Candan sin film *Barnet mitt*,¹ der foreldra til LHBT-personar frå ulike stadar i landet forklarar korleis dei har takla å få vite at barna deira er lesbiske, homofile, bifile eller trans. Nokre fortel at dei godt visste kva det innebar og at dei straks uttrykte overfor ungene sine at dei framleis var like glade i dei og ville støtte dei. Andre syntes det var uforståeleg og skremmande, oftast fordi dei ikkje visste kva dette var for noko. Dei hadde mange spørsmål: Kva har skjedd? Er det vår feil? Går det an å gjere noko med det? Korleis kan vi hjelpe dei? Ei mor fortel at når ho har sett transpersonar tidlegare, har ho tenkt at noko må ha gått gale i oppveksten deira, men så fortalte plutselig hennar eigen son at han er trans, og det til trass for at ho pakka han inn i lyseblått teppe i det han vart fødd, og at ho har oppdratt han like «guttete» som den heterofile storebroren hans. Ho tenkte fyrst at han måtte vere schizofren eller psykotisk og tok han med både til sjukehuset og til ulike private psykiatrar i håp om å gjere han til ein gut igjen. Ho fekk beskjed om å akseptere at det ikkje

¹ Candan, Can (Regissør). *Benim coçuğum* [DVD]. Tyrkia: Surela Film, 2013.

kunne kurerast, at ho hadde ei dotter og ikkje ein son, og etter kvart forstod ho at foreldra til transpersonar ikkje har gjort noko feil likevel, og at borna deira ikkje er sjuke. Saman med dei andre foreldra i filmen har ho starta ei støttegruppe for foreldre til LHBT-personar.²

Men det er også foreldre i Tyrkia som tek livet av barna sine fordi dei får vite at dei er homofile eller lesbiske. I 2008 vart studenten Ahmet Yıldız (26) drepen, truleg av faren, fordi han var homofil.³ Yıldız hadde flytta frå eit konservativt område aust i Tyrkia til Istanbul. Der var han opent homofil og LHBT-aktivist, før han vart skoten på open gate. Det har vorte ei kjent sak, både fordi det vert kalla det fyrste offentleg kjente æresdrapet på ein homofil mann i Tyrkia, og fordi faren, som det er brei semje mellom LHBT-rørsla om at er skuldig, aldri har vorte funne og stilt til ansvar.⁴ Seinare har også andre saker om unge homofile som har vorte drepne av familien kome fram i offentlegheita.⁵ Mange ungdomar er redde for å fortelje foreldra eller andre i familien at dei er homofile.⁶

1.1 Kvifor LHBT i Tyrkia?

Døma over viser motsetningar ved situasjonen til LHBT-personar i Tyrkia i dag, og desse motsetningane er hovudårsaka til at eg har ønska å sette meg inn i LHBT-situasjonen i landet. Sett frå den eine sida verkar LHBT-rørsla i Tyrkia å vere i stor framgang. Den fyrste LHBT-organisasjonen i landet, Lambda İstanbul, vart stifta i 1993.⁷ Ti år seinare vart den fyste Pride-paraden, ein marsj som markerte krav om aksept og respekt for LHBT-personar og deira kultur, gjennomført med om lag 50 deltagarar.⁸ Paraden vart for alvor kjent i 2013. Dette året vart store protestar mot den tyrkiske regjeringa utløyst av at myndigheitene ville bygge eit kjøpesenter og ein moské i Gezi-parken sentralt i Istanbul. Mange av demonstrantane i Gezi slutta seg til Pride-paraden, og det er semje om at LHBT-organisasjonane spelte ei viktig rolle i det som vert kalla for Gezi-protestane. Året etter, i 2014, antek ein at omlag 100 000

² Foreldreorganisasjonen heiter *Listag*. Meir om organisasjonen seinare i oppgåva.

³ Bianet. «Ahmet Yıldız'ın babası hala kayıp.» 17.07.2012. Tilgjengeleg frå: <http://www.bianet.org/bianet/ayrimcilik/140905-ahmet-yildiz-in-babasi-hala-kayip>

⁴ Ibid.

⁵ Şahin, Burak. «Avukat Söyle: R.Ç.'nin babası ve amcaları hak ettikleri cezaya çarptırıldı.» *Diken*. 10.02.2014. <http://www.diken.com.tr/r-c-nin-babasi-ve-amcaları-hak-ettikleri-cezayi-aldi/>

⁶ Dönmez, Raim Özgür & Pnar Enneli: *Societal Peace and Ideal Citizenship for Turkey*. Lanham, MD: Lexington Books. 2011, s. 140

⁷ Ibid.

⁸ Lambda İstanbul. «Ôzetle; Lambda İstanbul ne yaptı?» <http://www.lambdaistanbul.org/s/hakkında/ozetle-lambdaistanbul-ne-yapti/>

menneske deltok i Pride-paraden i Istanbul,⁹ og i tillegg var det parader både i Ankara, Antalya og Izmir. Samanlikna med til dømes dei arabiske landa i Midtausten er Tyrkia liberalt og unikt på den måten at det kan finne stad paradar med fleire ti tusenar menneske utan at myndigheitene grip inn,¹⁰ og organisasjonane kan arbeide opent. Det er ei aktiv LHBT-rørsle i mange av dei store byane, og LHBT-organisasjonar kan arbeide ope og lovleg.

Samstundes, sett frå den andre sida, er det tyrkiske samfunnet på mange områder svært lite tolerant for homofili og transseksualisme. Undersøkingar tydar på at berre omkring ti prosent av befolkninga meiner at homofili bør akseptast.¹¹ Transpersonar vert utsette for vald, og kvart år mistar lesbiske, homofile og transpersonar livet på grunn av si seksuelle orientering eller kjønnsidentiteten sin. I løpet av 2013 vart det meldt om 12 drap på LHBT-personar.¹² Homofile vert ekskludert frå militæret fordi dei vert rekna som psykisk sjuke, og homofobi og transfobi er utbreidd i utdanningsinstitusjonar, på arbeidsplassar og i politiet.¹³ LHBT-personar som jobbar i offentlege instansar kan miste jobben dersom den seksuelle orienteringa deira vert kjent. Elevar og studentar vert utsette for diskriminering på skular, gymnas og universitet, og i verste fall pressa til å slutte. Nettsider som rettar seg mot LHBT-personar, som møteplassar for homofile eller lesbiske, vert sperra.¹⁴

Det er ikkje forbode å vere homofil i Tyrkia, og det har det ikkje vore sidan homofili vart utelatt frå den osmanske straffelova i 1858.¹⁵ Til samanlikning vart homofili avkriminalisert i Noreg i 1972.¹⁶ Men etter 1858 har det heller ikkje kome nokon juridiske rettar for LHBT-personar i Tyrkia, så sjølv om homofili ikkje er ulovleg, eksisterer det ikkje noko lovverk som beskyttar LHBT-personar som minoritet. EU kritiserer det som ser ut til å vere diskriminering av LHBT-personar i rettssystemet, der tiltalte ofte får mildare straff når det kjem fram at det er ein LHBT-person dei har utført ei kriminell handling mot. Til dømes kan nokon som har

⁹ Pare, Yosun. «100 000 kisi! Dile kolay.» *Popkedi*, 02.07.2014. <http://www.popkedi.com/yosun-pare/100000-kisi-dile-kolay>

¹⁰ European Commission. Turkey Progress Report 2013.

¹¹ Pew Research Centre. «The Global Divide on Homosexuality.» 05.06.2013. <http://www.pewglobal.org/2013/06/04/the-global-divide-on-homosexuality/>

¹² Kaos GL, LGBTI News Turkey & IGLHRC, New York. «Human Rights Violations of LGBT Individuals in Turkey. Submission to the United Nations Universal Periodic Review» Januar – Februar 2015, s. 3

¹³ European Commission. Turkey Progress Report 2014.

¹⁴ European Commission. Turkey Progress Report 2013.

¹⁵ Rodgers, Lucy, Pablo Gutierrez Martin, Martyn Rees & Steven Connor. «Where is it illegal to be gay?» *BBC News*. 10.02.2014. <http://www.bbc.com/news/world-25927595>

¹⁶ Itaborahy, Lucas Paoli & Jingshu Zhu. «State-Sponsored Homophobia. A world survey of laws: Criminalisation, protection and recognition of same-sex love.» *ILGA – International Lesbian Gay Bisexual Trans and Intersex Association*. Mai 2013. http://old.ilga.org/Statehomophobia/ILGA_State_Sponsored_Homophobia_2013.pdf

utøvd vald mot eit homofilt par eller mot ein transperson få mildare straff, grunngjeve med at dei har reagert på ein provokasjon.¹⁷ Vidare inneheld den tyrkiske straffelova forbod mot brot på generell moral og tyrkisk familiestruktur, noko som vert brukt mot LHBT-personar.¹⁸

Eg har gitt oppgåva tittelen «Vi finst!» etter eit av slagorda til LHBT-organisasjonen Kaos GL i Ankara. Sidan eg byrja å arbeide med temaet LHBT-rørsla i Tyrkia er den reaksjonen eg har fått hyppigast; finst den? I Tyrkia finst ei stor LHBT-rørsle, samstundes som det finst svært sterk motstand mot LHBT. For å kunne gjere gode og riktige analyser av Tyrkia er ny og oppdatert informasjon ein føresetnad. Med kompetanse både i tyrkisk språk og samfunn vil eg forsøke å bidra til å gjere informasjon om LHBT i Tyrkia tilgjengeleg for studentar, forskarar, journalistar, norske myndigheiter, menneskerettsorganisasjonar og andre interesserte.

Det finst ikkje noko forskning i Noreg som tek føre seg temaet LHBT i Tyrkia. Eit av måla mine med oppgåva er difor at den skal kunne tene som grunnforskning og som potensielt utgangspunkt for vidare forskning. Eg har difor valt å fremje eit bredt spekter av tema som er særleg sentrale i den tyrkiske LHBT-diskursen. LHBT i Tyrkia har stort potensiale til å verte forska på vidare, og kvart kapittel kunne vore eit eige forskingstema. Oppgåva er ikkje uttømmende, men eg har funne interessante tendensar. Og resultatata må betraktast slik – som tendensar heller enn absolutte sanningar.

1.2 Problemstilling

Hovudspørsmålet i denne oppgåva er:

Korleis er situasjonen for LHBT-befolkninga i Tyrkia i dag?

Med *situasjon* meiner eg det som er felles for innbyggjarane, slik som lovverk, politikk og media. Visse aspekt av livssituasjon og føresetnader er sjølvstøtt individuelle, og oppgåva fokuserer på dei generelle aspekta. Eg undersøker eitt tema i kvart kapittel etter dei innleiande kapitla med metode og bakgrunn. I kapittel 4 undersøker eg kva juridisk status og rettar som finst for individ og organisasjonar, og korleis kampen for å nå desse har vore gjennom dei

¹⁷ Öz, Yasemin & International Gay and Lesbian Human Rights Commission. «LGBT Rights in Turkey», s. 3 <https://iglhrc.org/sites/default/files/554-1.pdf>

¹⁸ *Anayasa* [Den tyrkiske grunnlova]. §33. https://www.tbmm.gov.tr/anayasa/anayasa_2011.pdf

siste åra. Kapittel 5 utdjupar korleis militæret stiller seg til homofile, og kva definisjonar dei nyttar i den militære lovgjevinga som ikkje vert nytta i den sivile lovgjevinga, og som er grunnlag for ekskludering. I kapittel 6 undersøker eg korleis det regjerande partiet AKP stiller seg til homofili og til LHBT-rørsla, og kor vidt LHBT-rettar er noko dei har eller kan kome til å få på agendaen. Kapittel 7 tek føre seg kva for ulike syn informantane frå dei ulike organisasjonane har på religion og på det å leve som LHBT i eit muslimsk land. I kapittel 8 undersøker eg korleis media omtalar LHBT, og korleis dette har forandra seg gjennom dei siste åra. Kapittel 9 er basert på funna frå dei tidlegare kapitla, og peiker på faktorar som kan fortelje noko om kva retning situasjonen ser ut til å bevege seg i.

Underspørsmåla i oppgåva er:

- Kapittel 4: Korleis er den juridiske statusen for LHBT-befolkninga i Tyrkia? Korleis vurderer LHBT-organisasjonane effektane av Gezi-protestane for deira vidare arbeid?
- Kapittel 5: Korleis er det å vere homofil i møte med militæret?
- Kapittel 6: Var LHBT eit tema i valkampane i 2011 og 2014? Og korleis vart LHBT-organisasjonar som arbeider med lobbyverksemd tekne i mot av dei ulike partia i høve vala?
- Kapittel 7: Er unge homofile i Tyrkia religiøse? Korleis tolkar dei i så høve religionen?
- Kapittel 8: Korleis har mediedekninga av LHBT-relaterte saker vore gjennom dei siste åra? Er det auke eller nedgang i det som kan reknast som positiv og det som kan reknast som negativ omtale av LHBT-personar i media?
- Kapittel 9: Korleis ser det ut til å gå vidare med LHBT-rørsla sin kamp for rettar?

1.3 Omgrepet LHBT

LHBT står for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar, og er eit samleomgrep for seksuelle minoritetar og kjønnsminoritetar. *LHB* er knytt til seksuell orientering, medan *T* er knytt til

kjønnsidentitet.¹⁹ På tyrkisk er samleomgrepet *LGBT*. Enkelte gongar kan ein både på norsk og tyrkisk sjå forkortinga utvida med ein *Q* for *queer*, eller *I* for *intersex*. *Queer* er det engelske ordet for *skeiv*, og nyttast også på tyrkisk. *Queer* og *skeiv* brukast som ein samlebetegnelse for og av dei som ikkje ynskjer å verte plassert i ein bestemt identitetskategori basert på kva for kjønn eller seksuell orientering dei har.²⁰ *Intersex* tyder at ein har uklåre kjønnskarakteristika.²¹ *LHBTQ*, *LHBTI* og *LHBTQI* er ikkje like etablerte omgrep som *LHBT*. *LHBT* vil verte nytta konsekvent om seksuelle minoritetar og kjønnsminoritetar i oppgåva, og ekskluderer ikkje dei som er intersex eller dei som definerer seg som queer.

Personar med ein annan kjønnsidentitet eller -uttrykk enn det deira anatomiske kjønn motsvarer, vil eg kalle for *transkvinner*, *transmenn* og *transpersonar* eller *trans*. Ei *transkvinne* er ein person som er fødd som mann, men som har kvinneleg kjønnsidentitet, og ein *transmann* er ein person som er fødd som kvinne, men som har mannleg kjønnsidentitet. Dei kan ha gjennomgått kjønnsbekreftande behandling, eller ikkje. *Transperson* og *trans* er samleomgrep for både transmenn og transkvinner.²²

Ein *transvestitt* er ein person som av og til ynskjer å opptre som eit anna kjønn enn sitt anatomiske gjennom å kle seg slik heilt eller delvis. Transvestittar kan vere heterofile, lesbiske, homofile eller bifile. Enkelte kler seg slik fordi det er ein kjønnsidentitet dei vil uttrykke, andre vil berre ha fridomen til å kle seg som dei vil. Ordet vert ofte forbunde med menn som kler seg som kvinner, men omfattar også kvinner som kler seg som menn. Kvinner som kler seg som menn brukar oftare omgrepet *drag king* eller *transperson* om seg sjølv.²³ I *LHBT* inngår transvestittar i omgrepet *trans*. I tyrkisk vert ordet *travesti* nytta. Ordet *travesti* har fått ei litt anna tyding enn ordet *transvestitt* på norsk. Dette vil verte utdjupa nedanfor.

1.3.1 LGBT på tyrkisk

Den tyrkiske forkortinga *LGBT* står for *lezbiyen*, *gey*, *biseksüel* og *transgender*. *Lezbiyen* tyder lesbisk, *gey* tyder mannleg homofil og *biseksüel* bifil. *Transgender* er i likskap med det norske *trans* eit paraplyomgrep for personar med identitet eller utsjånad som uttrykk eit anna

¹⁹ Barne-, Ungdoms- og Familiedirektoratet. «LHBT-ordlista». http://www.bufdir.no/Lhbt/LHBT_ordlista/

²⁰ Ibid.

²¹ Ibid.

²² Ibid.

²³ Ibid.

kjønn enn deira anatomiske kjønn. *Transgender* omfattar også både transpersonar og transvestittar.

Alle orda ovanfor er frå engelsk. Men det finst også opphavleg tyrkiske ord som er vanlege å bruke, som til dømes ordet *eşcinsel*, som har tydinga homofil. *Eşcinsel* er eit ord samansett av *eş-* som tyder «lik» og *cinsel* som tyder «seksualitet», og ordet er kjønnsnøytralt, og tyder såleis både homofile menn og kvinner.²⁴ I daglegtale nyttast det mest om menn, slik som ordet *homofil* i norsk daglegtale oftast vert nytta for å omtale homofile menn, men også er kjønnsnøytralt og like fullt kan nyttast om kvinner.²⁵

Det finst mange fleire ord for å omtale homofile. Alle orda ovanfor er nøytrale ord som dei tyrkiske LHBT-organisasjonane sjølve brukar når dei skal omtale LHBT. Det finst i tillegg slang-ord som LHBT sjølve nyttar, og som utanforståande kanskje ikkje kan forstå. Bruken av ein eigen sjargong er så utbreidd at det vert kalla eit eige språk med eit eige namn; *Lubunca*. *Lubunca* er dei homofile og transpersonane sitt interne språk. Mange av orda er vanlege tyrkiske ord som har fått ny tyding. Til dømes tyder *badem şekei* ”mandelgodteri”, men vert nytta om ein person som er vakker. «Mandel» representerer auget, og uttrykket liknar det engelske «eye candy». Andre ord i *Lubunca* er ord frå andre språk, som romani, gresk og kurdisk.²⁶ I tillegg finst det mange skjellsord for å omtale LHBT som utanforståande som ynskjer å omtale eller tiltale LHBT-personar på ein nedverdige måte, nyttar. Eit døme på dette er *sapık*, som tyder «pervers». Andre ord er ikkje like lett å kategorisere som anten nøytrale eller negative, eller har fleire tydingar eller konnotasjonar. Eg vil vidare gi dømer på to slike ord.

Gey

I medierapportar LHBT-organisasjonen Kaos²⁷ har publisert, la eg merke til at ordet *gey* også vart skrive *gay*, og at dette ofte var når teksten elles hadde ei nedlatande haldning til LHBT og formidla noko negativt. Ordet *gey* vart oftare nytta i artiklar som tok opp LHBT-problematikk på ein objektiv måte, eller som var skrive for å fremje rettar for LHBT-personar. *Gey* syntes å vere nøytralt, medan *gay* syntest å vere nytta som eit skjellsord. I LHBT-ordlister Kaos har

²⁴ Kaos GL, *Heteronormatif olmayan bir sosyal hizmet için*. Ankara: Ayrıntı Basımevi, 2012.

²⁵ Store medisinske leksikon. «Homofili.» 13.01.2014. <https://sml.snl.no/homofili>

²⁶ Mortada, Dalia. «The secret language of Turkey's LGBT community.» 14.01.2015.

<http://www.pri.org/stories/2015-01-14/world-full-secret-languages-one-used-turkeys-lgbt-community>

²⁷ Ein av organisasjonane eg har hatt kontakt med, og som eg kjem tilbake til i neste kapittel.

gitt ut, fann eg berre ordet *gey* forklart.²⁸ Ein av informantane mine, Deniz frå den same organisasjonen, forklarte det slik:

Gay değil, *gey* diye kullanıyoruz (...). Ama herkes aynı şekilde telaffuz ediyor. Ama anlamları farklı. Eskiden *gay* eşcinselleri kötülemek için kullanılmış. Sonra eşcinselleri *geyi* kullanmaya başlamış. (...) Zamanla *gey* daha çok kullanılmaya başlanmış.²⁹

[Vi brukar ikkje *gay*, men *gey*. (...) Men alle uttalar det på same måte. Men tydinga er ulik. Før vart *gay* brukt for å snakke stygt om homofile. Seinare byrja homofile sjølv å bruke *gey*. (...) Og etter kvart vart *gey* vanlegare å bruke.]

- Deniz, KAOS GL

Eit ord som i utgangspunktet er det same, har altså fått to ulike skrivemåtar som har ulike konnotasjonar som viser historia til ordet; kven og korleis det har vorte brukt vert spegla att i ortografien. Ordet har fyrst vore brukt for å skrive nedlatande om homofile, før homofile sjølv har tatt i bruk ordet om seg sjølv, og ordet har vorte nøytralt. Dette speglast berre att skriftleg, ettersom ordet har lik uttale. I ordlista til Kaos står det at *gey* fekk ny rettskrivingsmåte i 1999.³⁰

Travesti

I ordlista til Kaos³¹ står *travesti* forklart som nokon som ynskjer å sjå ut som og te seg som det motsette kjønn, menn som ynskjer å kle seg som kvinner, og kvinner som ynskjer å kle seg som menn.

Men bruken av ordet *travesti* i media og elles i samfunnet synast ikkje alltid å samsvare med definisjonen i LHBT-ordlista til Kaos. I tillegg til å vere eit ord for dei som kler seg og ter seg avvikande frå det som er venta av deira anatomiske kjønn, ser det i enkelte tilfelle ut til å verte brukt i tydinga «sexarbeidar». Dette kjem fram mellom anna frå artikkelar der det er tydeleg at *travesti* tyder eit yrke. Døme på dette finn vi i ein artikkel frå (den høgoreorienterte, islamsk fundamentalistiske) avisa *Yeni Akit*. Under overskrifta «*Şimdi belki travestiydim!*» [Kanskje kunne eg vore transvestitt no] står songaren Doğuş fram og fortel om sin vanskelege oppvekst. Han fortel at han jobba som både skopussar og *simit*selgjar³² før han vart rik. Det

²⁸ Kaos GL. Heteronormatif olmayan bir sosyal hizmet için, s. 22

²⁹ Personleg kommunikasjon med Deniz (Kaos). Facebook, 22.10.2014.

³⁰ Ibid.

³¹ Kaos GL. «Sözlük.» <http://www.kaosglidernegi.org/belge.php?id=sozluk>

³² Tyrkisk brød som minner om bagel, men som er større, hardare og dekt av sesamfrø.

var vanskelege tider, men han valte likevel å jobbe hardt og målretta mot det å verte artist. Vidare seier han ifølgje Yeni Akit at «*kolay olanı seçseydim şimdi belki travestiydim*». Dersom eg hadde valt den enkle vegen, hadde eg kanskje vore transvestitt no.³³

Det å «verte transvestitt» tyder her å prostituere seg. Dette er ikkje vidare forklart, men det er tydeleg at det dreier seg om ein måte å tene pengar på. Mange transvestittar og transpersonar vert tvinga ut i prostitusjon fordi dei har problem med å få jobb og plass å bu.³⁴ Slik hamnar dei utanfor samfunnet, og dette er nok det mange vil forbinde med ordet *travesti* i Tyrkia. Men ordet tyder eigentleg berre at nokon ynskjer å kle seg som det motsette av sitt anatomiske kjønn. Den andre tydinga speglar att konsekvensane av motstanden mot at dei skal kunne gjere det.

³³ Kaos GL. *2013 Medya Raporu*. Ankara: Kaos GL, 05.05.2013, s. 18

³⁴ Kaos GL. «Korkarım, bana bile 'transfobik' denebilir» 04.10.2009. <http://www.kaosgl.com/sayfa.php?id=3502>

2 Metode

For å svare på problemstillinga mi har eg valt å nytte ein kombinasjon av feltarbeid med intervju og analyser av skriftleg materiale. Ein kombinasjon av metodar gir eit heilskapleg bilete av LHBT i Tyrkia, som er eit av måla med avhandlinga. Eg ynskja informasjon om LHBT-personar si eiga erfaring og sine synspunkt, og gjorde difor intervju med representantar for LHBT-organisasjonar. Dei jobbar dagleg med å fremje rettar for den tyrkiske LHBT-befolkninga, og har vore gode kjelder til oppdatert informasjon. I tillegg til informasjon om korleis LHBT-rørsla opplever situasjonen, ynskja eg å forstå kvifor det er som det er. Ved hjelp av skriftleg materiale, som rapportar, artiklar og undersøkingar, har eg skaffa meg oversikt over den juridiske situasjonen, dekkinga av LHBT i media og dei andre temaa i avhandlinga.

2.1 Feltarbeid

I april 2014 reiste eg til Tyrkia for å gjennomføre intervju og samle inn materiale. Der intervjuar eg representantar for fleire av LHBT-organisasjonane i Istanbul og Ankara, i tillegg til at eg hadde eit møte med tilsette ved Den norske ambassaden. Intervjuar med LHBT-organisasjonane gav meg tilgang til fyrstehandskunnskap om temaet, og møtet med ambassaden gav innsikt i deira vurdering av tyrkiske politikarar sine haldningar overfor LHBT-rørsla og utsiktene for juridisk vern for LHBT-personar.

2.1.1 LHBT-organisasjonane

Eg møtte representantar for dei to største LHBT-organisasjonane i Tyrkia, *Lambda İstanbul*, som held til i Istanbul, og *Kaos GL*, som held til i Ankara. Dette var dei fyrste etablerte LHBT-organisasjonane i Tyrkia, og har vore to av dei mest sentrale LHBT-organisasjonane sidan. Dei skil seg frå kvarandre ved at Lambda hovudsakleg er ein kulturell organisasjon, medan Kaos driv med lobbyverksemd. Eg hadde også møte med ein representant for *Listag*,³⁵ organisasjonen for familie og venner av LHBT-personar.

³⁵ Forkorting for *Lambda İstanbul Aile Grubu* [Lambda Istanbul familiegruppe].

Lambda İstanbul vart oppretta i 1993, og er den største LHBT-organisasjonen i Tyrkia.³⁶ *Lambda İstanbul* vert oftast berre kalla for *Lambda*. Organisasjonen driv ikkje med lobbyverksemd eller anna arbeid retta mot politikarar. Dei gjorde dette tidlegare, men no er det andre organisasjonar som arbeider med lobbyverksemd. Lambda har kulturtilbod som filmvisningar, foredrag, debattar, festar, konsertar og liknande. Dei organiserer også den årlege Pride-paraden i Istanbul. Målet til Lambda er å vere eit kulturelt sentrum og ein møtestad for LHBT-personar.³⁷

Kaos GL vart oppretta i Ankara i 1994.³⁸ *Kaos GL* vert ofte berre kalla for *Kaos*, og er ein stor organisasjon med 12 fulltidstilsette og mange frivillige. Dei får økonomisk støtte mellom anna frå mange av ambassadane i Ankara, blant dei den norske. Dei produserer store mengder materiale, og følgjer det som skjer på LHBT-fronten i Tyrkia tett. Dei gir ut årlege rapportar om vald mot LHBT-befolkninga, og månadlege medie-rapportar, der dei analyserer det som vert skrive i media med LHBT-relatert innhald. Sidan Kaos held til i hovudstaden, der parlamentet ligg og politikarane held til, kan dei drive aktivt med lobbyverksemd på nasjonalt nivå. Dei yter også juridisk hjelp til LHBT-personar, og organiserer i tillegg kulturelle og sosiale hendingar og er ein møtestad for heile LHBT-befolkninga i Ankara.

Listag er ein organisasjon for familie og venner av LHBT-personar, og er organisasjonen den tidlegare nemnte filmen *Mitt barn* handlar om. Listag vart oppretta i 2008 og held til i Istanbul. Mange av medlemane er foreldre til LHBT-personar. Dei har mellom anna ein støttetelefon for andre foreldre som har spørsmål om LHBT, eller som vil ha hjelp til korleis dei kan handtere at barna deira er homofile, lesbiske, bifile eller transpersonar. Dei har møter kvar veke og månadlege middagar for foreldre og anna familie som vil treffe andre i same situasjon. Dei arrangerer informasjonsmøter og seminar, og har mellom anna arrangert seminar leia av psykiatrar. Dei har også vore i parlamentet, på tv, i aviser og på radio, samt delteke i Pride-paradane og i diskusjonspanel.

2.1.2 Informantane

³⁶ Lambda İstanbul. «Özetle Lambda İstanbul ne yaptı?» <http://www.lambdaistanbul.org/s/hakkinda/ozetle-lambdaistanbul-ne-yapti/>

³⁷ Personleg kommunikasjon med Fırat (Lambda). Istanbul, 08.04.2014.

³⁸ Kaos GL Derneği. «Tarihçe.» <http://www.kaosgldernegi.org/belge.php?id=tarihce>

Firat frå Lambda er utdanna advokat, og har jobba i organisasjonen sidan 2003. Dei fyrste fire åra jobba han som frivillig. Etter avslutta utdanning vart han tilsett som advokat i organisasjonen. Han er ein aktiv samfunnsdebattant og forsvarer, og kjempar mot diskriminering av, LHBT-personar i rettsvesenet.

Seçin og Deniz frå Kaos GL er fulltidstilsette i organisasjonen. Seçin har vore med i Kaos sidan 2001, og Deniz sidan 2004. Deniz fullfører samstundes studiar i sosialt arbeid. Gjennom Kaos vart eg satt i kontakt med ei anna jente som også heiter **Deniz** og som jobba i organisasjonen tidlegare. Ho bur i Noreg i høve at ho tek doktorgrad i Trondheim, og eg har intervjuar ho over Skype og e-post.

Metehan er med i organisasjonen Listag. Han held på med doktorgrad i sosiologi. Han er sjølv homofil, og mora hans er også medlem av Listag. Han var tidlegare medlem av Lambda, men då Listag skilte seg ut frå Lambda og blei ein sjølvstendig organisasjon, vart han med over. Han er med i filmen *Mitt Barn*. Etter lanseringa av filmen har han reist mykje rundt saman med regissøren Can Candan og foreldra frå filmen for å halde foredrag og delta i debattar både i Tyrkia og i andre land.

Under møtet med **Ambassaden i Ankara** var fleire av dei tilsette til stades. Dei som deltok på møtet var ambassadør **Janis Bjørn Kanavin**, visumattaché **Tore Heen Ottesen**, militærattaché **Roy Grøttheim**, immigrasjonsattaché **Vivien Wrede Holm** og praktikant **Trude Nytnun**. Dei ulike stillingane til møtedeltakarane viser mangfaldet av områder der LHBT-spørsmål er relevant i arbeidet ved ambassaden. Visumavdelinga får besøk av og får søknader frå homofile som flyktar frå faren for vald og forfølgning anten i Tyrkia eller i nabolanda. Attachéen for immigrasjon arbeider mellom anna med utfordringar minoritetar kan stå overfor både i Tyrkia og i Noreg. Militærattachéen møter utfordringar knytt til LHBT mellom anna i samarbeidet med andre NATO-land, der dei jobbar mot diskriminering mot LHBT-personell i medlemslanda. LHBT-rettar er dessutan eit prioriteringsområde i norsk utanrikspolitikk, og vert difor fylgt nøye av dei som arbeider med politikk, på dette møtet representert ved ambassadøren og praktikanten.

I tillegg har eg hatt kontakt over internett med **Nurullah**,³⁹ ein av grunnleggarane til LHBT-gruppa **AK LGBT**. **AK LGBT** er ei gruppe som vart oppretta etter det tyrkiske lokalvalet i mars 2014. Dei har teke namnet sitt frå regjeringspartiet AKP, og som namnet tilseier er

³⁹ Nurullah nyttar ulike namn. I enkelte av artiklane eg har referert til heiter han Emrullah, som synast å vere hans tidlegare namn. I ein artikkel heiter han også Melih, som er mellomnamnet hans.

medlemene av AK LGBT veljarar av partiet. Dei er ikkje ein offisiell organisasjon, men kallar seg for ei LHBT-gruppe. Dei har ikkje noko offisiell tilknytning til AKP. Det kjem fram frå aktiviteten deira på Facebook,⁴⁰ som er den einaste heimesida deira, at dei arrangerer sosiale aktivitetar for medlemmer. Dei vart offentleg kjent då dei stilte med LHBT-flagg på eit stort partimøte i AKP, der dåverande statsminister Recep Tayyip Erdoğan⁴¹ heldt tale i høve valkampen før presidentvalet i 2014. AK LGBT er den einaste av LHBT-organisasjonane og –gruppene eg har studert som har ei uttalt politisk tilhøyrsl.

2.1.3 Intervjumetode

Intervjua med **Firat frå Lambda** og **Seçin og Deniz frå Kaos** var halv-strukturerte livsverdintervju. Eit *halv-strukturert livsverdintervju* er eit planlagt og fleksibelt intervju som har som mål å innhente skildringar av livsverda til den som vert intervjuet.⁴² Livsverda til ein person er verda slik dei møter den i kvardagslivet sitt, deira direkte oppleving av den.⁴³ Sidan målet mitt var å finne ut korleis dei opplever å leve som LHBT, var dette ein nyttig intervjumetode. Eg hadde 15-20 spørsmål som fungerte som min intervjuguide. Eg starta med nokre opne spørsmål om deira oppleving av å vere LHBT i Tyrkia i dag. Dei vidare spørsmåla var meir spesifikke og gjekk direkte på temaa i kapitla mine. I eit halv-strukturert intervju er det opent for å endre på rekkefølga og på spørsmåla undervegs, noko som skil denne typen intervju frå eit *strukturert intervju*, der alle spørsmåla og rekkefølga er bestemt på førehand. I eit halv-strukturert intervju kan ein heller følgje opp svara og historiene den som vert intervjuet fortel dersom ein finn det nyttig.⁴⁴ Både under intervjuet med Seçin og Deniz frå Kaos og Firat frå Lambda nytta eg opptakar.

Møtet med **Metehan frå Listag** var ein samtale; ei munnleg utveksling av observasjonar, idear og synspunkt.⁴⁵ Eg hadde ikkje nokon intervjuguide under dette møtet, og vi prata berre fritt. Årsaka til at eg valte dette under møtet med Metehan, var at omstendet for møtet var svært uformelt. Vi satt ute på ein bar om kvelden og prata. Dette gjorde det lite naturleg å nytte intervjuguide og opptakar. Baren vi var på var ein bar for lesbiske, homofile, bifile og

⁴⁰ AK LGBT ei side på Facebook heiter «Ak Parti LGBT Bireyleri». Tilgjengeleg frå: <https://www.facebook.com/pages/Ak-Parti-LGBT-Bireyleri/156339517906408?fref=ts> (Krev innlogging på Facebook)

⁴¹ Erdoğan vann presidentvalet og blei Tyrkia sin fyrste direktevalte president.

⁴² Kvale, Steinar & Svend Brinkmann. *Interviews*. Thousand Oaks, CA: SAGE publications. 2009, s. 323

⁴³ *Ibid.*: s. 325

⁴⁴ *Ibid.*

⁴⁵ *Ibid.*: s. 323

transpersonar. Utover kvelden kom ulike folk og satt seg saman med oss for å fortelje sine personlege historier. Eg tok notatar både under samtalen og frå historiene som vart fortalte. Møtet med dei tilsette ved **ambassaden** tok også form som ein samtale, og eg tok notatar.

Det fyrste skype-møtet med **Deniz** som jobba i Kaos tidlegare var eit strukturert intervju. Eg sendte henne spørsmål på e-post på førehand. Seinare hadde vi nokre samtalar der vi diskuterte det vi hadde snakka om vidare. Med **Nurullah frå AK LGBT** hadde eg samtalar gjennom Facebook.

2.1.4 Etikk

Å skrive om LHBT i Tyrkia og å nytte menneske som kjelder i oppgåva fører med seg etiske spørsmål, då temaet er sensitivt for mange.

Proessen med å få tak i informantar gjekk likevel greiare enn venta. Eg venta at til dømes spørsmåla anonymisering og opptak måtte avklarast på førehand for å få informantar til å stille opp. Men slik var det ikkje. Det var nok å seie at eg var student frå Noreg, og organisasjonane Lambda og Kaos gav meg straks kontaktinformasjon til informantar eg kunne avtale møtetidspunkt med. Dei stilte ingen spørsmål om kor vidt oppgåva ville verte offentleggjort og uttrykte ikkje noko ynskje om anonymisering. Eg informerte likevel om kva eg ville bruke intervjuet til, og at det var mogleg å vere anonym dersom dei ynskja det. Dette informerte eg om igjen då vi møttes, men ingen av informantane frå Lambda, Kaos eller Listag ville det. Tvert om var både Firat frå Lambda og Seçin og Deniz frå Kaos svært klare på at det *ikkje* var naudsynt. Dei er aktivistar og aktive debattantar som ofte stiller opp i media med fullt namn og bilete, og det virka som at det var viktig for dei å kunne stå fram og snakke opent om arbeidet dei gjer. Metehan frå Listag og Deniz i Trondheim ynskja heller ikkje å verte anonymiserte.

Eg har likevel berre nytta fornamnet til dei tyrkiske informantane. Det er vanleg i tyrkisk å nytte berre fornamn både når ein skriv til nokon, også i formelle høve, og når ein presenterer seg. Difor nyttar eg berre fornamnet til dei tyrkiske informantane, men både fornamnet og etternamnet til dei norske.

I oppgåva har eg gitt att nokre av historiene eg fekk fortalt frå andre LHBT-personar då eg var saman med Metehan i Istanbul. Desse historiene var personlege og sensitive. Til dømes fortalte nokon at dei ikkje er opent homofile for familiarne sine der dei kjem frå. Dei visste at

eg skreiv masteroppgåve om temaet, og eg fekk løyve til å skrive om historiene deira, men dei er anonymiserte i oppgåva ved at eg har gitt dei nye namn.

2.2 Tekstmateriale

I tillegg til intervju har eg nytta skriftleg analysemateriale. Eg har mellom anna nytta brosjyrar og bøker frå LHBT-organisasjonane. Særleg Kaos produserer mykje skriftleg materiale. Dei har gitt ut mange bøker, gir ut eit månadleg magasin som heiter *Kaos GL Dergisi*,⁴⁶ månadlege menneskeretts- og medierapportar og informasjonsbrosjyrar. Desse utgivingane gir ei god oversikt over kva dei fokuserer på, både som positiv framgang og som utfordringar. Til dømes viser informasjonsbrosjyrane kva dei ser behov for å formidle kunnskap om. Mellom anna er det brosjyrar med informasjon om kva for termar ein skal nytte når ein snakkar om LHBT, informasjon til lærarar og andre i skulen om LHBT, og rettleiing til homofile ungdomar som er kalla inn til militærtjeneste. Ved hjelp av medierapportane Kaos har gitt ut har eg skaffa meg oversikt over dekkinga av LHBT-relaterte saker i undersøkingsperioden. Slik har eg prøvd å finne ut om det er auke eller nedgang i positiv og negativ omtale av LHBT-personar og LHBT-saker i media. Nettsidene til organisasjonane har vore nyttige for å få tilgang til dette materialet.⁴⁷

Eg har også hatt god nytte av Facebook-sida til AK LGBT.⁴⁸ Gruppa har ikkje noko heimeside utover den, men oppdaterer Facebook-sida si fleire gongar dagleg.

Vidare har eg nytta rapportar frå menneskerettsorganisasjonar, ulike forskingsinstitutt og EU. Ulike forskingsinstitutt har også gjort undersøkingar og statistikkar over haldningar til LHBT i Tyrkia og Midtausten som eg har nytta. I tillegg har eg nytta både tyrkisk og internasjonal media som kjelder og analysemateriale.

⁴⁶ Kaos GL. «Kaos GL Dergisi.» <http://www.kaosgldergi.com/anasayfa.php>

⁴⁷ Heimesidene til organisasjonane er tilgjengeleg frå:

Kaos GL: <http://www.kaosgl.com>

Lambda Istanbul: <http://www.lambdaistanbul.org/>

Listag: <http://listag.wordpress.com>

⁴⁸ AK LGBT: <https://www.facebook.com/pages/Ak-Parti-LGBT-Bireyleri/156339517906408?fref=ts> (Krev innlogging på Facebook)

2.3 Språk

Språket har vore viktig i forskingsprosessen, særleg som nøkkel til kontakt med den tyrkiske LHBT-rørsla, men også for tilgang til tyrkiske kjelder. Mykje av kunnskapen eg har fått gjennom arbeidet med oppgåva ville vore utilgjengeleg utan kjennskap til tyrkisk språk.

All kommunikasjonen med organisasjonane før feltarbeidet føregjekk på tyrkisk. Eg visste difor ikkje om informantane eg skulle møte kunne engelsk. Representantane frå Lambda og Kaos kunne ikkje engelsk, så intervjuet med dei gjorde eg på tyrkisk. Då var det nyttig å ha opptakar, då eg kunne slå opp orda seinare dersom det var noko eg ikkje var sikker på kva tyda, i staden for å måtte avbryte undervegs for å spørje om eller slå opp ord. Slik kunne eg også omsetje intervjuet nøyaktig etterpå, og hente sitat.

Metehan snakka flytande engelsk, og vi snakka dels tyrkisk dels engelsk. Men då andre også kom og tok del i samtalen, nytta vi tyrkisk. Eg og Deniz i Trondheim har snakka engelsk saman. Med Nurullah frå AK LGBT har eg kommunisert på tyrkisk.

Når det gjeld det skriftlege materialet, både tidlegare forskning og anna materiale, er dette materiale både på tyrkisk og på engelsk. Mykje av materialet frå organisasjonane er på tyrkisk, medan rapportar frå til dømes internasjonale menneskerettsorganisasjonar og forskingsinstitutt, samt ein del artiklar, er på engelsk. Det å kunne kombinere tyrkiske og engelskspråklege kjelder har opna for å kunne sjå på temaet både innanfrå og utanfrå, og har opna for fleire perspektiv og eit meir heilskapleg inntrykk av LHBT-situasjonen i Tyrkia i dag.

3 Bakgrunn

3.1 Kvar høyrer Tyrkia til?

Türkiye'nin çevresinde bulunan ülkelerle yaptığımız bir şeyimiz var, bölgesel bir grup var (...) Örgütler mesela bunlar Arnavut, Azerbaycan, Bosna Hersek, Cezayir, Ermenistan, Gürcistan, Hırvatistan, Israil, Karadağ, Lübnan, Makedonya, Mısır, Rusya, Sırbistan, Tunus ve Yunanistan.⁴⁹

[Vi har ei regional gruppe som vi har danna saman med nabolanda til Tyrkia (...) Organisasjonane er mellom anna [frå] Albania, Aserbajdsjan, Bosnia Herzegovina, Algerie, Armenia, Georgia, Kroatia, Israel, Montenegro, Libanon, Makedonia, Egypt, Russland, Serbia, Tunisia og Hellas.]⁵⁰

- Seçin, Kaos GL

Sitatet over er Seçin i Kaos sitt svar på kva for land dei samarbeider med når dei arbeider regionalt med LHBT-spørsmåla. Som vi ser er det nasjonar frå Balkan, Kaukasus, Midtausten og Nord-Afrika, Aust-Europa og Sør-Europa.

Ved Universitetet i Oslo er Tyrkia rekna som ein del av Midtausten. Regionen er definert som dei arabiskspråklege landa i Nord-Afrika (Egypt, Libya, Tunisia, Algerie, Marokko), Vest-Asia (Libanon, Jordan, Palestina, Syria og Irak) og den arabiske halvøya (Bahrain, Kuwait, Oman, Qatar, Saudi-Arabia, Jordan, Dei sameinte arabiske emirata og Jemen), samt Israel, Iran og Tyrkia.⁵¹ Men Midtausten er eit geografisk vagt definert område, og eg har ofte opplevd at folk i Tyrkia vert overraska når eg fortel at eg har lært tyrkisk som ein del av Midtausten-studiar, fordi mange ikkje oppfattar seg sjølv som eit land eller eit folk som høyrer til Midtausten. Eg har høyrte mange ulike syn på kva for region eller regionar tyrkarar meiner landet høyrer til. Enkelte meiner Tyrkia definitivt høyrer til Europa, og at dei slett ikkje har noko spesiell tilknytning til Midtausten. Andre legg vekt på Tyrkia sitt slektskap med andre land der dei nyttar tyrkiske språk. Aserbajdsjansk, usbekisk, turkmensk, kasakhisk og kirgisisk høyrer alle til den tyrkiske språkfamilien.⁵²

⁴⁹ Personleg kommunikasjon med Seçin og Deniz (Kaos). Ankara, 10.04.2014.

⁵⁰ Mi omsetjing. Alle sitata frå informantane gitt att på tyrkisk og omsett til norsk, samt andre tyrkiske kjelder som er gitt att på tyrkisk og omsett til norsk, som utdrag frå artiklar, lovtekstar og liknande, i oppgåva, er mine egne omsetjingar.

⁵¹ Definisjon frå Universitetet i Oslo. Tilgjengeleg frå: <http://www.uio.no/studier/emnegrupper/hf/40OMR-MONA/>

⁵² I tillegg finst det tyrkiske språk på Balkan, i Iran og i det autonome uighurske området Xinjiang i Kina.

3.2 LHBT i Tyrkia og landa rundt

Det er gjort få større vestlege studiar av LHBT i Midtausten. The Guardian-journalisten Brian Whitaker gjorde ei av dei fyrste i 2006 med boka *Unspeakable Love – Gay and Lesbian Life in the Middle East*.⁵³ Boka hans omhandlar dei arabiske landa i Midtausten, så Tyrkia er ikkje med i studien hans. Han peikar likevel på interessante tendensar som eg meiner også er relevante for Tyrkia. Til dømes manglar eit felles premiss for diskusjon om temaet, fordi mange meiner at homofili ikkje er noko anna enn ein preferanse. Då vert det lett å fordømme det som eit syndig val, framfor å diskutere korleis ein kan handtere det innanfor rammene av samfunnet og religionen. Mange nektar på at lesbiske, homofile, bifile og transseksuelle finst.⁵⁴ Erica Li Lundquist har skrive doktoravhandlinga *Gayted Communities* om homofile i Beirut.⁵⁵ Ho er religionshistorikar og fokuserer mellom anna på islam og homofili, og går i avhandlinga djupt inn i enkeltpersonar sine historier. Ho viser korleis enkelte av informantane hennar, som alle er homofile menn, tek avstand frå religionen, medan andre finn fram til ei forståing av seg sjølve og ein måte å leve på som både homofile og muslimar.⁵⁶ Dette er også interessante problemstillingar når ein studerer LHBT i Tyrkia. Det å vere homofil muslim – treng det vere ei motsetning?

Når det gjeld studiar av problemstillingar knytt til det å vere LHBT i Tyrkia, er det skrive ei rekke både tyrkiske og vestlege akademiske artiklar, og interessa for å studere temaet ser ut til å vere aukande.⁵⁷ Ei masterstudie skrive av Özlem Hoşcan i 2006 tek føre seg dekninga av artiklar som omhandlar LHBT-personar og LHBT-relaterte saker i dei tyrkiske avisene.⁵⁸ Hoşcan har i si avhandling delt avisene inn i venstreorienterte og liberale aviser, og konservative og islamske aviser, og har samanlikna dekninga av LHBT-saker i desse. Hovudkonklusjonen hennar var at artiklane i *alle* avisene var svært sensasjonsprega. Det var få informative artiklar om og analysar av LHBT-organisasjonane sitt arbeid og andre ting som skjer i høve kampen for LHBT-rettar, men mange saker om LHBT-personar som ser ut til å

⁵³ Whitaker, Brian. *Unspeakable Love – Gay and Lesbian Life in The Middle East*. Berkeley, CA: University of California Press Books, 2006.

⁵⁴ Ibid.

⁵⁵ Lundquist, Erica Li. *Gayted Communities*. Ph.D.avhandling. Lunds universitet. 2013.

⁵⁶ Ibid.

⁵⁷ Eit søk i Google Scholar på artiklar som inneheld «lgbt» og «Turkey» viser 22 treff mellom 1990 og 2000, 655 treff mellom 2000 og 2010 og 2460 treff mellom 2010 og 2015. Dei fleste av desse handlar ikkje direkte om LHBT i Tyrkia, men resultatet viser at det stadig oftare vert omtalt i akademiske artiklar (20.05.2015).

⁵⁸ Hoşcan, Özlem. *The media portrayal of homosexuality in the Turkish press between 1998 and 2006*. Masteroppgåve. Middle East Technical University. 2006.

skulle vere sjokkerande. Det var saker med store overskrifter, som til dømes «Ein partybåt full av homofile», med bileter av festen teke frå avstand, eller ein annan «stor homofest», og med kommentarar der naboane uttrykker kva dei meiner om dette. I perioden Hoşcan har undersøkt er det stort sett dei same sakene som vert dekkja i dei venstreorienterte og liberale avisene, og i dei konservative og islamske avisene. Hovudforskjellen mellom dei er at dei vel ulike ord når dei omtalar homofile. Særleg enkelte av journalistane i dei konservative og islamske avisene brukar ord som er støytande for LHBT-personar for å omtale dei, ord som også vert nytta som skjellsord, framfor å nytte dei nøytrale orda, som til dømes *lezbiyen*, *gey* og *transgender*, eller det tyrkiske ordet for homofil (begge kjønn); *eşcinsel*. Dei nyttar heller ord som er støytande, som at dei til dømes omtaler homofile som *sapık*, som tyder pervers. Dei venstreorienterte og liberale avisene held seg til meir nøytrale ord.

Det amerikanske forskingssenteret Pew Research Centre gjorde ei undersøking i 2013 der dei spurte om lag 40 000 personar i 39 ulike land om dei meiner at homofili bør verte akseptert av samfunnet dei lev i eller ikkje.⁵⁹

I Tyrkia svarte 9 prosent ja. Resultata frå landa i Midtausten som er med i undersøkinga er slik:

Land	Ja	Nei
Israel	40 %	47 %
Libanon	18 %	80 %
<i>Tyrkia</i>	9 %	78 %
Dei palestinske områda	4 %	93 %
Egypt	3 %	95 %
Jordan	3 %	97 %
Tunisia	2 %	94 %

⁵⁹ Pew Research Centre. «The Global Divide on Homosexuality.» 05.06.2013. <http://www.pewglobal.org/2013/06/04/the-global-divide-on-homosexuality/>

Samanhengen mellom religion og haldning til homofili vart undersøkt. Måten dette vart gjort på, var at respondentane vart spurde om tre ting om sitt forhold til religion. Respondentane kunne skåre 0, 1, 2 eller 3, avhengig av om dei svarte nei på alle spørsmåla, eller ja på eitt, to eller tre spørsmål. Spørsmåla var 1) om dei trudde at det å tru på Gud er naudsynt for å ha god moral, 2) om dei vil seie at religion er svært viktig i livet deira, og 3) om dei ber minst ein gong om dagen. Tyrkia hadde i undersøkinga eit gjennomsnitt på nesten 2 på religiøsitet.⁶⁰ *Pew Research Center* meiner at resultatata på undersøkinga totalt viser at også land som skårar høgt på religiøsitet, samstundes skårar lågt på talet på folk som vil akseptere homofili.⁶¹

Pew Research Center gjorde den tilsvarande undersøkinga i 2007. Då var det 14 prosent som svarte ja til å akseptere homofili i Tyrkia. Det er ein nedgang på 5 prosent på 6 år, men med eit utval på 1 000 respondentar ligg feilmarginen på rundt 5 prosent, så om, eller akkurat kor mykje, det har gått ned er ikkje sikkert. Men talet er lågt, og har ikkje gått opp i løpet av dei seks åra.⁶²

I 2011 gjorde *World Values Survey* ei undersøking av tyrkiske haldningar til LHBT. På spørsmål om dei ynskjer å ha LHBT-personar til naboar, svarte 84 prosent av respondentane nei. Den tyrkiske forskingssenteret KONDA gjorde i samarbeid med LHBT-organisasjonen SPoD ei anna undersøking der dei spurte om folk meinte homofili burde verte kriminalisert, og berre 11 prosent svarte nei. 60 prosent meinte at homofili burde straffast, og 29 prosent meinte homofile burde verte kurererte.⁶³

I *International lesbian, gay, bisexual, trans and intersex association* (ILGA) sin rapport *State sponsored homophobia* frå mai 2014, kjem det fram at det er 5 land i verda der homofili vert straffa med dødsstraff; i Iran, Mauritania, Sudan, Saudi Arabia og Jemen. Tre av landa ligg i Midtausten. Men det er sjølvsagt variasjonar i Midtausten, til dømes har Israel god lovgjeving for å beskytte LHBT-personar. I Libanon kan homofili straffast med eitt år fengsel. I Egypt er

⁶⁰ Ibid.

⁶¹ Ibid.

⁶² Ibid.

⁶³ Yılmaz, Volkan & Sinan Birdal. «LGBT Rights in Turkey: The Long Road to Tolerance» *E-International Relations*. 14.12.2012. http://www.e-ir.info/2012/12/14/lgbt-rights-in-turkey-the-long-road-to-tolerance/#_edn1

ikkje homofili nemnt i lovgjevinga, men andre lover vert nytta for å straffe homofile.⁶⁴ I Jordan er det heller ikkje lovfesta forbod mot homofili. I resten av Midtausten og Nord-Afrika varierer straffa for homofili frå eit halvt til fjorten år, og i land eller område av land der den islamske lovgjevinga *sharia* gjeld, er straffa piskeslag eller dødsstraff.⁶⁵

I 2013 var det internasjonale protestar mot Russland sitt nye forbod mot «homofil propaganda». Land i Kaukasus synast å ha latt seg inspirere av lova. I Georgia vert det snakka om å innføre ei tilsvarande lov. Armenia har gjort det same, men lova vart ikkje vedteken. I Aserbajdsjan vart det for fyrste gong arrangert Pride-parade i 2013, men deltakarane hadde på seg masker. Dette kan være teikn på at Kaukasus er inne i ei tid der LHBT-spørsmålet er like under overflata, og at myndigheitene gjer det dei kan for at det skal halde seg der.⁶⁶

I Usbekistan og Turkmenistan er det fengselsstraffer for homofili. I Kasakhstan og Kirgisistan er det fremma forslag om liknande propaganda-lover som i Russland, men inga avgjersle er teke.⁶⁷ Samstundes hadde Kirgisistan nyleg ein kunstfestival der dei opent debatterte temaet «å komme ut som homofil».⁶⁸

3.3 Likekjønna sex i Det osmanske riket: Handling eller identitet?

Det er lang tradisjon for at menn kler seg som kvinner og dansar og syng i Tyrkia, slik som songaren eg såg på restauranten i Akbük, og som eg nemnte i innleiinga. I Det osmanske riket, som vart erstatta av Republikken Tyrkia i 1923, var det vanleg at unge gutar dansa og underholdt på festar i palasset til sultanen. I osmansk poesi er festane skrive mykje om, og dei vakre mannlege dansarane er ofte tema.⁶⁹ Det kjem fram av osmansk litteratur og reiseskildringar⁷⁰ at det ikkje var uvanleg at det var romantiske kjensler mellom menn, eller at menn hadde sex med andre menn. Vestlege studiar som har fokusert på homofil kjærleik i Det osmanske riket har fått kritikk for å vektlegge og romantisere forholdet mellom menn i

⁶⁴ Itaborahy, Lucas Paoli & Jingshu Zhu. «State Sponsored Homophobia. A world survey of laws: Criminalisation, protection and recognition of same-sex love.» *ILGA*. 30.04.2014. http://old.ilga.org/Statehomophobia/ILGA_SSHR_2014_Eng.pdf

⁶⁵ Ibid.

⁶⁶ Ibid.

⁶⁷ Ibid.

⁶⁸ Ibid.

⁶⁹ Andrews, Walter. *Poetry's Voice, Society's Song*. Seattle: University of Washington Press, 1985, s. 168

⁷⁰ Omtalt m.a.i Stephen O. Murray og Will Roscoe. *Islamic Homosexualities: Culture, History and Literature*. New York: New York University Press, 1997.

overdriven grad for å gjere det mest mogleg eksotisk,⁷¹ og har vorte skulda for å vere orientalistiske.

Walter Andrews og Mehmet Kalpaklı gav ut si bok *The age of the Beloveds* i 2005.⁷² Ifølgje Andrews og Kalpaklı er ikkje det at ein ser mange homoerotiske skildringar frå den osmanske tida einstydig med at det fantes mange opne homofile i riket. Dei meiner at dette var *handlingar* gjort av menn som i dag ville vorte kalla heterofile eller bifile, fordi det ofte ikkje trong vere snakk om romantiske kjensler, og tolkar det dit hen at dei som er omtalte i litteraturen ikkje nødvendigvis hadde ein homofil *identitet*. Men det må ha vore toleranse for å vise og snakke om homofile handlingar og om likekjønna tiltrekking.⁷³ Hyllinga av skjønnheita til unge menn er eit gjenteke mønster i mulimsk historie, og noko ein også må sjå i samanheng med at kvinner var fråverande frå offentlege rom.⁷⁴

Mellom medlemmane i LHBT-organisasjonen Kaos synast det ikkje å vere særleg vanleg å trekke fram homofili i den osmanske historia når dei snakkar om utviklinga til den tyrkiske LHBT-rørsla. Då Seçin og Deniz frå Kaos fortalte om korleis LHBT-rørsla oppsto i Tyrkia starta dei med militærkuppet i 1980. Då vart feministar, revolusjonære og andre meir aktive og synlege, ifølgje Seçin. Dette inspirerte og vidareutvikla seg i løpet av 80-talet til at også homofile byrja å samlast og ha møter heime hjå folk, og tidleg på 90-talet byrja dei å organisere seg i Ankara og Istanbul. Før dette var det ingenting, sa dei. Bortsett frå det som hendte i Vesten, og som var til inspirasjon i Tyrkia.

Men AK LGBT tek opp på Facebook at homofili var utbreidd under den osmanske tida.

Osmanlı döneminde eşcinsellik daha yerleşik, daha kabullenilir bir kimliktir.⁷⁵

[Under den osmanske tida var homofili ein meir etablert og akseptert identitet.]

- **Gürkan Hacır, journalist**

Sitatet er henta frå ein artikkel i den tyrkiske avisa Akşam. Artikkelen er skriva av journalisten Gürkan Hacır, og AK LGBT publiserte den på sine sider under overskrifta

⁷¹ Alvestad, Silje S. «Evaluative Language in Academic Discourse: Euphemisms vs. Dysphemisms in Andrews' and Kalpaklı's *The Age of Beloveds* (2005) as a case in point.» *Journal of Arabic and Islamic Studies* 14/7 (2014): 155-177.

⁷² Andrews, Walter G & Mehmet Kalpaklı, *Age of the Beloveds*. Durham, NC: Duke University Press, 2005.

⁷³ Ibid.: s. 21

⁷⁴ Endjø, Dag Øysten. *Sex og religion*. Oslo: Universitetsforlaget, 2009, s. 120

⁷⁵ Hacır, Gürkan. «Osmanlı'dan Cumhuriyet'e civelekler!» *Akşam*. 22.01.2012.

<http://www.aksam.com.tr/guncel/osmanlidan-cumhuriyete-civelekler/haber-93971>

OKUNMALI, som tyder «Må lesast». Hacır forklarar homofili som ein *identitet* som var akseptert i det osmanske samfunnet. Han skriv at mange av janitsjarane, altså soldatane til den osmanske sultanen, hadde med seg kjærastane sine, og at forholdet mellom dei var «som eit forhold mellom ein mann og ei kvinne»,⁷⁶ og ikkje berre var seksuelt.

At det er AK LGBT som tek opp den osmanske historia på dette området er ikkje overraskande. Retorikk med referansar tilbake til Det osmanske riket, som var sultanat og kalifat, kan seies å vere typisk for AKP. Veljarar av opposisjonspartia relaterer seg ofte meir til Atatürk sine idear, og refererer til tida den tyrkiske republikken har eksistert. Ifølgje Fırat frå Lambda stemmer majoriteten av LHBT-aktivistane på eitt av opposisjonspartia.⁷⁷ Kanskje vil AK LGBT bidra med ein annan type argumentasjon for å overtale AKP om at også lesbiske, homofile, bifile og transpersonar burde anerkjennast i Tyrkia enn den opposisjonen plar nytte.

I den nemnte artikkelen til Gürkan Hacır skriv han også om Zeki Müren (1931 – 1996),⁷⁸ som var ein svært populær artist og høgt elska av folk i Tyrkia. Han sminka seg og kledde seg i feminine kle, smykke og anna pynt. Gürkan Hacır meiner folk unngjekk å sjå at han var homofil eller trans, og skriv at:

Zeki Müren ilk «parlak» çıkışı yapan eşcinselimizdi. Abartılı kıyafetleri ağır makyajına rağmen ortalama Türk insanı onun eşcinsel olabileceğini aklına getirmek istemedi. (Rahmetli annem ölünceye kadar severek dinlediği Müren'in eşcinsel olduğuna inanmak istemedi. «İftira atıyorlar adama» dedi.)⁷⁹

[Zeki Müren var vår fyrste homofile som kom ut «glitrande». Men til trass for hans overdådige kle og all sminka, ville ikkje den gjennomsnittlege tyrkiske borgaren ein gong tenke på at han kunne vere homofil. (Mi avdøde mor elska å lytte til Müren heilt fram til sin død, men ville ikkje tru på at han var homofil. «Dei baktalar han», sa ho.)]

- **Gürkan Hacır, journalist**

Müren sjølv sa aldri sa noko om kjønnsidentiteten sin eller si seksuelle orientering.⁸⁰ Det er ikkje så merkeleg at med tanke på at det er ei ustrakt oppfatning i Tyrkia at homofili er ein sjukdom. Denne oppfatninga vert stadig underbygd av at konservative aviser, der det ofte er legar som vert siterte på at homofili er ein sjukdom som bør verte behandla som andre

⁷⁶ Ibid.

⁷⁷ Personleg kommunikasjon med Fırat (Lambda). Istanbul, 08.04.2014.

⁷⁸ Aşan, Emine. *Rakipsiz Sanatkâr – Zeki Müren*. Istanbul: Boyut Yayın Grubu, 2003.

⁷⁹ Hacır, Gürkan. «Osmanlı'dan Cumhuriyet'e civelekler!» *Akşam*. 22.01.2012.

<http://www.aksam.com.tr/guncel/osmanlidan-cumhuriyete-civelekler/haber-93971>

⁸⁰ Görkemli, Serkan. «"Coming Out of the Internet": Lesbian and Gay Activism and the Internet as a "Digital Closet in Turkey".» I: *Journal of Middle East Women's Studies*, Vol. 8, Nr. 3. Haust 2012.

sjukdomar.⁸¹ Dette er med på å gjere det vanskeleg også for kjente personar å stå fram som homofil offentleg i Tyrkia i dag. Media si behandling av LHBT vil eg sjå nærmare på i kapittel 8.

⁸¹ Eit døme på dette finst her:
Eşcinsellik. Türkiye'nin eşcinsellik portalı. «Prof. Dr. Nevzat Tarhan'a Göre Eşcinsellik Bir Hastalık»
29.06.2012 http://www.escinsellik.net/prof-dr-nevzat-tarhana-gore-escinsellik-bir-hastalik/#.VWHTIod_uvs

4 Juridisk status og rettar for individ og organisasjonar

Eg vil seie at milepælane i tyrkisk LHBT-historie er opprettinga av dei fyrste LHBT-organisasjonane, legalisering av kjønnskorrigerande operasjonar, og den fyrste Pride-paraden i 2003.⁸²⁸³

- Deniz, (tidlegare) Kaos GL

Homofili vart ikkje nemnt i Den nye osmanske straffelova av 1858.⁸⁴ Då den tyrkiske republikken vart oppretta i 1923, overtok dei denne lovgjevinga frå den osmanske straffelova, og kriminaliserte ikkje homofili. Homofili har altså aldri vore forbode i Republikken Tyrkia.⁸⁵ Framleis er ikkje LHBT nemnt i det tyrkiske lovverket som noko kriminelt, eller som noko som er gitt særskilt vern.⁸⁶ Det vil seie at det ikkje er forbode å vere LHBT, men at LHBT-personar heller ikkje har nokon juridiske rettar som kan gi vern mot diskriminering på bakgrunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

I mange europeiske land har homofile i dag rett til å gifte seg. Likekjønna par kan adoptere barn i elleve europeiske land. Israel er det einaste landet i Midtausten med desse rettane.⁸⁷ Diskursen om LHBT i Tyrkia er enno langt unna å snakke om rettar som rett til likekjønna ekteskap eller rett til å adoptere barn.⁸⁸ Diskursen er meir negativt ladda: Det er snakk om rett til fridom frå diskriminering i rettsvesenet, politivald mot transpersonar og hatkriminelle handlingar mot LHBT.⁸⁹ Tyrkia har mest hatkriminalitet mot LHBT-befolkninga i Europa.⁹⁰

Innleiingssitatet i dette kapittelet viser kva den tidlegare Kaos-medlemen Deniz meiner er dei tre viktigaste milepælane LHBT-rørsla i Tyrkia har nådd. Desse milepælane, opprettinga av organisasjonane, den fyrste Pride-paraden og legalisering av kjønnskorrigerande operasjonar,

⁸² Personleg kommunikasjon med Seçin og Deniz (Kaos). Ankara, 10.04.2014.

⁸³ Enkelte av sitata, slik som dette, har eg ikkje opptak av, men har eg notert ned på norsk undervegs i samtalen. Difor er det ikkje sitert på tyrkisk fyrst.

⁸⁴ Gisselbrecht, Tanya. «Glimpses of Turkey's Religious Opposition : Islam a Partner for Democratization?» I: EU-Turkey Dialogue Initiative Working Paper, No. 4. *Bridging Europe*, s. 15

⁸⁵ Hurteau, Pierre, *Male homosexualities and World Religions*. New York: Palgrave Macmillan, 2003.

⁸⁶ Gisselbrecht, Tanya. «Glimpses of Turkey's Religious Opposition : Islam a Partner for Democratization?» I: EU-Turkey Dialogue Initiative Working Paper, No. 4. *Bridging Europe*, s. 15

⁸⁷ Cage, Feilding, Tara Herman & Nathan Good. «Lesbian, gay, bisexual and transgender rights around the world.» Våren 2014.

<http://www.theguardian.com/world/ng-interactive/2014/may/-sp-gay-rights-world-lesbian-bisexual-transgender>

⁸⁸ Ilkcaracan, Pinar. «Democratization in Turkey from a gender perspective.» I (Red): Carmen Rodriguez, Antonio Avalos, Hakan Yilmaz, Ana I. Planet: *Turkeys Democratization Process*. New York: Routledge, 2013, s. 155

⁸⁹ Ibid.

⁹⁰ Gisselbrecht, Tanya. «Glimpses of Turkey's Religious Opposition : Islam a Partner for Democratization?» i: EU-Turkey Dialogue Initiative Working Paper, No. 4. *Bridging Europe*, s. 15

vil eg belyse i følgjande del. Etter milepælane vil eg undersøke kva for brot på menneskerettane det rapporterast om som følgje av manglande beskyttande lovgjeving. Eg vil avslutte med to *case* som illustrerer deler av utfordringane ved å leve som LHBT i Tyrkia. Her finst det mykje materiale, og eg har valt å trekke ut to *casar* som illustrerer særleg godt korleis det kan vere å leve som homofil med dei store motsetningane som finst i Tyrkia, som vert spegla att i folk sine haldningar til homofili.

4.1 Milepæl 1: Opprettinga av Lambda og Kaos

Lambda'nın kurulması sürecinde bir sıkıntı oldu, çünkü yasalarda net bir şey yok. Yani, işte, kimilerine göre eşcinsel olmak ahlaksızlıktır, kanuna aykırıdır. Ondan dolayı Lambda kurulurken yasal anlamı soru oldu. Dava açıldı, Lambda'nın kapatılması için, çünkü onlara göre, devlete göre Lambda, ahlaksız bir dernek.⁹¹

[I prosessen med å etablere Lambda oppsto det eit problem, fordi det ikkje fantes noko spesifikt [om dette] i lovene. Altså, ifølgje nokon er det å vere homofil umoral, og lovstridig. Av den grunn oppsto juridiske problem då Lambda vart etablert. Det vart opna sak for å få Lambda stengt, for ifølgje staten var Lambda ein umoralsk organisasjon.]

- Fırat, advokat, Lambda İstanbul

Lambda vart etablert i 1993 og vart ein offisiell organisasjon i 2006. Kaos vart etablert i 1994 og vart ein offisiell organisasjon i 2005. Då Lambda vart ein offisiell organisasjon, opna ordføraren i Istanbul sak mot organisasjonen for å få den stengt, fordi han meinte at Lambda var eit angrep på tyrkiske moralske verdiar og familiestruktur - noko som er imot lova.⁹² I den tyrkiske grunnlova står dette om organisasjonsfridom i §33:

Herkes, önceden izin almaksızın dernek kurma ve bunlara üye olma ya da üyelikten çıkma hürriyetine sahiptir. Hiç kimse bir derneğe üye olmaya ve dernekte üye kalmaya zorlanamaz. Dernek kurma hürriyeti ancak, millî güvenlik, kamu düzeni, suç işlenmesinin önlenmesi, genel sağlık ve genel ahlak ile başkalarının hürriyetlerinin korunması sebepleriyle ve kanunla sınırlanabilir.⁹³

[Alle har rett til å danne organisasjonar, verte medlem av ein organisasjon, og å melde seg ut av ein organisasjon utan å få løyve på førehand. (...) Organisasjonsfridomen kan avgrensast ved lov berre for å

⁹¹ Personleg kommunikasjon med Fırat (Lambda). Istanbul, 08.04.2014.

⁹² Advocate «Request to ban Turkish gay rights group rejected» 13.10.2005.

<http://www.advocate.com/news/2005/10/13/request-ban-turkish-gay-rights-group-rejected>

⁹³ Anayasa [Den tyrkiske grunnlova]. §33 av 03.10.2001.

https://www.tbmm.gov.tr/anayasa/anayasa_2011.pdf

beskytte nasjonal sikkerheit og offentleg orden, for å førebygge kriminalitet, eller for å beskytte offentleg moral og helse. (...)]

Moral er altså eit unntak som kan avgrense organisasjonsfridomen, og har ifølgje min informant Firat vore nytta for å stengje Lambda. Når det ikkje finst vern mot diskriminering av LHBT i lovgjevinga, vert dette mogleg. Deniz frå Kaos forklarte at det kan være folk frå myndigheitene, som politikarar frå kommunane eller frå andre offentlege instansar, som opnar sak mot organisasjonane fordi dei meiner dei er grunnlovsstridige. Deretter går saka i retten, og advokatar frå LHBT-organisasjonane som jobbar med juridiske rettar plar forsvare organisasjonane. Hittil har ikkje nokon av organisasjonane eg har vore i kontakt med opplevd å verte permanent stengt eller stengt over lang tid.

Noko anna som kjem fram frå sitatet til Firat er at homofili ifølgje enkelte er lovstridig. Det er altså ikkje sikkerheit om kor vidt homofili er lovleg eller ikkje, og dette synast å vere ope for tolking.

4.1.1 LHBT-organisasjonane i perioden 2005-2014

Dei tyrkiske LHBT-organisasjonane har vorte forsøkt stengte gjentekne gonger i løpet av åra dei har eksistert som offisielle organisasjonar.⁹⁴ Ifølgje Deniz og Seçin har også Kaos opplevd dette fleire gonger i løpet av deira tid i organisasjonen. Firat frå Lambda fortalte om dei juridiske problema med å opprette organisasjonen offisielt i 2006, og EU skriv i sin Tyrkia-rapport frå 2014 at konsept som «generell moral», «tyrkisk familiestruktur», «nasjonal sikkerheit» og «offentleg orden» har vorte brukt mot organisasjonane også i løpet av det siste året, mellom anna ved at to av LHBT-organisasjonane nyleg har vorte forsøkt stengte igjen.⁹⁵

Samstundes har også nye organisasjonar oppstått. Dei siste åra har mellom anna organisasjonar for transpersonar vorte danna i byar som hadde LHBT-organisasjonar frå før, som i Ankara, Istanbul og Izmir, og byar som ikkje har hatt nokon LHBT-organisasjonar tidlegare har fått det. Til dømes fekk Mersin og Adana, to byar ved Middelhavet, sine fyrste organisasjonar i 2013. Organisasjonane heiter *Queer Adana* og *Mersin 7 Renk*.⁹⁶ I juli 2014 vart det arrangert demonstrasjonar fordi sju transkvinner frå Mersin 7 Renk skal ha vorte

⁹⁴ Ilkkaracan, Pınar. «Democratization in Turkey from a gender perspective» s. 155

⁹⁵ European Commission. *Turkey Progress Report 2014*, 08.10.2014.

⁹⁶ [Mersin sju fargar]

spraya med pepparspray og banka opp av politiet.⁹⁷ Iskenderun, ein by i Hatay-provinsen på grensa til Syria, fekk si fyrste LHBT-gruppe i februar 2014.⁹⁸

Tüsev, eit tyrkisk koordinerings- og hjelpeorgan for ikkje-statlege frivillige samfunnsengasjerte organisasjonar, gav ut ein rapport i 2012 om organisasjonsfridom for LHBT-organisasjonane. Ifølgje rapporten vart det ikkje gjort nokon forsøk på å stenge organisasjonane i 2011 og 2012, noko dei karakteriser som ei positiv utvikling for LHBT-rørsla. Kombinert med at organisasjonane i denne perioden såg ut til å byrje å nå fram til politikarar med budskapane sine, meinte dei at LHBT-rørsla gjorde framskritt i løpet av 2011 og 2012, og at det såg ut til at forholda for dei var i ferd med å betre seg. Dei skriv i rapporten at dei trur at ei lovgjeving som inkluderer LHBT vil kunne kome på plass i næraste framtid.

Årsakene til at *Tüsev* såg positivt på sjansane for ei slik lovgjeving var betra forhold mellom LHBT-organisasjonane og offentlege institusjonar. På tida rapporten vart gitt ut følgde eg også sjølv den pågåande diskursen om LHBT tett, og oppfatninga av utviklinga var stort sett eintydig positiv hjå LHBT-rørsla og menneskerettsorganisasjonar. Partia i parlamentet arbeidde på den tida med å verte samde om eit forslag til ny grunnlov, og fleire LHBT-organisasjonar, mellom anna Kaos, vart i det høvet for fyrste gong invitert til parlamentet for å presentere forslag til kva som burde vere med. Med det vart deira eksistens anerkjent av politikarane. Dei møtte AKP-politikaren Cemil Çiçek då dei leverte forslaga, og hadde i tillegg møter med politikarar frå partia BDP, CHP og MHP.⁹⁹ LHBT-organisasjonane kom med forslag om å inkludere LHBT-personar som ein minoritet i det nye lovverket, og om å anten fjerne eller å spesifisere «generell moral» og «familiestruktur» frå grunnlova.¹⁰⁰

Tüsev åtvare likevel om at beskyttande lovgjeving for LHBT framleis ikkje var på plass, og at ein difor sto i fare for at forsøka på å stenge organisasjonane igjen kunne tilta seinare. Dei åtvare også mot dei uklare kriteria «generell moral» og «tyrkisk familiestruktur» som gjer at

⁹⁷ Yeşil gazete. «Trans kadınlara polis şiddeti Mersin’de protesto edildi.» 24.07.2014.

<http://yesilgazete.org/blog/2014/07/24/trans-kadinlara-polis-siddeti-mersinde-protesto-edildi/>

⁹⁸ Kaos GL. «Iskenderun’da Özgürlüğün Renkleri “Biz De Varız!” Diyor.» 31.03.2014.

<http://www.kaosgl.com/sayfa.php?id=16197>

⁹⁹ Fyrst vart dei tre LHBT-organisasjonane som var involverte fjerna frå takkelista, der parlamentet takka dei ikkje-statlege organisasjonane som hadde kome med forslag. Men etter protestar frå organisasjonane og omfattande mediedekning av saka, vart også LHBT-organisasjonane inkludert.

¹⁰⁰ *Tüsev*. «LGBT Dernekleri ve örgütlenme özgürlüğü. Vaka analizi.» 26.03.2012.

<http://www.tusev.org.tr/usrfiles/images/LGBTdernekleriVakaAnaliziTR.31.10.13.pdf>

det i stor grad vert opp til den enkelte dommar å avgjere kor vidt ein organisasjon strid mot dette eller ikkje.¹⁰¹

Seçin og Deniz frå Kaos bekrefta at det såg lyst ut for LHBT-rørsla i 2011 og 2012, ettersom dei også syntes det verka som at dei ville kunne klare å påverke politikarane til å inkludere LHBT i den nye lovgjevinga. Men i november 2013 vart det klart at grunnlovskomiteen, beståande av representantar for alle partia i parlamentet, etter to års arbeid¹⁰² ikkje hadde vorte einige om eitt felles forslag,¹⁰³ og at heile prosessen vart utsett. Det er den framleis er per mai 2015.

Dette tyder på at det var lite vilje blant partia i parlamentet til å inkludere LHBT i sin politikk. Seçin hevda at det var MHP, eit ultranasjonalistisk parti som vart Tyrkias tredje største ved parlamentsvalet i 2011, som initierte møtet mellom dei og MHP, og at politikaren frå MHP, sa at *ho* gjerne ville fremje LHBT-rørsla si sak, men at *veljarane* deira ikkje kom til å tole det. I frykt for at dei kunne tape stemmer var dei ikkje villige til å ta risikoen det innebar. Dei var altså villige til å ha møte med organisasjonane, men var redde for at veljarane skulle få vite det. Dette kom ifølgje Seçin tydeleg fram etter møtet; Kaos la ut ei sak om møtet med MHP på nettsidene sine som inneheldt eit bilete av at ei frå Kaos og ei frå MHP møtes. Saka vart omtalt i mange aviser, og det sto at politikaren hadde vore så LHBT-vennleg at ho hadde sagt at «dersom det er slik at foreldre drep borna sine i dag, (...) er *ikkje* det eit problem vi kan ignorere», og på den måten uttrykt forståing for at situasjonen bør handterast politisk.¹⁰⁴¹⁰⁵ I ettertid ville ikkje MHP vedkjenne seg å ha invitert Kaos, eller å ha sagt det som Kaos meinte dei hadde sagt i møtet. Berre nokre dagar etter at saka vart offentleg kjent kom det ei utsegn frå MHP om at det Kaos hevdar dei har sagt, berre er ei stor løgn, og at MHP sine veljarar ikkje må tru på «MHP sine fiendar» og «baktalingar som dette».¹⁰⁶

Etter at arbeidet med grunnlovsforslaget vart skrinlagt, vart det planlagt revisjon av den tyrkiske diskrimineringslova i 2013. Kaos, Listag og andre organisasjonar prøvde å påverke politikarane til å inkludere LHBT, og hadde store forhåpningar til at det kunne skje. Det var

¹⁰¹ Ibid.

¹⁰² Toksabay, Ece. «Turkey's Erdogan says new constitution priority after 2015 election.» *Reuters*. 01.10.2014. <http://www.reuters.com/article/2014/10/01/us-turkey-constitution-idUSKCN0HQ47H20141001>

¹⁰³ Ibid.

¹⁰⁴ Kaos GL. «Kaos GL MHP Genel Başkan Yardımcısı Ruhsar Demirel İle Görüştü.» 19.09.2012. <http://www.kaosgl.com/sayfa.php?id=12302>

¹⁰⁵ Haber Türk, «MHP'den eşcinsel açılımı.» 19.09.2012.

<http://www.haberturk.com/gundem/haber/777846-mhpden-escinsel-acilimi>

¹⁰⁶ Kocaeli Son Dakika, «MHP'nin Eşcinsel Açılımı Koca Bir Yalan.» 22.09.2012.

<http://www.kocaelisondakika.com/mhp-nin-escinsel-acilimi-koca-bir-yalan-h16434.html>

politikarane sin sjanse til å følgje opp lovnader dei hadde gitt under møta med Kaos, lovnader om å arbeide for anerkjenning av LHBT som ein minoritet som treng juridisk vern. Men diskrimineringslova vart vedteke tidleg i 2014 utan å omfatte forbod mot hatprat og diskriminering på bakgrunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.¹⁰⁷ Kaos uttrykte tydeleg skuffelse over alle partia.

Ayrımcılıkla ilgili bir yasa geldiği zaman LGBT hakları alınmadı, ve partiler o haliyle bunu kabul ettiler. Yani muhalefet partiler de bunu kabul ettiler.¹⁰⁸

[Då det kom ei lov som hadde med diskriminering å gjere, var ikkje LHBT-rettar med, og partia vedtok det i denne forma. Det vil seie at også opposisjonspartia aksepterte den.]

- **Seçin, Kaos GL**

Både aktivistar frå LHBT-rørsla sjølv og dei som følgjer med på utviklinga, såg altså meir positivt på sjansane for å kunne få juridiske rettar for LHBT i 2011, 2012 og 2013 enn dei gjer no. Både grunnlovsarbeidet og diskrimineringslova skuffa LHBT-rørsla. Utan beskyttande lovverk eller spesifisering av «generell moral» og «familiestruktur», opplevde fleire av organisasjonane igjen å verte forsøkt stengt i 2013 og 2014.

Dette tyder på eit skilje i 2013, at myndigheitene sine haldningar overfor LHBT-organisasjonane her synast å verte mindre positive. I løpet av 2013 var det også fleire tilfelle av grov politivald mot transpersonar. Dette er samanfallande med Gezi-protestane i 2013, og eg vil anta at dette kan ha ein samanheng. LHBT-rørsla var synlege under Gezi-protestane, og Erdoğan kalla protestantane både for ekstremistar og terroristar og skulda dei for å vere del av ein utanlandsk konspirasjon mot han og Tyrkia.

4.1.2 Organisasjonane og Gezi-protestane

I 2013 var det store protestar mot den tyrkiske AKP-regjeringa, også kjent som Gezi-protestane. Protestane vart utløyst av at myndigheitene ville bygge kjøpesenter og moske i Gezi-parken sentralt i Istanbul, men det var også andre bakanforliggande årsaker, som til dømes regjeringa sin politikk overfor krigen i Syria og dei nye alkohollovane.¹⁰⁹ Også andre hendingar fann stad like før protestane braut ut; til dømes fekk eit (heterofilt) kjærastepar som

¹⁰⁷ Türk Ceza Kanunu [Den tyrkiske straffelova], §3.2.

¹⁰⁸ Personleg kommunikasjon med Seçin (Kaos). Ankara, 10.04.2014.

¹⁰⁹ Letschz, Constanze. «Turkey protests spread after violence in Istanbul over park demolition.» *The Guardian*. 01.06.2013. <http://www.theguardian.com/world/2013/may/31/istanbul-protesters-violent-clashes-police>

kyssa på ein metrostasjon i Ankara oppmoding over høgtalaranlegget om å oppføre seg moralsk.¹¹⁰ Dette, kombinert med andre restriksjonar innført av AKP i åra etter det førre parlamentsvalet i 2011, som innskrenka pressefridom, ytringsfridom og truslar mot sekularismen, fekk unge og gamle, personar frå høgresida og venstresida, nasjonalistiske tyrkarar og kurdarar til å protestere saman.¹¹¹ Og som informantane mine fortalte: heterofile og homofile, cispersonar¹¹² og transpersonar.

Då eg starta forskinga på LHBT-rørsla i Tyrkia, antok eg at Gezi-protestane i 2013 hadde hatt positive følgjer for LHBT-rørsla, fordi dei vart så synlege. Mange tyrkarar veit ikkje kva LHBT er, slik som mellom anna foreldra i filmen *Mitt barn* fortalte at dei ikkje gjorde før borna deira fortalte at dei var lesbiske, homofile, bifile eller trans. Synlegheit og kunnskap om LHBT synast å vere viktig for å kunne oppnå aksept. Dette vert spegla att i Kaos-slagordet «Biz varız!» - «Vi finst!».

Informantane mine meinte at deltakinga deira i Gezi-protestane fekk både positive og negative følgjer for arbeidet deira og for LHBT-befolkninga i Tyrkia. Dette meinte både Firat frå Lambda, Metehan frå Listag og Deniz og Seçin frå Kaos. Firat meinte at organisasjonane allereie var synlege, at folk som la merke til dei under protestane, visste om dei også før Gezi. Det han meinte var nytt, var at LHBT-rørsla fekk vist at dei også støttar andre grupper som føler seg undertrykte. Dei viste at dei ikkje berre kjempar for rettar for LHBT-personar, men også støttar opp under andre sine saker, som til dømes rettar for etniske minoritetar og ytringsfridom. Slik foreina Gezi ulike folk og grupper som er kritiske til regjeringa av forskjellige årsaker, meinte han. For det var ikkje ei homogen gruppe som protesterte under Gezi. Fleirtalet av demonstrantane var unge. Mange var ungdom som aldri har demonstrert før, men som tok til gatene for fyrste gong under Gezi. Ifølgje tal frå tyrkiske myndigheiter skal talet på demonstrantar ha vore over fire millionar.¹¹³

Metehan frå Lambda meinte i likskap med Firat at dei har gjort det dei kan for å vere synlege også før Gezi, men at protestane førte til gjensidig støtte mellom gruppene som demonstrerte av ulike årsaker, og at dette skapte meir openheit og toleranse mellom dei. Han sa at grupper

¹¹⁰ Hürriyet Daily News. «A kiss is not just a kiss in Turkey.» 28.05.2013.
<http://www.hurriyetaidailynews.com/a-kiss-is-not-just-a-kiss-in-turkey.aspx?pageID=238&nID=47708&NewsCatID=416>

¹¹¹ Letschz, Constanze. «Turkey protests spread after violence in Istanbul over park demolition.» *The Guardian*. 01.06.2013.

<http://www.theguardian.com/world/2013/may/31/istanbul-protesters-violent-clashes-police>

¹¹² Å vere *cisperson* er det motsatte av å vere trans. Kallast ofte «straight».

¹¹³ Amnesty. Tala vart presentert på eit foredrag ved Universitetet i Oslo 03.03.2015.

dei tidlegare ikkje hadde hatt noko tilknytning til viste under Gezi at dei ville støtte LHBT-kampen. Mellom anna sendte fanklubben til det tyrkiske fotballaget Beşiktaş frå Istanbul ut ei melding på Twitter då det var Pride-parade i Istanbul i 2013, altså samstundes med Gezi-protestane, der dei skreiv: «La oss gå og støtte desse homsane!»¹¹⁴

Seçin frå Kaos hadde kritiske innvendingar til følgjene av Gezi. Ho sa at det sjølvstøtte skapte merksemd til LHBT-rørsla, men var oppteken av å formidle at LHBT-rørsla *ikkje* var noko som hadde oppstått over natta på grunn av Gezi eller som ein del av protestane mot Erdoğan, men ei rørsla som sakte men sikkert har teke små steg heilt sidan dei starta opp i 1994. Eg fekk inntrykk av at dei frykta at LHBT-rørsla i ettertid kan verte sett på som ei forlenging av protesten mot Erdoğan og AKP, og noko som oppsto som ein protest mot regjeringa.

Når det gjeld merkbare forandringar for organisasjonen som følgje av Gezi, sa Seçin at dei har merka den auka merksemda rundt LHBT både positivt og negativt. Mange ungdomar har teke kontakt med Kaos etter protestane, noko ho såg på som positivt. Det meinte ho tyder på at fleire veit at det finst organisasjonar dei kan kontakte. Men ifølgje Seçin har dei også vore utsett for meir hatprat og hatkriminalitet enn før; dei har motteke mange stygge og truande e-postar, og mange har vore utsette for vald. Ein stor del av ungdomane som tok kontakt med Kaos, fortalte at dei valte å kome ut for familien sin under Gezi, på grunn av den opne stemninga mellom deltakarane i protestane, og at det hadde ført til at dei vart kasta ut heimanfrå. Det at LHBT-personar ikkje er sikra vern vart ekstra synleg, til dømes ved at dei som vart kasta ut ikkje hadde noko krisesenter dei kunne gå til. Desse ungdomane vart difor svært sårbare. Seçin meinte at enkelte kunne verte litt «rive med» på grunn av den store oppslutninga til Gezi, og kom ut for familien fordi dei tenkte at tida var inne for det, og at det ville vere greitt – noko det for mange viste seg ikkje å vere.

Informantane mine meiner altså at Gezi har fått både positive og negative følgjer for dei. Kaos ser ut til å ha vorte nærare knytt til Gezi-protestane enn dei ynskjer. Om dei vert tekne for å vere Gezi-demonstrantar er det ting som tyder på at dei kan verte sett negativt på av tilhengjarar av Erdoğan og at dei kan oppleve angrep både frå folk på gata og myndigheitene.

¹¹⁴ Metehan sine ord: «Let's go and support those faggots!»

Erdoğan ynskja å framstille protestrørsla som eit fåtal opprørarar og terroristar i staden for ei folkerørsla.¹¹⁵

Nurullah frå AK LGBT seier noko i eit intervju med avisa Taraf som underbygg dette.¹¹⁶

Nurullah fortell her om korleis dei opplevde å verte behandla av politiet då dei møtte opp på valkamptalen til Erdoğan med regnbogeflagget, som er symbolet for LHBT-rørsla over heile verda.

Polis bizi «Gezici» sandı ve kötü davrandı. Kimi vatandaşlar da bayrağın PKK bayrağı olduğunu düşündü. Kendimizi tanıttık. O vakitten sonra sadece gülüşmeler oldu.¹¹⁷

[Politiet trudde vi var «Geziar» og behandla oss dårleg. Enkelte av våre medborgarar tenkte også at flagget var eit PKK-flagg. Vi introduserte oss sjølve, og etter det vart vi berre møtt med latter.]

- **Nurullah, AK LGBT**

Politiet behandla dei altså dårleg då dei trudde at det var demonstrantar mot Erdoğan som hadde møtt opp. Regnbogeflagget, symbolet for LHBT-rørsla, ser ut til å ha vorte eit symbol for Gezi-protestane, og ein legitim grunn for politiet til å behandle dei som ber dette symbolet dårleg.

AK LGBT møtte også skepsis til flagget frå dei andre som var til stades på valkampmøtet; Nurullah forklarar i intervjuet at folk frykta at flagget kunne tilhøyre den kurdiske separatistgruppa PKK, men etter å ha forklart at dei verken var demonstrantar mot Erdoğan eller frå PKK, var det ingen som reagerte noko vidare på at dei var LHBT. Dette høyrer for meg lite sannsynleg ut, ettersom mange er kritiske til homofili og homofile i AKP. Men Nurullah jobbar for aksept for homofili i AKP, og dette kan og ha vore ein mediestrategi frå hans side. Dersom dei har fått nokon negative reaksjonar, vil det nok berre underbygge eksisterande fordommar dersom andre kan lese om dette i avisene, medan det å lese om at andre AKP-veljarar aksepterer det kanskje kan føre til at andre også kan møte LHBT på ein meir positiv måte.

¹¹⁵ Traynor, Ian & Constanze Letsch. «Turkey divided more than ever by Erdoğan's Gezi Park crackdown.» *The Guardian*. 20.06.2013 <http://www.theguardian.com/world/2013/jun/20/turkey-divided-erdogan-protests-crackdown>

¹¹⁶ Vil verte utdjupa i kapittel 7.4 under «AK LGBT».

¹¹⁷ Tansel, Sümreya. «AK LGBT: AK Parti'yi içeriden dönüştüreceğiz.» *Taraf*. 05.08.2014. <http://www.taraf.com.tr/haber-ak-lgbt-ak-partiyi-iceriden-donusturecegiz-160837/>

Eit anna døme på kor nært knytt Gezi-protestane og LHBT-rørsla og deira symbol vart, var ein trappemålingsprotest som vart utført i mange byar. Det starta med at nokon måla ei trapp i Istanbul i regnbogens fargar. I løpet av ei natt vart trappa måla grå igjen, noko som førte til at folk byrja å måle trapper og gater over heile Tyrkia i regnbogefargane. Igjen var dette ein protest mot myndigheitene ved hjelp av regnbogesympolet, nytta også av andre enn LHBT-rørsla. Til dømes såg ein signaturen til fanklubben til fotballklubben Beşiktaş på ei av trappene.¹¹⁸

4.2 Milepæl 2: Pride-paraden

I juni 2003 arrangerte Lambda den fyrste Pride-veka i Istanbul. Då fann Tyrkia si fyrste Pride-parade stad, der om lag 50 personar deltok. Paraden har auka i omfang kvart år, og hadde ifølgje forskingsinstituttet Wilson Center om lag 10 000 deltakarar i 2011, og 100 000 i 2014, og paraden får gå av stabelen utan at myndigheitene grip inn eller gjer noko anna for å hindre den. Det har den også gjort dei to siste åra, under og etter Gezi-protestane.¹¹⁹ Dette har mellom andre EU trekt fram som positivt av myndigheitene overfor LHBT-rørsla. Paraden fekk gå fredeleg av stabelen, til trass for at tyrkiske myndigheiter fekk mykje kritikk for overdriven bruk av vald for å stanse Gezi-demonstrantane og andre demonstrasjonar i 2013 og 2014.¹²⁰

4.3 Milepæl 3: Kjønnskorrigerande operasjonar

Kjønnskorrigerande operasjonar vart lovleg i Tyrkia i 2001, og dette er den einaste plassen LHBT vert nemnt i det tyrkiske lovverket. Ein har hatt moglegheit til å få utført (delvis) kjønnsbekreftande behandling på private klinikkar på eiga hand tidlegare, men det vart ein lovfesta rett i 2001. I paragraf 40 i den tyrkiske sivillova står det at:

Cinsiyetini değiştirmek isteyen kimse, şahsen başvuruda bulunarak mahkemece cinsiyet değişikliğine izin verilmesini isteyebilir. Ancak, iznin verilebilmesi için, istem sahibinin 18 (on sekiz) yaşını doldurmuş bulunması ve evli olmaması; ayrıca transseksüel yapıda olup, cinsiyet değişikliğinin ruh

¹¹⁸ Arsu, Sebnem & Robert Mackey. «With a Burst of Color, Turkey's Public Walkways Become a Focus of Quiet Protest.» 03.10.2013.
http://thelede.blogs.nytimes.com/2013/09/03/with-a-burst-of-color-turkeys-public-walkways-become-a-focus-of-quiet-protest/?_r=2

¹¹⁹ European Commission. *Turkey Progress Report 2014*. 08.10.2014.

¹²⁰ Ibid.

sağlığı açısından zorunluluğunu ve üreme yeteneğinden sürekli biçimde yoksun bulunduğunu bir eğitim ve araştırma hastanesinden alınacak resmî sağlık kurulu raporuyla belgelemesi şarttır.

Verilen izne bağlı olarak amaç ve tıbbî yöntemlere uygun bir cinsiyet değiştirme ameliyatı gerçekleştirildiğinin resmî sağlık kurulu raporuyla doğrulanması hâlinde, mahkemece nüfus sicilinde gerekli düzeltmenin yapılmasına karar verilir.¹²¹

[Den som ynskjer å bytte kjønn, kan personleg søke til domstolen om løyve til det. Men for at løyve skal kunne skrivast ut, må den som søker vere over 18 (atten) år og ikkje vere gift; i tillegg må ein få ein formell helse rapport utstedt av eit universitetssjukehus, der det må dokumenterast at søkaren er transseksuell og at kjønnskifte er absolutt naudsynt for vedkommande si psykiske helse, samt at det er eit krav at søkaren ikkje er reproduktiv.

Når ein rapport som bekreftar at den kjønnsbekreftande operasjonen er utført i samsvar med den hensikta og den medisinske prosedyrane det vart gitt løyve til vert skrive ut av det offentlege helsevesenet, bestemmer domstolen at den naudsynte endring i folkeregisteret vert utført.]

Å få stilt diagnosen transseksuell er ein føresetnad for å få innvilga løyve til å bytte kjønn i Tyrkia.¹²² Fırat peika på det han meinte var skilnaden mellom å vere trans som har gjennomført kjønnsbekreftande behandling, og å vere trans som ikkje har gjort det. Dersom ein har gjennomført operasjon, er det mogleg å få jobb og å kunne leve og fungere normalt i samfunnet, medan det kan vere vanskeleg for dei som ikkje har bytta kjønn.

Transseksüel olanlar bazı yerlerde çalışabilirler, her yerde çalışamazlar. Ama trans geçiş operasyonu yapan kişiler, onda bir sıkıntı yok. Yani devlet memuru olarak çalışabilir, devlette çalışabilirler. Yani, benim arkadaşlar var, transseksüel bir kadın var, ve şeyde çalışıyor, devlette çalışıyor. Şu an mahkemede çalışan birisini tanıyorum, tanıdığım öğretmen var, yani devlette rahat çalışabiliyorlar.¹²³

[Transpersonar kan få jobb enkelte stader, men ikkje kvar som helst. Men for dei som gjennomfører kjønnsbekreftande behandling, er det ikkje noko problem. Dei kan få jobb i staten. Eg har til dømes ei venninne, ho er transkvinne, og ho arbeider i staten. Eg veit også om ei (eller ein) som jobbar i retten, og eg kjenner ein lærar, og dei jobbar i staten utan problem.]

- **Fırat, Lambda İstanbul**

I *Indian Journal of Gender Studies* gav fem tyrkiske professorar og akademikarar innan medisin ut ein rapport i 2011 som tok føre seg dei juridiske aspekta ved kjønnsbekreftande behandling i Tyrkia. I rapporten har dei tre *caser* med folk som har søkt om og fått løyve til å gjennomføre operasjon. Alle tre er dømer på mann til kvinne (MTK), og dei er i alderen 27 til

¹²¹ Türk Medeni Kanunu (Den tyrkiske sivillova), §40.

¹²² Også ein føresetnad for å få innbilta løyve til å bytte kjønn i Noreg.

¹²³ Personleg kommunikasjon med Fırat (Lambda). İstanbul, 08.04.2014.

37. Dei hadde alle gått på hormonterapi i mange år, ein av dei i 13 år og to av dei i 17 år, og dei hadde alle gjennomført brystoperasjonar og naseplastikk før dei søkte om kjønnsbekreftande operasjon. Dette viser at det er mogleg å starte behandling privat utan løyve frå myndigheitene, og at dette har vore vanleg også før kjønnsbekreftande operasjonar vart legalisert. Men dersom ein har gjennomført behandling og operasjon utan løyve frå myndigheitene, får ein ikkje bytte namn og kjønn offisielt, og dei som har utført operasjonen kan straffast.¹²⁴

Transaktivistar arbeider no med å forsøke å få fjerna forbodet mot å vere gift for å få kjønnsbekreftande behandling, samt å fjerne påbodet om at ein også må vere steril for å få det.¹²⁵ Dersom forbodet mot å vere gift for å få behandling vert fjerna, vil ein i praksis få likekjønna ekteskap i Tyrkia. Dette er truleg årsaka til forbodet, og forbodet kan tolkast som eit uttrykk for at kjønnsbekreftande behandling er med på å oppretthalde eit todelt kjønnssystem der kvinner og menn er dei einaste kjønnskategoriane, og der ekteskap mellom dei er det einaste moglege. Ayça Kurtoğlu ved Middle East Technical University i Ankara argumenterer i sin artikkel «Sex Reassignment, Biological Reproduction and Sexual Citizenship in Turkey» for at retten til å gjennomgå kjønnsbekreftande behandling er ei oppretthalding av tokjønnsmodellen; forståelse av kjønn som to gjensidig utelukkande kategoriar.¹²⁶ Kurtoğlu meiner at det er eit uttrykk for eit syn på kjønnskategoriane som homogene, snarare enn eit uttrykk for liberale haldningar overfor LHBT-befolkninga.¹²⁷

I lovgjevinga står det også at ein ikkje kan vere reproduktiv om ein skal kunne få løyve til å bytte kjønn. Det er presisert i lovgjevinga at dette gjeld løyve til å få gjennomført den siste delen av den kjønnsbekreftande behandlinga, altså sjølve operasjonen. Då må ein allereie ha sterilisert seg, og dette påbodet ynskjer LHBT-rørsla å få fjerna.¹²⁸

¹²⁴ Can, Özgür, Zehra Demiroglu, Murat Köker, Halis Ulas, & Serpil Salaçin. «Legal Aspects of Gender Reassignment Surgery in Turkey.» *Indian Journal of Gender Studies* 18.77 (2011): 77-88.

¹²⁵ Trans Danışma Merkezi Derneği. «New legislation about fertility and marriage rights during transgender transition process.» 17.11.2014.

<http://t-der.org/new-legislation-about-fertility-and-marriage-rights-during-transgender-transition-process>

¹²⁶ Bufdir. «LHBT-ordlista.» http://www.bufdir.no/Lhbt/LHBT_ordlista/

¹²⁷ Kurtoğlu, Ayça. «Sex Reassignment, Biological Reproduction and Sexual Citizenship in Turkey.» *Fe Dergi* 1, no. 2, 79-88.

¹²⁸ Debatten om sterilisering i Tyrkia minner om den tilsvarende debatten i Noreg. Begge land krever sterilisering før operasjon. Transaktivistar i begge landa meiner det bør vere opp til ein sjølv om ein vil sterilisere seg eller ikkje ved eit eventuelt kjønnsbytte.

Ifølgje Deniz frå Kaos inneber operasjonen stor risiko. Det å fjerne eggstokkar og livmor for kvinner er ein omfattande operasjon, og ein risiko mange ikkje ynskjer å ta. Og det er ikkje for å halde moglegheita til å få barn opa, for etter den behandlinga ein allereie har vore gjennom med mannlege hormon, vil ein ikkje kunne verte gravid likevel.¹²⁹ Men det krevjast altså at ein likevel opererer bort livmor og eggstokkar for å få endre kjønn.

Det er også transpersonar som ikkje ynskjer å bytte kjønn. Det finst transpersonar som er fødd jente, føler seg som gut, lev som gut og som er fornøgde med det, og gutar som kan leve som jente utan å endre kjønn, og som ikkje ynskjer å endre noko fysisk. Ein fare ved ei todelt kjønnssyn og moglegheita til å endre kjønn, er at personar som ikkje oppfører seg slik det er venta av eins kjønn, i verste fall kan bli tvungen til behandling.

Finst det lover som omfattar LHBT?

Onlarda yok, yani, eşcinselleri, LGBT genel anlamda, sadece transseksüel kadınların, cinsiyet ameliyatları için düzenleme var, medeni kanunda. Sadece onunla ilgili düzenleme var. (...) Medeni kanun dışında (...) hiç bir şey yok.¹³⁰

[Det er ikkje noko [i lovverket], altså, for homofile, generelt for LHBT finst det berre noko for transkvinner, det er ei ordning for kjønnsoperasjonar, i sivillova. Det er den einaste ordninga som er. Bortsett frå det i sivillova, finst det ikkje noko som helst.]

- Fırat, Lambda İstanbul

Bortsett frå i lova som kan gi transpersonar løyve til å bytte kjønn, er ikkje LHBT nemnt i lovverket. Men andre lover vert ifølgje LHBT-organisasjonane brukt for å dømme homofile og transpersonar. Seçin frå Kaos fortalte om saker der dei det gjeld har kome til organisasjonen for å be om hjelp. Til dømes kan transpersonar og homofile verte utsatt for vald og melde det til politiet, men den tiltalte få mildare straff eller verte frikjent fordi dei skal ha reagert på ein provokasjon. Også drap på transpersonar har vorte straffa med mindre straff enn drap på personar som ikkje er LHBT.¹³¹ Transpersonar har fått bøter for å forstyrre trafikken eller for å angripe offentleg moral når dei har gått i gatene. Slik kan det eksisterande lovverket brukast mot LHBT då det ikkje finst lovgeving som forbyr det.

¹²⁹ Personleg kommunikasjon med Deniz (Kaos). Facebook, 12.12.2014.

¹³⁰ Personleg kommunikasjon med Fırat (Lambda). İstanbul, 08.04.2014.

¹³¹ Karakaş, Burcu. «Trans öldürmek indirime gerekçe!» *Milliyet*. 04.06.2014. <http://www.milliyet.com.tr/trans-oldurmek-indirime-gerekce--gundem-1892227/>

4.3.1 Brot på menneskerettar basert på seksuell orientering og kjønnsidentitet

Drapet på studenten Ahmet Yıldız i 2008 vart som nemnt i innleiinga kjent som det fyrste offentleg kjente æresdrapet på ein homofil i Tyrkia. Faren er enno ikkje funne, så saka er framleis ikkje avslutta.¹³²

Kaos skriv rapportar med oversikt over vald mot og drap på LHBT-personar kvart år. I 2012 vart elleve drepne, av dei seks transpersonar og fem homofile. Det var også mange valdelege angrep på LHBT, i mange ulike byar.¹³³ I 2013 var det tolv drap, og Kaos rapporterer om at talet på valdelege angrep mot LHBT auka frå 2012 til 2013.

Kaos rapporterte ikkje om politivald i 2012 og 2013. Fırat frå støttar opp om dette, og seier at valden utøvd av politiet har gått ned. Det ser altså ut til at den auka valden ikkje er utøvd av politiet, men av sivilpersonar. Ifølgje Fırat har det vore ein nedgang i vald frå politiet mot transpersonar, samanlikna med i 2008 og 2009. Under intervjuet i april 2014, som fann stad før dei sju transkvinnene frå organisasjonen Mersin 7 Renk vart banka opp av politiet, forklarte han det slik:

Çünkü açık transseksüeller haklarını biliyorlar, karşı çıkabiliyorlar, hemen avukatları arayıp yardım isteyebiliyorlar. Yani bir şey olduğu zaman ertesi gün basın açıklaması yapılıyor. Onun için artık polis eskisi gibi değil, şiddet uygulanmıyor, transseksüellere, seks işçi yapanlara. Ama şu an böyle bir durum var, ama daha sonra ne olur bilmiyorum. 2008, 2009'da çok yoğun şiddet vardı.¹³⁴

[Opne transseksuelle kjenner rettane sine, dei kan slå tilbake, dei har moglegheit til å ringe advokatar umiddelbart og be om hjelp. Det vil seie at dersom noko skjer, kjem det ei pressemelding neste dag. Difor er ikkje politiet slik som før lenger, det vert ikkje brukt vald mot transseksuelle og sexarbeidarar. Slik er situasjonen akkurat no, men korleis det vil gå vidare, det veit eg ikkje. I 2008 og 2009 var det svært mykje vald.]

- **Fırat, Lambda İstanbul**

¹³² Tar, Yıldız. «Ahmet Yıldız'ın Katili 6 Yıldır Neden Bulunamıyor?» *Biyadet*. 13.11.2014
<http://www.bianet.org/bianet/lgbti/159938-ahmet-yildiz-in-katili-6-yildir-neden-bulunamiyor>

¹³³ Kaos GL. «Human Rights Report for LGBT People.» 2013.

http://iglhr.org/sites/default/files/lgbt_human_rights_report_of_2012_in_turkey_by_kaos_gl.pdf

¹³⁴ Personleg kommunikasjon med Fırat (Lambda). İstanbul, 08.04.2014.

4.4 Case: Eit likekjønna ekteskap på Bosporos

Likekjønna ekteskap er ikkje tillate i Tyrkia, men to tyrkiske gutar, Emrullah og Ekin, arrangerte sitt uoffisielle bryllaup om bord i ein båt på Bosporos-stredet i Istanbul i september 2013. Dei valte å ha journalistar til stades fordi dei ynskja at det skulle verte offentleg kjent. Dei ville vise at dei finst, og ville fremje retten til å gifte seg med den ein vil. Etter at artiklar om og bileter frå «bryllaupet» vart publisert kasta huseigaren dei ut av leilegheita dei leigde saman. Emrullah mista jobben, og Ekin går ikkje på universitetet lenger, i frykt for å verte utsett for vald. Dei har motteke drapstruslar frå både familien og andre personar frå byen Antakya, heimbyen til Ekin, fordi dei skal ha gitt byen eit dårleg rykte.¹³⁵

Dette illustrerer eit motsetningsforhold eg meiner eksisterer i Tyrkia i dag mellom LHBT-rørsla og liberale kretsar knytta til dei, og den store delen konservative, religiøse menneske i Tyrkia. På den eine sida er det spesielt at to gutar kan gå offentleg ut og fortelje at dei har «gifta seg» på ein yacht på Bosporos, noko sånt kunne truleg aldri hendt i eit anna land i Midtausten (med unntak av Israel). Dei hadde nok tenkt grundig over det dei skulle gjere på førehand, og særleg det at dei ville gjere det offentleg, og vurdert det dit hen at det *ikkje* ville vere farleg for dei. Dei var nok klar over at det var kontroversielt, sidan ingen hadde gjort det same før, men ynskja at det skulle vere eit steg på vegen mot eit tyrkisk samfunn som er meir tolerante mot homofile. Den dagen dei gifta seg, forklarte dei i eit intervju at dei begge hadde fortalt familiane sine at dei var homofile og kjærestar, og at dei trudde familiane ville kome over det, sjølv om ein av familiane hadde stått fast at det berre var ein fase sonen gjekk gjennom. Dei hadde vore saman eit par år, og vore heilt opne om det ute på gata og for familie og vener.¹³⁶ Men etter bryllaupet fekk dei altså drapstruslar og hadde ikkje lenger ein stad å bu eller arbeid eller skule å gå til.

Kontrastane mellom byane og landsbygda generelt er i mange høve enorme i Tyrkia. Saka til Emrullah og Ekin er ikkje eit enkeltstående tilfelle.

¹³⁵ Kaos GL. «Heteroseksist düzen peşlerini bırakmadı: Ekin ve Emrullah ölüm tehditleri alıyor.» 13.10.2014. <http://www.kaosgl.com/sayfa.php?id=17703>

¹³⁶ Kaos GL. «Maviliğin içinde iki beyaz lale: Ekin ile Emrullah.» 23.09.2014. <http://www.kaosgl.com/sayfa.php?id=17571>

4.5 Case: Eit liv i byen, eit på bygda

Då eg var med Metehan frå Listag på ein bar i Istanbul, kom mellom anna eit vakse homofilt par og sette seg ned med oss. Dei kom gåande hand i hand og la ikkje skjul på at dei var kjærestar. Ein av dei var kom frå Libanon, der han framleis budde, og den andre var frå ein liten landsby i Anatolia, men budde i Istanbul. Eg kallar dei Ali og Mehmet. Mehmet fortalte at han driv ein nattklubb for homofile i Istanbul, og har gjort det dei siste femten åra. Før det var han gift, og frå det ekteskapet har han ei dotter som er vaksen og studerer i utlandet. Han skilte seg frå kona utan å fortelje henne at han var homofil. Så flytta han til Istanbul, der han etter kvart starta nattklubben. Han reiser heim til landsbyen mange gonger i året for å besøke familien. Ingen i familien der eller andre i landbyen veit at han er homofil. Han seier ikkje at han driv ein nattklubb for homofile, men at han driv ein annan type stad. Den einaste frå familien hans som veit at han er homofil, og som også veit at han er saman med Ali, er dottera på om lag tjue år som han nyleg har fortalt det til, og som syns det var heilt greitt.

Ali er ikkje opent homofil for nokon i Libanon, men trudde kanskje den eine søstera hadde ein mistanke, sidan han er så lite interessert i å gifte seg.

Historia til Mehmet illustrerer også kontrasten i Tyrkia, som han har tilpassa livet sitt etter. I Istanbul er han ein heilt opent homofil nattklubbeigar med kjærasten på besøk, medan han i landsbyen er ein skilt familiefar som har reist til Istanbul for å arbeide.

5 Det tyrkiske militæret og LHBT

Türk Silahlı Kuvvetleri ordudan eşcinsel olanlar atılıyor. Çünkü ordu, şey olarak, cinsel kimlik bozukluğu görüyorlar.¹³⁷

[Dei som er homofile vert kasta ut av den tyrkiske hæren. For hæren ser på det som ei kjønnsidentitetsforstyrring.]

- **Fırat, Lambda İstanbul**

5.1 Homofil, bifil eller trans i møte med militæret

«Ein kvar tyrkar er fødd soldat» er eit kjent uttrykk i Tyrkia, og militæret er ein viktig symbol den nasjonale identiteten.¹³⁸ Republikken Tyrkia vart oppretta som eit resultat av frigjeringskrigen, noko det vert lagt stor vekt på i lærebøker på skulen der militæret vert framstilt som heltar, og det å utføre militærtjeneste vert rekna som å betale si gjeld overfor nasjonen. Det er ein del av det å verte ein «ordentleg mann». Vernepliktige i det tyrkiske militæret kan til dømes hamne i kamp med den kurdiske separatistørsla PKK, og det er ein reell sjanse for at ein kan døy medan ein utfører militærtjenesta. Militærtjenesta er noko ein i likskap med ritual som dåp og bryllaup, plar feire med fest med familie og venner. Å fullføre militærtjenesta er sosiopolitisk og økonomisk viktig for unge menn i Tyrkia. Å fullføre militærtjenesta gir respekt, og det er vanleg at tradisjonelle foreldre ikkje vil gi dottera si løyve til å gifte seg med nokon som ikkje har utført militærtjeneste. Ein som har utført militærtjenesta har både overlevd og takla manndomsprøva. Arbeidsgivarar føretrekk å gi jobb til nokon som har fullført militærtjenesta.¹³⁹

Det tyrkiske militæret ekskluderer og diskriminerer LHBT-personar på feire måtar. For det fyrste er det forbode for homofile, bifile og trans å utføre militærtjeneste. Dei vert sett på som psykisk sjuke, og dermed som ikkje tenestedyktige.¹⁴⁰ Dersom ein erklærer seg, eller vert erklært, ikkje tenestedyktig, kan dette mellom anna gjere det vanskeleg å få jobb seinare.¹⁴¹

¹³⁷ Personleg kommunikasjon med Fırat (Lambda). İstanbul, 08.04.2014..

¹³⁸ Biricik, Alp. «The “Rotten Report” and the Reproduction of Masculinity, Nation and Security in Turkey». I: Annica Kronsell, Erika Svedberg (Red.) Making Gender, Making War: Violence, Military and Peacekeeping Practices, s. 77-79

¹³⁹ Ibid. 79.

¹⁴⁰ Kaos GL, LGBTI News Turkey & IGLHRC, New York. «Human Rights Violations of LGBT Individuals in Turkey. Submission to the United Nations Universal Periodic Review.» Januar – Februar 2015, s. 10 http://www.kaosgldernegi.org/resim/yayin/dl/upr_submission_on_lgbt_ppl_in_turkey.pdf

¹⁴¹ LGBTI News Turkey. The case of S.Ç.: Discrimination in employment. 02.12.2013. <http://lgbtinewsturkey.com/2013/12/02/case-of-s-c-discrimination-in-employment/>

Samstundes har ikkje tyrkiske statsborgarar rett til å nekte å utføre militærtjeneste av overtydingsgrunnar, altså verken på moralsk, etisk eller religiøst grunnlag, noko som gjer at militæret fryktar at nokon skal prøve å sleppe unna militæret ved å lyge om at dei er homofile, bifile eller trans, til trass for den stigmatiserande diagnosen. Dette medfører at alle som hevdar dei er homofile, bifile og transpersonar må gjennom omfattande og audmjukande rutinar for å prove si seksuelle orientering.¹⁴²

5.1.1 «Alvorleg psykoseksuell sjukdom»

Ifølgje artikkel 72 i den tyrkiske grunnlova er det obligatorisk militærtjeneste for alle menn i Tyrkia.¹⁴³ Menn som har teke høgare utdanning tenestegjer i anten seks månader eller eitt år, medan menn som ikkje har høgare utdanning tenestegjer i atten månader. Men dersom ein er utviklingshemma eller psykisk sjuk, har ein ikkje lov til å utføre militærtjeneste, og sidan homofili vert rekna som det dei i militæret kallar for ein «alvorleg psykoseksuell sjukdom»,¹⁴⁴ fører dette til ekskludering av homofile, bifile og trans.

Lista over psykiske sjukdomar dei følgjer i det tyrkiske militæret er *Diagnostic and Statistical Manual of Mental Disorders (DSM)*. DSM klassifiserer og definerer psykiske lidingar, og vert gitt ut av Den amerikanske psykiaterforeininga, ein fagorganisasjon for amerikanske og internasjonale psykiatrar.¹⁴⁵ Diagnosemanualen er revidert fleire gonger, og den femte og nyaste utgåva kom ut i 2013.¹⁴⁶ Det tyrkiske militæret nyttar framleis DSM-utgåva frå 1968, der homofili vert kategorisert som ein psykisk sjukdom,¹⁴⁷ til trass for at homofili ikkje lenger var rekna som ein psykisk sjukdom allereie i den neste utgåva av DSM, som kom i 1973.¹⁴⁸

¹⁴² Kaos GL, LGBTI News Turkey & IGLHRC, New York. «Human Rights Violations of LGBT Individuals in Turkey. Submission to the United Nations Universal Periodic Review.» Januar – Februar 2015.

http://www.kaosgldernegi.org/resim/yayin/dl/upr_submission_on_lgbt_ppl_in_turkey.pdf

¹⁴³ Biricik, Alp. «The “Rotten Report” and the Reproduction of Masculinity, Nation and Security in Turkey». I: Annica Kronsell, Erika Svedberg (Red.) Making Gender, Making War: Violence, Military and Peacekeeping Practices, s. 77

¹⁴⁴ Kaos GL. *Stk Sorulan Sorular* [Ofte stilte spørsmål]. Ankara: Kaos GL, 2010, s. 31

¹⁴⁵ American Psychiatric Association. «DSM.» <http://www.psychiatry.org/practice/dsm>

¹⁴⁶ Ibid.

¹⁴⁷ Kaos GL, LGBTI News Turkey & IGLHRC, New York. «Human Rights Violations of LGBT Individuals in Turkey. Submission to the United Nations Universal Periodic Review.» Januar – Februar 2015, s 10

http://www.kaosgldernegi.org/resim/yayin/dl/upr_submission_on_lgbt_ppl_in_turkey.pdf

¹⁴⁸ LGBT Mental Health Syllabus, «The History of Psychiatry & Homosexuality.» http://www.aglp.org/gap/1_history/

5.1.2 Å prove for militæret at ein er homofil

Militæret nyttar audmjukande metodar for å finne ut om nokon som hevdar han er homofil, verkeleg er det. Alp Biricik har skrivne om prosedyrane i *The «Rotten Report» and the Reproduction of Masculinity, Nation and Security in Turkey*,¹⁴⁹ og fortel om omfattande spørjeundersøkingar og psykologiske personlegdomstestar, som berre er nokre av testane homofile må gjennom for å få ein medisinsk rapport som seier at dei er ikkje tenestedyktige.¹⁵⁰ Militæret gjennomfører også såkalla medisinske undersøkingar, som kan innebere ei rektal undersøking ved militærshukehuset.¹⁵¹ Etter desse undersøkingane vert søkaren sendt til ein medisinsk komité for den endelege avgjersla. Dersom komiteen ikkje er nøgde med funna frå undersøkingane, kan søkaren i enkelte høve måtte verte verande ved sjukehuset i ei til tre veker for vidare observasjon og testar, og kan i verste fall måtte vente opp til tre år til på svar, med årlege oppfølgingar av undersøkingane for å følgje med på eventuelle forandringar i søkaren sin helsetilstand. Når nokon får diagnosen og den medisinske rapporten, vert dette også sendt til politiet.¹⁵²

I andre tilfelle kan militæret kalle inn foreldre eller andre familiemedlemmer for å bekrefte seksuell orientering.¹⁵³ Foreldre kan verte spurt ut om korleis sonen deira har vorte slik, kva han har leika med i oppveksten og korleis han har utvikla seg. Dette kan militæret gjere til trass for at den det gjeld ikkje har fortalt foreldra at dei er homofile.¹⁵⁴

Tidlegare kunne militæret også stille krav om bileter som prov seksuell orientering. Militæret kunne krevje at han som hevda han var homofil måtte levere minst to bileter som viste han hadde samleie med ein annan mann. For å vere sikker på at det var riktig person på biletet eller videoen, måtte også ansiktet vere synleg.¹⁵⁵

Praksisen med biletprov vart eit kjent døme på diskrimineringa av homofile i Tyrkia mellom folk med kjennskap til LHBT-situasjonen, og er mykje omtalt i rapportar frå

¹⁴⁹ Biricik, Alp. «The “Rotten Report” and the Reproduction of Masculinity, Nation and Security in Turkey». I: Annica Kronsell, Erika Svedberg (Red.) *Making Gender, Making War: Violence, Military and Peacekeeping Practices*. New York: Routledge, 2011.

¹⁵⁰ Ibid.

¹⁵¹ Ibid.

¹⁵² Ibid.

¹⁵³ Ntvmsnbc. «TSK: Eşcinsel değil hastasın.» 27.04.2012. <http://www.ntvmsnbc.com/id/25343838/>

¹⁵⁴ Personleg kommunikasjon med Fırat (Lambda). Istanbul, 08.04.2014.

¹⁵⁵ Biricik, Alp. «The “Rotten Report” and the Reproduction of Masculinity, Nation and Security in Turkey». I: Annica Kronsell, Erika Svedberg (Red.) *Making Gender, Making War: Violence, Military and Peacekeeping Practices*. New York: Routledge, 2011.

menneskerettsorganisasjonar og i tyrkisk og vestleg media.¹⁵⁶ Firat frå Lambda fortalte meg i april 2014 at denne praksisen no er avskaffa. Han hevda at ei av årsakene til at det no ikkje lenger er lov å spørje om bilete eller video, var at store utanlandske aviser og tidsskrift som til dømes Der Spiegel byrja å skrive om det.¹⁵⁷

Som homofil, bifil eller trans kan ein la vere å fortelje militæret om si seksuelle orientering eller sin kjønnsidentitet og utføre militærtjenesta. Dette inneber at ein må skjule identiteten sin i seks, tolv eller atten månader, og at ein må ta sjansen på at militæret ikkje finn ut av dette så lenge ein er i militæret. Firat hevda at dersom militærpersonellet får nyss om at nokon er homofile, kan ein vente seg trakassering og, som han forklarar i innleiingssitatet, er det fare for å verte kasta ut av militæret. Dette vil kunne medføre at foreldra dine vert kontakta og informert, med dei konsekvensane det kan ha.¹⁵⁸

Etter å ha fått diagnosen som psykisk sjuk, vil ein kunne kome i situasjonar der ein mot si vilje må fortelje om si seksuelle orientering.¹⁵⁹ Ettersom militærtjenesta er obligatorisk, er det vanleg at arbeidsgivarar og andre spør om når ein har tenkt å utføre militærtjenesta, eller kva som er årsaka dersom ein ikkje skal gjere det. Ifølgje Alp Biricik kan det også innebere å ikkje kunne reise utanlands. Ein som ikkje har fullført militærtjenesta står i fare for å verte nekta å forlate landet, og kan verte arrestert av grensekontrollen til trass for gyldig pass og visum.¹⁶⁰

I ei undersøking gjennomført av Lambda i 2005, spurte dei 215 homofile og bifile menn om dei hadde fått utstedt medisinsk rapport som erklærer dei ikkje tenestedyktige. Av dei hadde 27 sagt at dei var homofile, og med det forsøkt å få utstedt rapporten.¹⁶¹ Seks av dei vart nekta rapporten med ein gong. Dei 21 andre fortalte om det dei kalla umenneskeleg og nedverdiggande behandling under undersøkingane. Seks av dei måtte legge fram bileter av at dei hadde samleie og 13 måtte gjennomgå rektal undersøking. Av dei 21 som var inne til undersøking, var det 14 som fekk diagnosen «alvorleg psykoseksuell sjukdom» og fritak frå

¹⁵⁶ Azizlerli, Emre. «Proving you're gay to the Turkish army.» *BBC News*. 19.06.2014.

<http://www.bbc.com/news/magazine-17474967>

¹⁵⁷ Personleg kommunikasjon med Firat (Lambda). Istanbul, 08.04.14.

¹⁵⁸ Personleg kommunikasjon med Firat (Lambda). Istanbul, 08.04.14.

¹⁵⁹ LGBTI News Turkey. The case of S.Ç.:Discrimination in employment. 02.12.2013.

<http://lgbtinewsturkey.com/2013/12/02/case-of-s-c-discrimination-in-employment/>

¹⁶⁰ Biricik, Alp. «The “Rotten Report” and the Reproduction of Masculinity, Nation and Security in Turkey.» I: Annica Kronsell, Erika Svedberg (Red.) *Making Gender, Making War: Violence, Military and Peacekeeping Practices*. New York: Routledge, 2011. s. 78

¹⁶¹ Ibid.: s. 81-82

militærtjeneste, medan sju av dei ikkje kvalifiserte som homofile, då dei ikkje var feminine nok.¹⁶²

5.1.3 Informantane mine og militæret

Sjølv om dei to mannlege informantane mine var opent homofile for familie og venner hadde dei begge valt å utføre militærtjenesta. Eg snakka mest med Firat om dette og fekk inntrykk av at det var noko han følte seg forplikta til, men også hadde lyst til å gjere. Firat sa at han fortalte til nokon av dei han vart venn med i militæret at han er homofil, og at det ikkje var noko problem, men at venner av han som er meir «feminine» enn han sjølv har opplevd å verte nekta å utføre militærtjeneste, eller har vorte utsatt for trakassering i militæret.¹⁶³

5.2 LHBT i militæret i Tyrkia samanlikna med andre land i Midtausten

Det uavhengige nederlandske forskingsinstituttet *The Hague Centre for Strategic Studies* publiserte i 2014 ei rangering av politikken overfor LHBT-personar i militæret i 103 ulike land.¹⁶⁴ Landa er rangert frå mest til minst inkluderande, basert på i kva grad praksisen fører med seg inkludering, opptak, toleranse, ekskludering, eller forfølging av LHBT-personar. Det er fyrste gong ei slik oversikt er laga, og det vart gjort på oppdrag frå det nederlandske forsvarsdepartementet i høve at det var 40 år sidan Nederland vart det fyrste militæret i verda til å tillate at LHBT-personar kan tenestegjere opent.

Faktorane som avgjer korleis landa skårar på *opptak* er om dei praktiserer «opptak uavhengig av seksuell orientering» og/eller «opptak uavhengig av kjønnsidentitet». Der kan ein sjå at det er 53 land som tillét opptak av personar som er lesbiske, homofile eller bifile, og at 25 av desse også tillét opptak av transpersonar. Av landa i Midtausten er det berre Israel som tillét opptak av både lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i militæret. Land som ser på homofile og bifile som sjuke og land som ser på transpersonar som det, vert definert som *ekskluderande*. Tyrkia fyller alle krava for ekskludering. I Tyrkia er det forbode både for

¹⁶² Ibid.: 81-82.

¹⁶³ Personleg kommunikasjon med Firat (Lambda). Istanbul, 08.04.2014 .

¹⁶⁴ Polchar, Joshua, Tim Sweijs, Philipp Marten and Jan Hendrik Galdiga. *LGBT Military Index*. Hague: The Hague Centre for Strategic Studies, 11.06.2014. <http://projects.hcss.nl/monitor/88/>

homofile, bifile og transpersonar å utføre militærtjeneste, nettopp fordi dei ser på det som ein psykisk sjukdom, og det er ulovleg å utføre militærtjenesta dersom du er psykisk sjuk.

Av dei andre landa i Midtausten og Nord-Afrika som er med i indeksen, er det berre Israel som ikkje fyller eitt eller fleire av kriteria for ekskludering. I tillegg til at homofile og transpersonar kan utføre militærtjeneste i Israel, har dei tiltak for å hindre diskriminering på grunnlag av seksuell orientering eller kjønnsidentitet i militæret, og militæret er representert i Pride-paraden og andre LHBT-arrangement i landet. Alle landa i Midtausten som er med i indeksen ekskluderer LHBT-personar ved å forby dei å utføre militærtjeneste. Jemen, Oman, Jordan og Dei palestinske områda er det ikkje informasjon om i indeksen. Men Jemen praktiserar dødsstraff for homofili, og i resten av dei nemnte landa er det fengselsstraffer frå eit halvt til sju år,¹⁶⁵ noko som gir grunn til å anta at indeksen ikkje skjuler nokon unntak i desse landa heller.

¹⁶⁵ Itaborahy, Lucas Paoli & Jingshu Zhu. «State Sponsored Homophobia. A world survey of laws: Criminalisation, protection and recognition of same-sex love.» *ILGA*. 30.04.2014. http://old.ilga.org/Statehomophobia/ILGA_SSHR_2014_Eng.pdf

6 Tyrkisk politikk og LHBT

Erdoğan'ın 2002'de aslında bir åıklaması var, ve şey diyor «LGBT hakları da insan haklarıdır». Ve biz seçildiğimiz zaman herkesi, ben, iste, herkesi kucaklayacağım, diyor, ama hiç bir şey olmadı. Ama bizim için bir şaşkırtıcı değil.¹⁶⁶

[Erdoğan har ei utsegn i 2002, der han seier «LHBT-rettar er også menneskerettar». Og då han vart valt sa han også at han skulle omfamne alle, men det skjedde absolutt ingen ting. Men det er ikkje noko overrasking for oss.]

- Seçin, Kaos GL

I høve valkampen i 2002, før Recep Tayyip Erdoğan vart statsminister for fyrste gong, deltok han i TV-programmet *Genç Bakış* [Ungdommens synspunkt]. Programmet plar mellom anna å arrangere debattar mellom politikarar og studentar på ulike universitet. Då Erdoğan var med i 2002, stilte ein av studentane han dette spørsmålet: «Som vi veit så eksisterer det homofile borgarar i Tyrkia.» Alle i salen byrja å le. «Desse borgarane har ikkje dei same rettane her som dei har i mange andre europeiske land, der dei til dømes har rett til å gifte seg. Kva tenker du personleg om dette temaet, Herr Erdoğan, bør homofile sine rettar anerkjennast eller ikkje?»¹⁶⁷ På dette spørsmålet svarte dåverande statsministerkandidat Erdoğan:

Eşcinsellerin de kendi hak ve özgürlükleri çerçevesinde yasal güvence altına alınması şart. Zaman zaman bazı televizyon ekranlarında onların da muhatap oldukları muameleleri insani bulmuyoruz.¹⁶⁸

[Vi er nøydde til å sikre også homofile sine rettar og fridomar gjennom lovverket. Den behandlinga vi frå tid til annan ser på TV at dei får, finn vi ikkje human.]

- Recep Tayyip Erdoğan

Sitatet vart kjent, og er ofte referert til og nytta av organisasjonane. Dei forsøker stadig å minne Erdoğan på at han har sagt det,¹⁶⁹¹⁷⁰ ettersom det er den einaste gongen Erdoğan har uttalt noko offentleg om LHBT som kan karakteriserast som positivt. Med tanke på kva for haldningar han og AKP har uttrykt overfor LHBT seinare, er det iaugefallande at han har hatt denne utsegna om han meiner at LHBT må få rettार gjennom lovverket. Informantane frå

¹⁶⁶ Personleg kommunikasjon med Seçin og Deniz (Kaos). Ankara, 10.04.2014.

¹⁶⁷ Kaos GL. *Erdoğan'ın Eşcinsel Hakları Sözü* [Videoklipp]. 28.05.2012. Henta frå http://www.youtube.com/watch?v=-bp6grWsIJA&feature=player_embedded

¹⁶⁸ Ibid.

¹⁶⁹ Kaos GL. «17 Mayıs'ta Başbakan Erdoğan'a LGBT'leri Hatırlat!» 16.05.2013. <http://kaosgl.org/sayfa.php?id=14179>

¹⁷⁰ Altay, Erkan. «AKP'li Şentop, Başbakan'ın Sözlərini Boşa Çıkardı!» *Kaos GL*. 15.09.2012. <http://www.kaosgl.com/sayfa.php?id=12281>

Kaos tek som ei sjølvfølge at han ikkje meinte noko med det han sa.¹⁷¹ Erdoğan har hatt makta i 13 år etter utsegna utan å gi LHBT-personar juridisk vern.

6.1 AKP

Partiet for rettferd og utvikling, *Adalet ve Kalkınma Partisi* (AKP), har sitte ved makta i Tyrkia sidan 2002. Programmet deira har fokus på økonomisk og administrativ utvikling. I programmet sitt legg dei også vekt på nødvendigheita av å fremje menneskerettar, demokrati og ytringsfridom, og på behovet for å utvikle ein fungerande rettsstat. I partiprogrammet insisterer dei på at lovene må basere seg på universelt aksepterte prinsipp, som respekt for menneskerettar, vern av individets rettar og fridom og likskap for alle borgarar.¹⁷²

AKP er eit religiøst parti som ofte har vorte skulda av opposisjonen for å islamisere Tyrkia. Under regjeringstida til AKP har 17 000 nye moskear vorte bygd¹⁷³ og mellom anna nye reglar for regulering av alkoholsal og -konsum vert tolka som steg på vegen mot islamske lover.

Noko som har gjort Erdoğan populær, er at han har gjort forsøk på å løyse indre konfliktrar ved å gi auka rettar til kurdarar, ei undertrykt minoritetsgruppe i Tyrkia. Han har mellom anna forbetra infrastrukturen i hovudsakleg kurdiske områder som tidlegare har vore nedprioriterte, gjort det lovleg å undervise i kurdisk og han har opna opp for dialog med den fengsla PKK-leiaren Abdullah Öcalan. Dette har bidrege til at han har fått mange kurdiske stemmer ved vala.¹⁷⁴ Men den siste tida har nabolaget vore svært ustabil, med borgarkrig i Syria og, sidan det siste kvartalet av 2014, med kampar mellom kurdarar og IS like ved den tyrkiske grensa. Vestlege land har skulda Tyrkia for å sleppe islamistiske krigarar inn i Syria via Tyrkia, og Erdoğan ser ut til å ha mista popularitet mellom kurdarar.¹⁷⁵

¹⁷¹ Personleg kommunikasjon med Deniz og Seçin (Kaos). Ankara, 10.04.2014.

¹⁷² Utvik, Bjørn Olav. *Islamismen*. Oslo: Unipub. 2011, s. 285-287

¹⁷³ Strauss, Barry. «4 Jarring Signs of Turkey's Growing Islamization.» *The Atlantic*. 31.05.2013. <http://www.theatlantic.com/international/archive/2013/05/4-jarring-signs-of-turkeys-growing-islamization/276425/>

¹⁷⁴ Tanchum, Michael. «Erdoğan Wins Presidency With an Unsustainable Majority.» *The Turkey Analyst*. 13.08.2014.

<http://www.turkeyanalyst.org/publications/turkey-analyst-articles/item/336-erdogan-wins-presidency-with-an-unsustainable-majority.html>

¹⁷⁵ Zaman, Amberin. «Erdogan's presidential dreams hang by thread.» 28.05.2015. http://www.al-monitor.com/pulse/originals/2015/05/turkey-elections-akp-erdogan-presidential-dreams-hang.html?utm_source=Al-Monitor+Newsletter+%5BEnglish%5D&utm_campaign=2ed6190ccd-May_28_2015&utm_medium=email&utm_term=0_28264b27a0-2ed6190ccd-102416629

6.1.1 AKP om LHBT

I løpet av åra ved makta har ikkje Erdoğan snakka med nokon representantar frå den tyrkiske LHBT-rørsla, ifølgje informantane mine frå LHBT-organisasjonane og Den norske ambassaden.¹⁷⁶ Heller ikkje AK LGBT, LHBT-gruppa som har kalla seg opp etter, støtter og stemmer på AKP, har hatt dialog med nokon frå partiet.¹⁷⁷ Men ved enkelte høve har ulike politikarar frå AKP hatt nokre offentlege utsegner om LHBT, som alle kan karakteriserast som negative.

I 2010 sa den dåverande kvinne- og familieministeren frå AKP, Selma Aliye Kavaf, at ho meiner at homofili er ein sjukdom.¹⁷⁸ Vidare sa ho at likekjønna ekteskap ikkje er på agendaen i hennar parti, men at det heller ikkje behov for det, fordi ho meiner homofili heller bør behandlast.

Ordføraren i Ankara, Melih Gökçek frå AKP, sa i 2012 at homofili ikkje høyrer til den tyrkiske kulturen. Kvart samfunn har sine eigne moralske verdiar, og det tyrkiske samfunnet kan ikkje foreinast med homokulturen i Europa, ettersom tyrkarar har vokst opp med andre synspunkt og ein annan moral. Vidare sa han at han håper at Tyrkia aldri vil få ein homofil ordførar.¹⁷⁹

I mars 2013 skreiv tyrkisk media om ein gut med tyrkiske foreldre, busette i Nederland, som hadde vorte fosterheimsplassert hjå eit lesbisk par der. Då oppmoda statsminister Erdoğan nederlandske myndigheiter om å la tyrkiske born vakse opp med foreldre frå sin eigen kultur og religion. Erdoğan sa då at «homofili er ein seksuell preferanse som går i mot den islamske kulturen», og at dei difor ikkje ynskjer at opphavleg tyrkiske born veks opp med homofile eller lesbiske foreldre.¹⁸⁰

I mai same år vart LHBT diskutert i høve arbeidet med forslag til ny grunnlov. Türkan Dağoğlu frå AKP sa i dette høvet at ho som lege tenker at «den tilstanden som vert kalla for

¹⁷⁶ Personleg kommunikasjon med Firat (Lambda), Istanbul 08.04.2014; Personleg kommunikasjon med Seçin og Deniz (Kaos), Ankara 10.04.2014; Personleg kommunikasjon ilsette ved ambassaden, Ankara, 11.04.2014.

¹⁷⁷ Personleg kommunikasjon med Nurullah (AK LGBT), Facebook, 9. oktober 2014.

¹⁷⁸ Hürriyet Daily News. «'Homosexuality is a disease' says Turkish minister.» 03.07.2010.

<http://www.hurriyetdailynews.com/default.aspx?pageid=438&n=8216homosexuality-is-a-disease8217-says-minister-2010-03-07>

¹⁷⁹ Dailymotion. «Okan'dan Melih Gökçek'e Gay Sorusu» 03.04.2012.

http://www.dailymotion.com/video/xpvc7_okan-dan-melih-gokcek-e-gay-sorusu_tv

¹⁸⁰ Hürriyet Daily News. «Erdoğan criticizes Rutte over same-sex foster care of Turkish kids.» 21.03.2013.

<http://www.hurriyetdailynews.com/erdogan-criticizes-rutte-over-same-sex-foster-care-of-turkish-kids.aspx?pageID=238&nID=43414&NewsCatID=359>

LHBT er ei unormal åtferd.» Ho sa også at homofile ekteskap øydelegg samfunnet, og at ho meiner det er viktig å ikkje sjå på Vesten som eit førebilete på dette området. Ho viser til protestar i Frankrike etter at likekjønna ekteskap vart lovleg, og meiner dette viser at opinionen i mange utvikla og demokratiske land ikkje er klar for slike lover.¹⁸¹

6.1.2 Kva for syn fremjer AKP?

Utsegnene gir innsikt i kva AKP legg til grunn for sin motstand mot LHBT. Kavaf og Dağoğlu meiner begge at homofili ikkje er normalt, men sjukdomar, og at det øydelegg samfunnet. Dağoğlu er lege og parlamentsmedlem, noko som gir grunn til å tru at det vil kunne vere overtydande for mange. Måten dei blandar retorikk om homofili som ein sjukdom, som er noko som er øydeleggande for mennesket, og om homofili som noko som øydelegg samfunnet, på, får det til å høyres ut som dei stiller diagnosen «ein samfunnssjukdom». Dağoğlu åttvarar også direkte mot den uroa det kan skape i samfunnet å gi rom for rettar som likekjønna ekteskapslov. Ho knyter det til opprør og protestar, samt hevdar at Tyrkia like fullt kan vere eit utvikla og demokratisk land *utan* juridiske rettar for LHBT-befolkninga.

Erdoğan kallar homofili for ein *preferanse*, noko som inneber at det er mogleg for LHBT-personar å velje annleis. Dette er ikkje spesielt kontroversielt, men ei utbredt oppfatning i Tyrkia. Han knyt dette til religion, ved å kalle det for ikkje tilhøyrande den islamske kulturen. Eg tolkar det dit hen at han oppmodar dei som er tilbøyelege til å «velje» å vere LHBT til å velje annleis, på grunnlag av religionen.

Erdoğan og Gökçek fremjer eit syn på homofili som ein umoralsk kultur tilhøyrande Vesten, basert på eit heilt anna verdisett enn det tyrkiske og det islamske.

Kaos meiner at desse utsegnene frå folk med juridisk ansvar for å beskytte alle menneske, avlar diskriminering og vald mot LHBT-personar og bidreg til å spreie ei fiendtleg haldning overfor personar med ulike seksuelle orienteringar og kjønnsidentitetar.¹⁸²

I møte med Ambassaden i Ankara sa ambassadøren at han meiner hovudårsaka til AKP sin motstand mot LHBT-rørsla og deira krav om rettar, er familiepolitikken til AKP. Det å anerkjenne at det finst ulike seksuelle orienteringar og kjønnsidentitetar strid imot denne

¹⁸¹ Bianet. «LGBT'lere İlişkin Meclis Araştırması Önerisi Reddedildi.» 30.05.2013.

<http://www.bianet.org/bianet/siyaset/147024-lgbt-lere-iliskin-meclis-arastirmasi-onerisi-reddedildi>

¹⁸² Kaos GL, LGBTI News Turkey & IGLHRC, New York. «Human Rights Violations of LGBT Individuals in Turkey. Submission to the United Nations Universal Periodic Review.» Januar – Februar 2015, s. 8

politikken, ifølgje han.¹⁸³ Familien vert sett på som eit av dei viktigaste fundamenta i Tyrkia, og er framleis den grunnleggande sosiale strukturen for å oppretthalde nasjonal einskap og moral.¹⁸⁴ AKP skriv dette om familie i partiprogrammet sitt:

Muhafazakâr demokrat bir parti olarak aileye büyük önem veriyoruz. Sosyal politikalarımızın esası, toplumumuzun gücünü oluşturan ve geleceğimizi şekillendiren ailelerimizin korunması, geliştirilmesi ve desteklenmesidir.¹⁸⁵

[Som eit konservativt demokratisk parti prioriterer vi familien svært høgt. Fundamentet for vår sosialpolitikk er at familiane våre, som utgjer styrken til samfunnet og formar framtida vår, vert beskytta, utvikla og støtta.]

Dette synet kjem ofte til uttrykk. Til dømes oppmodar Erdoğan stadig folk om å få mange barn. Han meiner alle kvinner i Tyrkia bør føde minst tre barn, slik at den unge befolkninga ikkje minkar.¹⁸⁶ Premissen for mykje av det Erdoğan oppmodar om og innfører lover for, er at forhold finn stad berre mellom mann og kvinne. I 2015 har AKP innført subsidiar for par som giftar seg tidleg, samt pengestøtte for kvart barn ei kvinne føder. Støtta vert høgare dess fleire barn ei kvinne får.¹⁸⁷

6.1.3 LHBT-vennlege stemmer i AKP?

Ifølgje den franske Tyrkia-forskaren Tania Gisselbrecht har Kavaf fått kritikk frå andre i AKP etter sitt negative utsegn om LHBT. Parlamentsmedlemmane Zafer Üskül, Nursuna Memecanet og Egemen Bağış skal alle ha vore kritiske. Statsvitaren Fatma Bostan Unsal, ein av dei 64 grunnleggarane av AKP, har ifølgje Gisselbrecht sagt at alle menneskerettane er gyldige også for LHBT-personar. Ho skal ha argumentert for at lova mot hatkriminalitet også burde inkludere LHBT, særleg ettersom det er dei som er aller mest utsett for hatkriminelle handlingar. Vidare skal ho ha invitert LHBT-samfunnet til å komme og be i moskeen, og

¹⁸³ Personleg kommunikasjon med Janis Bjørn Kanavin. Ankara, 11.04.2014.

¹⁸⁴ Gisselbrecht, Tanya. «Glimpses of Turkey's Religious Opposition : Islam a Partner for Democratization?» I: EU-Turkey Dialogue Initiative Working Paper, No. 4. *Bridging Europe*, s. 16

¹⁸⁵ AK Parti. «AK Parti 2023 Siyasi Vizyonu.» 30.09.2011 http://www.akparti.org.tr/site/akparti/2023-siyasi-vizyon#bolum_

¹⁸⁶ Today's Zaman. «Era of concessions over in Cyprus, PM Erdoğan says.» 19.07.2011. http://www.todayszaman.com/newsDetail_openPrintPage.action?newsId=250928

¹⁸⁷ Doğan, Zülfikar. «AKP'nin 'Çocuğu yap, altını kap' ve 'Haydi gençler evliliğe' kurnazlığı!» *Al Monitor*. 09.02.2015. <http://www.al-monitor.com/pulse/originals/2015/02/turkey-government-early-marriages.html>

argumentert for at det ikkje er i samsvar med trua å ekskludere nokon.¹⁸⁸ Vi ser at røstene i AKP ikkje er 100 prosent samstemte når det gjeld tolking av islam og LHBT.

6.2 AK LGBT

Med tanke på utspela politikarar frå AKP har kome med, og at AKP er eit religiøst parti, vart eg overraska då Firat i Lambda fortalte om den nye gruppa AK LGBT, for homofile AKP-veljarar, som blei danna etter lokalvalet i 2014. Gruppa fekk merksemd i Tyrkia då dei møtte opp på ein av talane Erdoğan heldt i høve presidentvalet i 2014 med store regnbogeflagg. Facebook-sida deira er prega av deira politiske tilhøyrse, og mykje av det dei publiserer er støtteerklæringar til AKP i form av bileter, nyhende og tekst. Dei har også lagt ut og kommentert dei LHBT-fiendtlege kommentarane frå AKP-politikarar, og mellom anna fordømt Melih Gökçek sitt utsegn om at han håper det aldri vert ein homofil ordførar i Tyrkia.¹⁸⁹

AK LGBT har uttrykt ynskje om å verte anerkjent som minoritet, og håp om at det kan skje endringar under presidentskapet til Erdoğan. Den 10. august 2014, den dagen Erdoğan vann presidentvalet, skreiv dei «Yeni Türkiye yolunda biz de varız!» [I det nye Tyrkia finst også vi!].

I dei fyrste intervjuva AK LGBT gav i etterkant av valkamptalen til Erdoğan var representantane for gruppa anonyme. Men i høve det komande parlamentsvalet 7. Juni 2015 har over 30 lesbiske, homofile og transpersonar frå gruppa lagt ut bileter av seg sjølve med teksten «Mi stemme går til AKP.» Til trass for at dei stemmer på og har kalla seg opp etter AKP, har dei enno ikkje hatt kontakt med politikarar frå partiet.

Ak parti politikacılarla görüşmedik; isteğimiz yada talebimiz olmadı. Türkiye’de şuan Işid konusu varken bizlerin LGBT konusu ile gündem yaratmamız beklenmez. Ayrıca LGBT hakları 30 yıldır mücadele veriyor gelinen nokta sıfır. Fakat biz bunu değiştireceğiz, bu da zamanla. Henüz çok erken.¹⁹⁰

[Vi har enno ikkje møtt politikarar frå AKP og har heller ikkje hatt ynskje om det eller forsøkt å få kontakt. Slik situasjonen er i Tyrkia no, medan vi står ovanfor utfordringa ISIL, kan ein heller ikkje vente at LHBT-saka skal vere på dagsorden. I 30 år har det vorte kjempa for LHBT-rettar, utan at noko som helst er oppnådd. Men med tida skal vi endre dette. Det er framleis svært

¹⁸⁸ Gisselbrecht, Tanya. «Glimpses of Turkey’s Religious Opposition : Islam a Partner for Democratization?» I: EU-Turkey Dialogue Initiative Working Paper, No. 4. *Bridging Europe*, s. 17.

¹⁸⁹ Ak Parti LGBT Bireyleri. *Facebook*. 11.08.2014.

¹⁹⁰ Personleg kommunikasjon med Nurullah (AK LGBT), *Facebook*, 9. oktober 2014.

tidleg.]

- **Nurullah, AK LGBT**

Dei ynskjer ikkje å gå rett til AKP for å prøve å overtyde dei om å anerkjenne seksuelle minoritetar med ein gong. Nurullah seier i intervju med *IMC TV* at dei ynskjer å endre AKP innanfrå.¹⁹¹ Dei vil starte med å vise seg fram og formidle at det også er LHBT-personar mellom veljarane til AKP, og Nurullah trur at partiet sakte men sikkert vil venne seg til at dei finst.¹⁹² Dei ynskjer å fortelje AKP-veljarar og andre konservative kva LHBT er, og kva for utfordringar dei står overfor og kva for problem dei møter i kvardagen. Dette vil kanskje gjere det mogleg å verte anerkjent og få juridisk vern.

AK LGBT synast å vere veldig lojale til presidenten, og i høve korrupsjonsskuldingar mot Erdoğan sa Nurullah at «det einaste vi skuldar han for, er å ha stole hjarta våre.»¹⁹³ Dei argumenterer for at minoritetar som kurdarar og ikkje-muslimar har fått større fridomar under Erdoğan, og trur han er den rette leiaren til å gjere LHBT-personar friare. Dei trur Erdoğan vil innføre LHBT-rettar når tida er inne, men er kritiske til den noverande LHBT-politikken til AKP. Dette kjem tydeleg fram frå Facebook-sida deira.

Om det å vere homofil i eit miljø med mange svært religiøse og konservative personar seier Nurullah at det finst både dei som er tolerante og dei som er intolerante overfor homofile, og at han prøver å fortelje dei han møter om LHBT-rettar og om korleis LHBT-personar har det i Tyrkia i dag. Han fortel om transpersonar sin situasjon, at det kan vere vanskelig å få jobb, at dei ikkje går trygt på gata, om vald frå politiet og om andre vedvarande problem. Han seier at transpersonar og transvestittar har enda større problem enn homofile og lesbiske, og prøver ifølgje han sjøl å forklare folk at ein no må kjempe for å få slutt på dette.¹⁹⁴

Kanskje kan svært lojale veljarar av AKP klare å overtyde regjeringspartiet om å opne for ein debatt om LHBT-rettar på eit seinare tidspunkt? Alt tyder på at Erdoğan og AKP ikkje kjem til å miste makta med det fyrste. Og slik situasjonen er i dag, er det nok AKP med majoriteten av representantane i parlamentet ein må ha på laget for å få til dei store endringane, slik som til dømes det å verte anerkjent som minoritet er. Så kanskje kan eigne veljarar lettare nå fram

¹⁹¹ IMC TV. *Muhafazakar eşcinseller AK LGBTİ adı altında örgütlendi* [Videoklipp]. 04.08.2014. Tilgjengeleg frå: <https://www.youtube.com/watch?v=ArxY0xrNMpA>

¹⁹² Ibid.

¹⁹³ Taraf. «AK LGBT: AK Parti'yi içeriden dönüştüreceğiz.» 05.08.2014. <http://www.taraf.com.tr/haber-ak-lgbt-ak-partiyi-iceriden-donusturecegiz-160837/>

¹⁹⁴ IMC TV. *Muhafazakar eşcinseller AK LGBTİ adı altında örgütlendi* [Videoklipp]. 04.08.2014. Tilgjengeleg frå: <https://www.youtube.com/watch?v=ArxY0xrNMpA>

enn «Gezi-demonstrantane»? Kan dei endre AKP innanfrå?

Dei er framleis små, med nokre hundre medlemmer, men AK LGBT er ei klar påminning om at mentaliteten i AKP i alle høve ikkje er så homogen som ein kunne tru.¹⁹⁵

6.3 LHBT i valkampane

I Tyrkia er det lokalval og parlamentsval. Desse vala vert vanlegvis haldne kvart fjerde år. Det førre parlamentsvalet var i 2011, og det neste er i juni 2015. Det førre lokalvalet var i 2014. Tidlegare har presidenten vorte valt av parlamentsmedlemene, men i 2014 vart det fyrste direkte presidentvalet halde nasjonalt. Eg vil undersøke korleis fokuset har vore på LHBT i politikken frå det førre parlamentsvalet og fram til i dag. Har partia hatt nokon LHBT-personar blant sine kandidatar? Og kva kontakt har organisasjonane hatt med dei ulike partia i valkampane?

6.3.1 Opposisjonen

I det tyrkiske parlamentsvalet er sperregrensa 10 prosent. Det var tre parti som kom over sperregrensa ved det førre parlamentsvalet i 2011. Det var AKP, som fekk nesten 50 prosent av stemmene, CHP som fekk om lag 25 prosent og MHP som fekk 13 prosent. AKP fekk 327 av 550 seter i parlamentet.

CHP står for *Cumhuriyet Halk Partisi* som på norsk tyder «Det Republikanske Folkepartiet». CHP er kemalistpartiet, som er partiet Mustafa Kemal Atatürk starta. CHP kallar seg eit sosialdemokratisk parti. Logoen til partiet består av dei seks pilane som representerer Atatürk og kemalismen sine grunnprinsipp: republikanisme, nasjonalisme, etatisme, populisme (som i å tene heile folkets interesser), revolusjonisme (som vedvarande reformeringsprosess) og sekularisme. Partiet vert i dag leia av Kemal Kılıçdaroğlu og er det største opposisjonspartiet. MHP står for *Milli Hareket Partisi* som kan omsetjast til Nasjonalistisk handlingsparti. MHP er eit nasjonalistisk parti som vert leia av Devlet Bahçeli. I tillegg er det uavhengige kandidatar i parlamentet. Mange av dei høyrer til det kurdiske partiet BDP som er det fjerde største partiet i Tyrkia. BDP står for *Bariş ve Demokrasi Partisi* og tyder Partiet for fred og demokrati. BDP er eit sosialistisk parti. Andre parti som er omtala i dette kapittelet er DSP,

¹⁹⁵ Gisselbrecht, Tanya. «Glimpses of Turkey's Religious Opposition : Islam a Partner for Democratization?» I: EU-Turkey Dialogue Initiative Working Paper, No. 4. *Bridging Europe*, s. 1.

Demokratik Sol Partisi, «Demokratisk venstreparti», HDP, *Halkların Demokratik Partisi*, Folkets demokratiske parti og TKP, *Türkiye Komünist Partisi*, Tyrkisk kommunistparti.

6.3.2 Parlamentsvalet i juni 2011

Ved parlamentsvalet i juni 2011 skulle 550 medlemmer veljast. Det å ha representantar frå LHBT-rørsla i parlamentet kan sikre at nokon tek opp temaet til diskusjon der, og ifølgje informantane mine hadde fleire av partia lova å nominere LHBT-personar til dette valet.¹⁹⁶ Men ingen LHBT-personar vart nominerte til parlamentsvalet.¹⁹⁷

Under dette valet vitja nokre politikarar frå CHP LHBT-organisasjonar før valet, og 7-8 anten uavhengige kandidatar eller CHP-politikarar som ynskja å jobbe mot diskriminering på bakgrunn av seksuell orientering eller kjønnsidentitet var valt inn i parlamentet. Ingen LHBT-personar stilte til val.

6.3.3 Lokalvalet i mars 2014

Hatta Avcılar'da orada bir trans kadın meclis üyesi için başvurdu, öyle ilk defa bir gelişmeler var.¹⁹⁸

[I Avcılar er det til og med ei transkvinne som ville stille til kommunestyret, det er fyrste gong vi har ei slik utvikling.]

- **Firat, Lambda**

Det var lokalval i Tyrkia 30. mars 2014. Då stilte ti LHBT-personar til val, og dei sto på listene til BDP, HDP og CHP. Ein av dei vart valt inn i eitt av bydelsstyra i Istanbul; LHBT-aktivisten Sedef Çakmak vart valt inn i bydelen Beşiktaş for partiet CHP. Det var fyrste gong ein opent homofil LHBT-aktivist vart valt inn i eit bydelsstyre.¹⁹⁹

Ved dette valet merka LHBT-rørsla stor interesse frå fleire av opposisjonspartia. Før valet kom politikarar frå både BDP, HDP og CHP til organisasjonen Lambda Istanbul. Ifølgje Firat var det både kandidatar til bydelsstyra i Istanbul og ordførarkandidatar frå andre plassar i Tyrkia som kom for å snakke med dei og forsøke å overtyde dei om at dei vil fremje LHBT-

¹⁹⁷ Kaos GL. «Seçimi Şimdiden Kaybedenler: Kadınlar, LGBT ve Azınlıklar.» 12.04.2011. <http://www.kaosgl.com/sayfa.php?id=6746>

¹⁹⁸ Personleg kommunikasjon med Firat (Lambda). Istanbul, 08.04.14.

¹⁹⁹ Radikal. «LGBTİ aktivisti ilk kez kimliğiyle Meclis'te». 31.03.2014. http://www.radikal.com.tr/politika/lgbti_aktivistleri_ilk_kez_mecliste-1184229

rettar dersom dei vart valt inn som leiarar for by- eller bydelstyre. Fleire av kandidatane signerte ein avtale om at dersom dei vann, ville bydelen eller kommunen deira verte LHBT-vennleg.²⁰⁰ Dei som skreiv under på avtalen var frå partia BDP, CHP, HDP, TKP og DSP. Av dei som signerte var det fire som vann; kandidatane i bydelane Beşiktaş (Murat Hazinedar frå CHP), Kadıköy (Aykurt Nuhoglu frå CHP) og Şişli (Hayri İnönü frå CHP) i Istanbul, samt i kommunen Akdeniz i Mersin,²⁰¹ sør i Tyrkia (Yüksel Mutlu frå BDP).²⁰²

I avtalen sto det at politikarane forplikta seg til å ta konkrete steg mot eit egalitært, transparent og deltakande lokalstyre som beskyttar og forbetrar LHBT-personar sine rettar og fridom. Vidare skal dei arbeide for politikk som fremjer LHBT-personar sin rett til helsetenestar, vern, jobb, til å nyte andre offentlege tenestar på lik linje med andre og sørgje for at dette får fokus når budsjettet skal planleggast. Dei skal samarbeide med LHBT-organisasjonane for å garantere eit inkluderande bystyre og arbeide mot diskriminering på grunnlag av seksuell orientering eller kjønnsidentitet generelt i kommunen, samt fremje kunnskap og opplæring om LHBT-rettar.²⁰³²⁰⁴

Det har enno ikkje gått lang nok tid etter valet til at det er klart om dette arbeidet vert gjennomført og kva resultata av det er.

6.3.4 Presidentvalet i august 2014

10. august 2014 var det presidentval i Tyrkia. Dei tre kandidatane i valet var Selahattin Demirtaş frå partiet HDP²⁰⁵, dåverande statsminister Recep Tayyip Erdoğan og Ekmeleddin İhsanoğlu, som var felles kandidat for MHP og CHP.²⁰⁶

²⁰⁰ Bianet. «Her Belediyeye En Az Bir LGBTİ.» 26.06.2014.

<http://www.bianet.org/bianet/siyaset/156742-her-belediyeye-en-az-bir-lgbti>

²⁰¹ Dicle Haber. «LGBT aktivistlerinden Akdeniz Belediyesi'ne ziyaret.» 10.06.2014.

<http://www.diclehaber.com/tr/news/content/view/405814?from=2975960978>

²⁰² Kaos GL. «“LGBTİ Dostu” Belediye Başkanları» 31.03.2014.

<http://kaosgl.org/sayfa.php?id=16196>

²⁰³ Ibid.

²⁰⁴ SPOD. «SPoD'un LGBTİ Dostu Belediyecilik Protokol Metnini HDP, CHP ve TKP 'den Adaylar İmzaladı.»

<http://www.spod.org.tr/turkce/spodun-lgbt-dostu-belediyecilik-protokol-metnini-bugune-kadar-hdp-chp-ve-tpk-den-adaylar-imzaladi/>

²⁰⁵ Hürriyet. «HDP'nin cumhurbaşkanı adayı Selahattin Demirtaş.» 30.06.2014.

<http://www.hurriyet.com.tr/gundem/26712300.asp>

²⁰⁶ Cumhuriyet. «İhsanoğlu'ndan adaylığa ilk yorum.» 16.06.2014.

http://www.cumhuriyet.com.tr/haber/siyaset/83533/ihsanoglu_ndan_adayliga_ilk_yorum.html#

LHBT-rørsla stilte seg unisont bak Selahattin Demirtaş. Kaos, Lambda og mange andre LHBT-organisasjonar gjekk offisielt ut og uttrykte at dei ville stemme på han.²⁰⁷ Den unge kurdiske politikaren Demirtaş lova å gi LHBT-personar rettar. Han sa at han ville støtte alle marginaliserte grupper i samfunnet uavhengig av etnisitet, kjønn, religion, sosioøkonomisk klasse eller seksuell orientering.²⁰⁸

Erdoğan fekk 51,79 prosent av stemmene, Ehmeleddin İhsanoğlu fekk 38,44 prosent av stemmene og Selahattin Demirtaş fekk 9,76 prosent av stemmene.²⁰⁹

6.3.5 På bakrommet: Politikarar som «vil, men ikkje kan»

Vi ser ovanfor at det var dei venstreorienterte partia CHP, BDP, HDP, TKP og DSP som offisielt ville møte og støtte LHBT-rettar. Men då eg snakka med Kaos kunne dei fortelje at dei også møtte representantar frå andre parti. Som nemnt i kapittel 4, hadde Kaos møter med MHP i høve grunnlovsarbeidet og den kontakta vi såg at arbeidet førte til mellom LHBT-rørsla og politikarane i parlamentet. Ifølgje Seçin hadde Kaos også under lokalvalkampen i 2013 møter med representantar for MHP. Igjen skal dei ha hevda det same; politikaren dei møtte ville personleg gjerne gi LHBT-personar vern og rettar, men veljarane er enno ikkje klare for det. Dei vil, men kan ikkje, seier dei ifølgje Kaos.²¹⁰

6.4 Erdoğan mot Levent: Presidenten til angrep på LHBT-rørsla?

Deniz frå Kaos fortalte at Erdoğan har gått til sak mot ein person frå LHBT-rørsla i Istanbul. Personen Erdoğan skal ha gått til sak mot heiter Levent Pişkin og er LHBT-aktivist og medlem i partiet HDP i Istanbul. Erdoğan sa i ein tale i 2013 at:

²⁰⁷ Demirtaş [Valkampsside]. «'Amasız ve Ancaksız Eşit Yaşam, Cinsel Özgürlükçü Toplum için Oyumuz Demirtaş'a'» 08.08.2014

<http://www.selahattindemirtas.net/haberler/view/100>

²⁰⁸ Hürriyet Daily News. «LGBT associations announce support for HDP candidate Demirtaş.» 19.07.2014
<http://www.hurriyetdailynews.com/lgbt-associations-announce-support-for-hdp-candidate-demirtas-.aspx?pageID=238&nID=70163&NewsCatID=338>

²⁰⁹ Yüksek Seçim Kurulu. «Yurtiçi, yurtdışı ve gümrük sandıkları dahil 2014 cumhurbaşkanlığı kesim seçim sonuçları"» Yüksek Seçim Kurulu. 15 Ağustos 2014.

http://www.ysk.gov.tr/ysk/content/conn/YSKUCM/path/Contribution%20Folders/HaberDosya/2014CB-Kesin-416_d_Genel.pdf

²¹⁰ Personleg kommunikasjon med Deniz og Seçin (Kaos). Ankara, 10.04.2014.

Alevilik Hz Ali'yi sevmekse ben dört dörtlük bir Aleviyim. Çünkü Hz Ali'yi çok seviyorum.²¹¹

[Dersom det å vere alevi tyder å elske kalifen Ali, er eg ein perfekt alevi. For eg elskar Ali svært høgt.]

Av mange vart ikkje denne utsegna sett på som ei utstrakt hand til aleviar. Mellom desse er Ahmet Hakan i den tyrkiske avisa Hürriyet, som meinte utsegna var ein måte å markere at Erdoğan meiner han, som sunnimuslim, definerer kva alevisme er, og ein måte å seie at dei burde kunne innordne seg sunnimuslimar sine religiøse praksisar på. Aleviar er ein religiøs minoritet i Tyrkia, som også kjempar for rettar på lik linje med den sunnimuslimske majoriteten. Etter dette sendte Levent Pişkin ut ei melding på Twitter der han skreiv:

Erdoğan'dan dört dörtlük ibneyim, ibneliği sizden öğrenecek değiliz açıklaması bekliyorum.²¹²

[Eg ventar på ei utsegn frå Erdoğan der han seier at han er ein perfekt homse, så han ikkje har tenkt å lære å vere homse frå oss.]

Pişkin har i ettertid hevda at *ibne* ikkje lenger er eit skjellsord, men eit ord dei har teke tilbake og som no er vanleg å bruke om seg sjølve i LHBT-rørsla. *İbne* er utan tvil eit skjellsord i utgangspunktet, men Pişkin meiner at det er vanleg å bruke om seg sjølv mellom homofile. Det han synast å ha meint med meldinga, var eit spark til Erdoğan fordi han ikkje heller enn å høyre på kva aleviar sjølv har å seie om sin situasjon, kallar seg for ein alevi. Nokså ironisk meinte då Pişkin, ifølgje Kaos, å svare at det neste vel verte at han kallar seg for homofil, og at han ikkje treng å snakke med LHBT-rørsla for å vite korleis dei har det.²¹³

Denne Twitter-meldinga gjekk Erdoğan til sak mot Levent Pişkin for. Advokaten til Erdoğan skulda Pişkin for å drive ein svertokampanje mot Erdoğan ved å kalle han ein «homse». Pişkin fekk ei bot på 1500 TL, om lag 4800 NOK, noko han har anka. Ifølgje BBC førebur Pişkin seg på å klage saka inn for grunnlovsdomsstolen for brot på ytringsfridomen.²¹⁴ Saka pågår framleis.

²¹¹ Gazete32 «'Eğer alevilik Hz Ali'yi sevmekse ben dört dörtlük aleviyim' [Videoklipp].» 17.07.2013 Henta frå <https://www.youtube.com/watch?v=94IH2gSsVhM>

²¹² Tahaoğlu, Çiçek. «'İbne' Davasında Başbakan'a Suç Duyurusu.» *Bianet*. 06.01.2014. <http://www.bianet.org/bianet/lgbtt/152613-ibne-davasinda-basbakan-a-suc-duyurusu>

²¹³ Personleg kommunikasjon med Deniz og Seçin (Kaos). Ankara, 10.04.2014

²¹⁴ Timur, Şafak. «Erdoğan'dan eşcinsel hakları tweetine dava.» *BBC Türkçe*. 29.08.2014. http://www.bbc.co.uk/turkce/haberler/2014/08/140829_erdogan_tazminat

7 LHBT i eit muslimsk land

Homofili og homoseksualitet er eit omdiskutert tema i muslimsk religiøs historie. Det er vanskeleg å kome med absolutte påstandar og konklusjonar om kva islam seier om homofili, og korleis ein bør forholde seg til det som vert sagt. Islam er mangfaldig, og kor vidt religionen er forlikeleg med praktisert homofili, er heilt klart avhengig av tolkning.

Erica Li Lundquist viste i si avhandling frå Libanon eit mangfald av forståingar av religionen. Fleire av informantane opplevde det som så uforlikeleg å vere homofil muslim at dei valte å ta avstand frå religionen og rekna seg som ateistar. Andre meinte at det ikkje kunne vere synd å vere homofil, sidan Gud har skapt dei slik, og rekna seg som både muslimar og homofile. Éin hadde følt at han hadde levd så syndig fordi han hadde hatt mannlege kjærestar, at han bestemte seg for å undertrykke si seksuelle orientering og leve som muslim utan verken mannleg eller kvinneleg partner.²¹⁵ Dette mangfaldet av meiningar mellom libanesiske homofile speglar att ueinigheitene eg finn i Tyrkia. Det finst eit mangfald av tolkingar av islam også der, og både homofile og heterofile har sterke meiningar om kor vidt homofili er forlikeleg med islam eller ikkje.

Sidan målet mitt er å sjå heilskapen i situasjonen for LHBT-personar i Tyrkia, vil eg fokusere på kva dei sjølv seier om det å vere homofil og muslim. Islam og homofili er eit komplekst tema, og målet er ikkje å gi eit svar på kor vidt islam og homofili er forlikeleg, noko eg verken kan eller vil. Det er absolutt moglegheiter for vidare fordjuping i temaet. Eit historisk og teologisk oversyn gir til dømes professor i religionsvitskap Dag Øystein Endsjø i boka *Sex og religion* frå 2009.²¹⁶ Eg vil her prøve å gi eit innblikk i kva som ofte trekkast fram i dagens diskurs om islam og homofili i Tyrkia, samt belyse informantane mine sitt forhold til religion.

7.1 Islam og homofili

I Koranen finst det utsegn som absolutt kan tolkast dit hen at homofili er synd. Mellom anna står dette skrive:

Og Lot, - da han sa til sitt folk, «Vil dere bedrive denne skjendighet? Ingen i verden har gjort dette før dere. I begjær går dere til menn fremfor kvinner. Dere er i sannhet et folk som går over

²¹⁵ Lundquist, Erica Li. *Gayted Communities*. Ph.D.avhandling. Lunds universitet, 2013.

²¹⁶ Endjø, Dag Øysten. *Sex og religion*. Oslo: Universitetsforlaget, 2009.

grensen.» Hans folk svarte ganske enkelt, «Driv dem ut av byen. Disse folk foregir å være rene!» Så reddet Vi ham og hans, unntatt hans hustru. Hun hang efter. Og så lot Vi det regne ned over dem. Se, hva enden ble for synderne!

Koranen 7:78-82²¹⁷

At menn begjærer menn er altså synd ifølgje desse setningane i Koranen. Dersom ein vil leve i tråd med religiøse påbod skal ikkje menn begjære andre menn. Tolkar ein desse påboda konservativt, er homofili synd i islam. Sex mellom kvinner er ikkje forbode ifølgje Koranen, men vert ofte likestilt med sex mellom menn av muslimar som fordømmer begge deler.²¹⁸

Historia om Lot vert ofte trekt fram i diskusjonar om homofili og islam i Tyrkia. Diskusjonen dreier seg ofte om kor vidt dette er eit påbod som er så sterkt at ein ikkje kan verte tilgitt av Gud dersom ein bryt det, eller om det er nok å ha trua, og så får det vere opp til den enkelte å velje i kor stor grad ein ynskjer å følgje dei enkelte påboda i islam.

Tyrkia er i dag eit liberalt muslimsk land. Det er ikkje forbode å drikke alkohol, det finst ingen lover om korleis ein skal gå kledd²¹⁹ og mange har kjærestar før dei giftar seg.²²⁰ Sekularismen som ideal er eit av grunnprinsippa Republikken Tyrkia har vorte styrt etter sidan opprettinga i 1923. Samstundes som lovene er liberale og sekulære, er det 99 prosent muslimar i Tyrkia. Dette vil seie at det er svært mange av desse 99 prosentane som ikkje lev i tråd med påbod og forbod i islam, som til dømes etter forbodet mot å drikke alkohol.

Diskursen om politikken i Tyrkia i dag er i stor grad prega av frykt for at Recep Tayyip Erdoğan og hans parti AKP bryt med dei sekulære prinsippa, og for aukande islamisering i landet. Mellom anna nye, strengare alkohollover²²¹ og lover som bestemmer kva ein kan og ikkje kan gjere under den islamske fastemånaden ramadan vert trekt fram som dømer på dette av dei som ikkje er tilhengjarar av partiet. Vi har sett at Erdoğan og andre frå AKP har nytta religiøs retorikk når dei fordømmer homofili, men AK LGBT kallar seg konservative homofile muslimar og støttar partiet. Kva for tolking har dei som konservative muslimar av islam, som gir rom for dette?

²¹⁷ Koranen, Norsk-arabisk utgåve tilrettelagt i omsetjing av Einar Berg. Oslo: Universitetsforlaget, 2008, s. 155.

²¹⁸ Endsjø, s. 131.

²¹⁹ Før kunne ein ikkje det, for då var det forbode å gå med hovudplagg på universiteta.

²²⁰ Dette gjeld hovudsakleg i byane og i andre liberale områder. I enkelte områder og på landsbygda i Tyrkia er folk mykje meir konservative, og det er venta at ein kler seg og lev på etter meir tradisjonelle og konservative normer.

²²¹ Hürriyet Daily News. «Turkish President Gül approves controversial bill restricting alcohol.» 10.06.13. <http://www.hurriyetaidailynews.com/turkish-president-gul-approves-controversial-bill-restricting-alcohol.aspx?pageID=238&nID=48573&NewsCatID=338>

7.2 AK LGBT om islam og homofili

Biz günah olduğunu bile bile zina yapıyoruz. İslam'da doğuştan gelen bir şeyin günah olmayacağını düşünüyorum.²²²

[Vi gjer ekteskapsbrot vel vitande om at det er synd. Eg meiner at noko som kjem frå fødselen av, ikkje kan vere synd i islam.]

- **Nurullah, AK LGBT**

Den tyrkiske avisa *Milliyet* har gjort eit intervju med AK LGBT der dei diskuterer homofili og religion, der sitatet er henta frå. Nurullah meiner at ein er fødd homofil, og at det difor ikkje kan vere synd. Vidare i intervjuet seier han at han meiner at Gud har skapt homofile, og at det ikkje kan vere mogleg å vere fødd syndig. Det er fyrst når du lev ut di seksuelle orientering og har forhold med andre menn, at du syndar. Men dette meiner AK LGBT at er greitt; for Gud kan tilgi syndarar. Det Gud derimot ikkje kan tilgi, ifølgje Nurullah, er den som kritiserer og baktalar.²²³

I eit intervju med *Taraf* seier Nurullah at det å vere homofil *ikkje* tyder at du ikkje kan vere religiøs, og argumenterer med at mange gjer handlingar som er synd, men likevel er muslimar.

Eşcinsel yaşam günah olabilir. Ancak pek çok insan içkinin günah olduğunu bilerek içki içmeye devam ediyor. Önemli olan imandır.²²⁴

[Kan hende er det er synd å vere homofil. Men mange held også fram med å drikke alkohol sjølv om dei veit at det er synd. Trua er uansett det viktigaste.]

- **Nurullah, AK LGBT**

Nurullah seier også at medlemmane i AK LGBT er klar over at det er synd å praktisere homofili, men at dei ikkje trur det er meininga at det ikkje skal gå an å leve slik og framleis kalle seg ein rettruande muslim. Dei som drikk alkohol, får fortsatt kalle seg muslimar.

Debatten i Tyrkia har kome langt samanlikna med slik Lundquist skildrar situasjonen i Libanon. Alle informantane til Erica Li Lundquist i Libanon var redde for at identiteten deira skulle verte kjent for familien og resten av samfunnet. Nurullah og andre frå AK LGBT står

²²² Durgun, Aydil. «Başbakan indirin o bayrağı deseydi tabii usta derdik.» *Milliyet*. 10.08.2014.

<http://www.milliyet.com.tr/-basbakan-indirin-o-bayragi/pazar/haberdetay/10.08.2014/1923353/default.htm>

²²³ Ibid.

²²⁴ Taraf. «AK LGBT: AK Parti'yi içeriden dönüştüreceğiz.» 05.08.2014. <http://www.taraf.com.tr/haber-ak-lgbt-ak-partiyi-iceriden-donusturecegiz-160837/>

fram som lesbiske, homofile, bifile og trans med fullt namn, bilete, religion og partitilhøyrse, og vil diskutere tolkingar av islam.

AK LGBT gir uttrykk for ei moderne forståing av islam. Dei forstår seg sjølv som homofile muslimar som vil verte tilgitt fordi dei har gjort gode ting, beheldt trua og levd riktig på andre områder. Han vil ikkje forlate trua på grunn av noko han meiner han ikkje har valt sjølv. Og dei ynskjer ikkje kritikk for det frå andre, for kritikk er ei verre synd. Livsførselen deira er i strid med eit strengt religiøst syn, men det kjem fram frå intervjuet at dei håpar på å overføre dette synet til AKP.²²⁵

Vi har sett at representantar for AKP har kalla homofili for ein abnormal åtferd, for ein preferanse og for ein sjukdom. Alt dette er døme på at ein ser på homofili som noko ein person har *vorte*. AK LGBT derimot held fast på at dei er *fødde* slik. Ein del av strategien til AK LGBT ser ut til å vere å overtyde AKP om at dei er skapt slik av Gud.

7.2.1 «Fødd sånn» eller «vorte sånn»?

Mange homofile argumenterer i likskap med Nurullah for at ein er fødd med ei seksuell orientering fordi dei alltid har visst at dei er homofile og har forelska seg i personar av same kjønn sidan dei var små. Forskarar har lenge forsøkt å finne prov for at seksuell orientering er medfødt, men det er stadig ikkje mogleg å seie sikkert at det er det. Dean Hamer hevda for over tjue år sidan å ha funne eit «homogen» for over tjue år sidan,²²⁶ og med det å kunne prove at seksuell orientering er genetisk. I 2014 viste ein ny amerikansk studie tilsvarande funn, men det kan stadig ikkje provast sikkert.²²⁷

Folk sitt syn på om homobile er «fødd sånn» eller har «vorte sånn» er viktig fordi det ofte har direkte innverknad på kva dei meiner om homofili og korleis ein skal handtere det. I filmen *Barnet mitt* kjem det tydeleg fram kva for konsekvensar det kan få dersom folk tenker at homofile har *vorte* sånn, slik som mange av foreldra fyrst tenkte. Dei ville forsøke å kurere barna. Dei klandra også seg sjølv for oppsedinga og trudde det kunne vere mogleg å

²²⁵ Ibid.

²²⁶ Hamer, Dean H, Stella Hu, Victoria L. Magnuson, Nan Hu & Angela M. L. Pattatucci. «A linkage between DNA markers on the X chromosome and male sexual orientation». *American Association for the Advancement of Science*, 1993. Tilgjengeleg frå: <http://postcog.ucd.ie/files/2881563.pdf>

²²⁷ Senneset, Ingeborg. «Forskere hevder homofili ligger i genene.» *Aftenposten*. 18.02.2014. <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Forskere-hevder-homofili-ligger-i-genene-7471365.html>

reversere. Dette synet har vi også sett i praksis i det tyrkiske militæret, der foreldre har vorte kalla inn for å fortelje korleis borna har vorte som dei er.²²⁸

AKP og AK LGBT nyttar begge religiøs retorikk når dei argumenterer for sine syn på spørsmålet om ein er fødd sånn eller har vorte sånn. AK LGBT argumenterer for at dei har vorte skapt sånn av Gud, og vi har sett at AKP argumenterer for at måten dei vel å leve på er i strid med den islamske kulturen.

7.3 MEŞCİT

Under intervjuet Milliyet gjorde med AK LGBT var også ein representant frå ei anna gruppe til stades. *MEŞCİT* står for *Muhafazakar Eşcinseller Topluluğu* [Gruppe for konservative homofile], og er i intervjuet representert av Kadir. *MEŞCİT* er ifølgje Kadir ei gruppe for dei som er ukomfortable med å vere homofile og som ynskjer å forandre seg. Dei ser på homofili som ein sjukdom som kan kurerast ved terapi.²²⁹

Muhafazakar ailelerin çocukları eşcinsel olmaktan dolayı çok daha büyük problemler yaşıyor. MEŞCİT olarak din adamlarının eşcinsellik konusundaki yorumlarını çok yanlış buluyoruz. Onların yaptığı yorumlar yüzünden eşcinsellik daha bunalımlı bir noktaya gidiyor. Eşcinsellik deyince hemen günah, Lut kavmi... «Peki çözüm?» dediğinde sus pus oluyorlar. Biz bilimsel yaklaşıyoruz olaya. Tedavi isterse kişi, altta yatan travmalar düzeltildiğinde tedavinin mümkün olduğunu düşünüyoruz. Aramızda geçmişte eşcinsel olup terapiden sonra heteroseksüel olarak hayatına devam eden, evlenen, çocuk sahibi olanlar var. Benim de geçmişte birçok eşcinsel ilişkim oldu. Terapi gördüm, artık eskisi kadar erkeği arzulamıyorum, karşı cinse eğilimim arttı. (...) Ailem ben 14-15 yaşındayken hatıra defterimden okuyup öğrendi eşcinsel olduğumu. «Tövbe et, Kuran'a el bas» dediler. Sanki tövbe edince her şey halloluyor. Üç defa Kuran'a el bastım, tövbe ettim. En fazla ezilen biziz. Hem heteroseksüellerden hem eşcinsellerden yoğun baskı altında kalıyoruz. Biz tedavi mümkün diye paylaşımda bulunduğumuz zaman sosyal medyada, küfürler, hakaretler, tehditler havada uçuşuyor.

[Born i konservative familiar opplever mykje større problem med å vere homofile. Vi i MEŞCİT er svært usamde med dei geistlege sine tolkingar når det gjeld homofili. På grunn av tolkingane dei gjer vert homofili ei enda djupare krise. Dersom ein seier «homofili» svarer dei straks med «synd» og «Lots folk»... I det ein spør dei kva løysinga er, vert dei stille. Vi har ei vitskapleg tilnærming til temaet. Vi trur at det er mogleg å behandle den som ynskjer det slik at traumane dei potensielt kan få, kan hindrast. I gruppa vår er det folk som tidlegare har vore homofile, men som etter terapi har kunne halde fram med

²²⁸ Ntvmsnbc. «TSK: Eşcinsel değil hastasın.» 27.04.2012. <http://www.ntvmsnbc.com/id/25343838/>

²²⁹ Durgun, Aydi. «Başbakan indirin o bayrağı deseydi tabii usta derdik.» *Milliyet*. 10.08.2014. <http://www.milliyet.com.tr/-basbakan-indirin-o-bayragi/pazar/haberdetay/10.08.2014/1923353/default.htm>

liva sine, har gifta seg og fått barn. Eg hadde også mange homofile forhold tidlegare. Eg har gått gjennom terapi, og no er eg ikkje så tilbøyeleg til å like menn som eg var før, eg har større interesse for det motsette kjønn. (...) Familien min las i dagboka mi då eg var 14-15 år og fann ut at eg ar homofil. «Sei med handa på Koranen at du angrar og ikkje vil gjere det igjen» sa dei. Som om det å sverje løyser alt. Eg sverja med handa på Koranen tre gonger. Det er vi som er under størst press. Vi er under sterkt press både frå heterofile og frå homofile. Når vi annonserer at vi trur at homofili kan kurerast, haglar det forbanningar, fornærmingar og truslar i sosiale media.]

- Kadir, MEŞCİT

Gruppa MEŞCİT ser på homofili som noko som kan kurerast, og argumenterer for det ved at dei sjølv har opplevd at terapi har hjelpt dei til å leve eit heterofilt liv. Tilgangen til materiale om MEŞCİT er avgrensa, men at dei eksisterer er eit tilskot til ulike syn på korleis ein kan handtere det å vere LHBT. Det synast lite aktuelt for dei å halde fram med å leve eit liv som homofil på grunn av at dei er konservativt religiøse. Ein kan sjå på dei som ein representant for synet på seksuell orientering som noko som ikkje er gitt, men noko ein vert, og såleis også kan endre.

Synet dei fremjer er kontroversielt fordi det er farleg då det kan føre med seg tvang til å gå i terapi, og det er nok difor dei opplever dei sterke reaksjonane dei skildrar at dei får når dei ytrar synspunkta sine offentleg. Likevel kan det verke som at det å gå i terapi kan vere ein måte å unngå å verte utstøtt frå familien på, og kanskje i verste fall drepne. Som Kadir fortel oppdaga familien hans at han var homofil ved å lese i dagboka hans, og han valte ikkje sjølv frivillig å stå fram for familien sin. Kva for type terapi han deretter har gjennomgått fortel han ikkje nærare. Det er svært lite truleg at terapi kan endre den seksuelle orienteringa til nokon, men kanskje går det mest ut på ein prosess som fører til at han har funne måtar å takle å måtte leve i forhold til ei kvinne på til tross for at han er homofil.

Måten dei vil handtere homofili på har likskap med dei som vil utrydde homofili, som også vil kurere det. Forskjellen er at desse meiner at dei gjer det av omsyn til den homofile sjølv. Det er samfunnet som er årsaka til at dei meiner det må handterast slik, sidan det å vere homofil vert sett på som synd og kan føre med seg trakassering. Då meiner MEŞCİT i motsetning til AK LGBT at det er dei homofile som må endrast for å tilpassast samfunnet, og ikkje haldningane i samfunnet som må endrast for å tilpassast det at homofile eksisterer.

Sjølv om MEŞCİT representerer eit kontroversielt syn som dei sjølv kallar for ei vitskapleg tilnærming, kan gruppa vere ein møtestad for konservative homofile som treng å finne

løysingar på den uforlikelege situasjonen som Kadir skildrar det vere frå ein konservativt religiøs familie og samstundes homofil, på.

7.4 Muslim og LHBT: Ulike syn

Deniz som jobba i Kaos tidlegare og no bur i Noreg, sa at det ikkje var vanleg at homofile i organisasjonen tok avstand frå religionen, men at dei rekna seg som muslimar. Ho sa at religionen likevel ikkje spelar noko rolle, og hevda at det ikkje er eit problem å kombinere det å vere religiøs og homofil. Det er heilt normalt og uproblematisk å vere homofil muslim ifølgje henne, og ho utdjupa det heller ikkje meir.²³⁰

Problemstillinga ser ikkje til å oppta henne i like stor grad som det opptek AK LGBT. Det er grunn til å tru at til dette ligg i grad av religiøsitet i tillegg til kulturell orientering. Eg har ofte opplevd at mange liberale unge i byane lev veldig fritt med tanke på kva som eigentleg er forbode ifølgje religionen, men likevel reknar seg som muslimar. At dei er homofile gjer ikkje at dei meiner dei får eit større problem med tanke på religion. Dei er ikkje konservativt religiøse, slik som ungdomane i AK LGBT er, og kor vidt homofili er synd eller ikkje synast ikkje å vere noko dei trekk fram mellom det dei ser på som utfordringar for seg sjølve eller for LHBT-rørsla.

Under intervjuet med Lambda og Kaos gav dei uttrykk for stor uro for at fridomen til folk i Tyrkia vert innskrenka på andre områder. Dei ynskjer å ha rett til både å drikke alkohol der og når dei vil, til å kle seg slik dei vil, gjere det dei vil og vere saman med den dei vil. Dei verkar ikkje å ynskje at homofili skal vere eit særleg unntak mellom forboda i islam, men at det skal vere opp til den enkelte å velje korleis ein vil forholde seg til forbod og påbod uansett kva det er snakk om – og at desse iallfall ikkje skal ha innverknad på politikken, lover og reglar.

Men det finst også dei som ser på livet sitt som religiøs og homofil som uforlikeleg i Tyrkia, og som har religionen som hovudårsak til at dei er redde for å stå fram som homofile. Den amerikanske LHBT-bloggen *The Bilerico Project* har skriva ei sak om LHBT i Tyrkia der dei har intervjuet ein aktivist frå paraplyorganisasjonen *Turkey LGBTI Union* som held til i Ankara. Ho seier til intervjuaren Rev Irene Monroe at:

I can't send my picture or show you my face because as you know Turkey's an Islam country. I live in an area where there are radical Islamists groups and I'm concerned about life safety issues. I'll send

²³⁰ Personleg kommunikasjon med Deniz (tidl. Kaos), Skype, 26.08.2014.

some of my friends' pictures taken at Istanbul Pride 2014.

Ho seier også at:

I don't Salat,²³¹ but I'm Muslim. My family is Muslim, too. My family doesn't know about my sexual orientation. If they learn about my sexual orientation they will marry me off. I do pray to God everyday about LGBTI people, and also for me.²³²

- Anonym medlem av Turkey LGBTI Union

Ho som vert intervjuet ynskjer å vere anonym, og gir tydeleg uttrykk for at ho ikkje syns det er uproblematisk å vere homofil og muslim, og at ho ikkje ynskjer å stå på barrikadane og fremje kampen for rettar, slik som ungdomane i Kaos og AK LGBT gjer. Ho seier ho er redd for å verte drepen fordi ho er homofil, og skjuler identiteten sin, ifølgje henne sjølv fordi Tyrkia er eit muslimsk land. Det er grunn til å tru at dette er realiteten for mange homofile i Tyrkia, særleg på stadar der det ikkje finst noko LHBT-rørsle og der religion og tradisjonelle verdiar står svært sterkt. Difor vil eg igjen peike på at dette er tendensar heller enn konklusjonar og basert på eit avgrensa utval synspunkt, for å vise nokre av dei ulike haldningane til religion som finst mellom LHBT-personar frå ulike grupper og organisasjonar i Tyrkia i dag. Homofili og religion i Tyrkia har stort potensiale til å verte utforska vidare.

²³¹ Islamsk bønn.

²³² Monroe, Rev Irene. «Turkey Flip-Flops on LGBTQ Rights.» *The Bilerico Project*. 13.11.2014.
http://www.bilerico.com/2014/11/turkey_flip-flops_on_lgbtq_rights.php#6ZUB0wWZcE810yO0.99

8 Tyrkisk media om LHBT

LHBT-organisasjonen Kaos har gitt ut årlege rapportar om LHBT i tyrkisk media i sju år. Rapportane inneheld oversikt over *kor mykje* og *kva* som vert skrive om LHBT. Dette omfattar artiklar som omtalar LHBT-personar, LHBT-organisasjonar, LHBT-rørsla og anna relatert til LHBT, samt artiklar der LHBT-personar eller organisasjonar uttalar seg.²³³ Eg har fått tilgang til rapportane frå 2010 – 2014 og vil studere og samanlikne funna frå rapportane for å: få ei oversikt over generelle tendensar ved den tyrkiske mediedekninga av LHBT-relaterte saker, kor mykje som vert skrive og om korleis forholdet er mellom positive og negative saker. I tillegg vil eg sjå om dette har forandra seg i løpet av dei åra eg undersøker, slik at det går an å seie noko om utviklinga, og undersøke om Gezi-protestane har hatt noko innverknad på den generelle mediedekkinga av LHBT-relaterte saker.

8.1 Hatprat

Heilt sidan eg byrja å kunne sjå og lese tyrkiske nyheiter, har eg lagt merke til at tonen er ulik den eg er vant med frå norsk media. Det er låg terskel for å krenke folk, noko som kan vere nyttig å tenke på når ein studerer LHBT i media. Skal ein vere ein offentleg LHBT-person, utsett ein seg for fare for personangrep.

I 2012 kom til dømes den tyrkiske spelefilmen «Zenne Dancer» ut. Filmen handlar mellom anna om Ahmet, som er fødd inn i ein konservativ familie frå Aust-Tyrkia, og som vert drepen av familien. Ahmet i filmen er basert på historia til Ahmet Yildiz, som blei drepen i 2008. Den konservative islamistiske avisa Yeni Akit skreiv i høve filmen si premiere ein artikkel med overskrifta «Sapıkların filmi» [Pervoane sin film], og meinte filmen var eit kulturelt angrep frå dei homofile.²³⁴

Dette er døme på hatprat i media mot LHBT-rørsla. Andre artiklar syner eit grunnsyn på homofili som noko ein kan *verte*, og som det ikkje er naturleg at ein er. Eit døme som illustrerer dette er frå den store avisa Habertürk same år. Avisa meldte om at ein mann med

²³³ Kaos GL. 2014 Medya Raporu. 16.02.2015.

http://www.kaosgldernegi.org/resim/yayin/dl/kaos_gl_2014_medya_raporu.pdf

²³⁴ Kaos GL. 2012 yılı LGBT medya izleme raporu. Ankara: Ayrıntı Basımevi, 2012, s.6.

Parkinson viste homofile tendensar på grunn av medisinen han hadde tatt mot sjukdomen. «Bir ilaç yüzünden eşçinsel oldu» [Blei homofil av medisin] var overskrifta.²³⁵

8.2 Medierapportar 2010 – 2014

Kaos har laga rapportane frå 2010 – 2012, altså dei tre fyrste eg studerer, ved hjelp av eit medieovervakingsbyrå som søker gjennom og fangar opp det som vert skrive om LHBT i avisene, både i lokale og nasjonale aviser. Dette gjer dei ved hjelp av visse søkeord, som til dømes *LGBT*, *gay*, *gay* og andre ord for og om LHBT. Dei to nyaste rapportane for 2013 og 2014 har Kaos laga ved å sjå gjennom media sjølv. Rapportane inkluderer berre skriftlege nyheiter, og tek ikkje føre seg mediedekkinga på TV eller radio. Rapportane kategoriserer nyheitene som anten positive eller negative. Positive artiklar er til dømes informative artiklar og kommentarartiklar der det vert nytt eit nøytralt språk for å omtale LHBT, nyheiter som respekterer menneskerettar og artiklar som gir plass til LHBT-organisasjonar og ekspertar sine synspunkt. Negative artiklar er til dømes artiklar der ord som vert oppfatta som skjellsord vert nytta i media²³⁶ for å omtale LHBT, der LHBT-personar vert behandla som objekt, eller der det å vere LHBT vert omtala som kriminelt.²³⁷ Positive og negative nyheiter refererer altså ikkje til kor vidt det er ei god eller ei dårleg nyheit for LHBT-rørsla, men viser til kor vidt artiklane er med på å fremje det Kaos definerer som eit positivt og/eller nøytralt syn eller eit negativt syn på LHBT.

8.2.1 Mediedekking 2010

Rapporten frå 2010 kom ut i november, og dei to siste månadane er difor ikkje med. I perioden januar – oktober 2010 vart det skrive 3606 artiklar med LHBT-relatert innhald i tyrkiske aviser.²³⁸ Av dei 3606 artiklane hadde 30% positivt innhald, medan 70% hadde negativt.²³⁹ Mellom dei positive artiklane var det flest artiklar som vart karakteriserte som positive på grunn av at dei inneheldt ein positiv rollemodell for LHBT. Nest flest var artiklar som fremma ein syn som respekterer menneskerettar for LHBT-personar. Tredje mest var artiklar som gav plass til LHBT-organisasjonar og ekspertar sine synspunkt. Av dei negative

²³⁵ Ibid.: s. 103.

²³⁶ Dette omfattar både artiklar og kommentarartiklar.

²³⁷ Kaos GL. *Medya homofobiye son!* November 2010.

http://www.kaosgldernegi.org/resim/kutuphane/dl/medyada_homofobiye_son.pdf

²³⁸ Ibid.: s. 13.

²³⁹ Ibid.: s. 25.

artiklane var dei fleste skrivne på ein måte som opprettheld stereotypiske oppfatningar av LHBT. Dei andre mest vanlege årsakene til at artiklane vart karakteriserte som negative var at dei var homofobiske, at dei nytta diskriminerande ord og at LHBT-personar og hendingar med LHBT-personar involvert vart omtalt som kriminelle.²⁴⁰

8.2.2 Mediedekking 2011 og 2012

Rapporten frå 2011 inneheld ikkje tilstrekkeleg informasjon til å samanlikne 2011 med dei andre åra. Berre månadsrapportane frå januar, februar, mars, oktober, november og desember inneheld antalet artiklar om LHBT, og prosentvis fordeling mellom positive og negative artiklar er ikkje rapportert.²⁴¹

I 2012 rapporterer Kaos om 3501 artiklar med LHBT-relatert innhald. I likskap med rapporten frå 2011 inneheld heller ikkje denne ei oversikt over prosentvis fordeling av positive og negative artiklar.²⁴²

8.2.3 Mediedekking 2013

Medierapporten frå 2013 inneheld månadleg oversikt over antal artiklar samt prosentvis fordeling av artiklar. Kaos karakteriserer som positive og negative. Juli er ikkje med i rapporten,²⁴³ men i dei elleve andre månadene i 2013 rapporterer Kaos om 1844 artiklar med LHBT-relatert innhald. Av desse vart 59,9% rekna som positive.²⁴⁴

Kaos rapporterer om eit aukande antal LHBT-relaterte artiklar i 2013. Til trass for dette er det totale talet lågare i 2013 og 2014 enn i åra tidlegare. Dette er eit resultat av at dei har endra metode for å utarbeide rapporten. Dei to siste åra har dei sjølv lest gjennom aviser og skrivne rapportane på bakgrunn av det, i staden for å nytte medieovervakingsbyrå til å fange opp alt av LHBT-relaterte nyheiter på både nasjonalt og lokalt nivå.

På grunn av Gezi-protestane vart 2013 ifølgje Kaos eit historisk år for LHBT i media. Frå og med august dobla antalet artiklar seg samanlikna med månadene før Gezi-protestane og aldri

²⁴⁰ Ibid., s. 9-10.

²⁴¹ Kaos GL. *Medya homofobiye son! 2011*. 15.01.2012.

<http://www.kaosgldernegi.org/yayindetay.php?id=17>

²⁴² Kaos GL. *2012 yılı LGBT medya izleme raporu*. Ankara: Ayrıntı Basımevi. 2012.

²⁴³ Det er ikkje spesifisert kvifor.

²⁴⁴ Kaos GL. *Kaos GL 2013 Medya Raporu*. 05.05.2014, s. 2.

http://www.kaosgldernegi.org/resim/yayin/dl/kaos_gl_dernegi_2013_yili_lgbt_medya_raporu.pdf

før har LHBT-rørsla sine synspunkt vore så synlege i media som i månadene under og etter Gezi-protestane. Men Kaos skriv allereie mot slutten av 2013 at dette ikkje ser ut til å halde fram då det er ein nedgang på slutten av året.²⁴⁵ I desember er talet lågare enn i august – november.²⁴⁶ Tendensen er ifølgje Kaos likevel klar:

Gezi Direnişi boyunca LGBT'lerle yapılan haber ve röportajlar LGBT'lerin hak ve özgürlük mücadelesine hiç olmadığı kadar derinlikli bir bakış getirdi.²⁴⁷

[Nyheitene og reportasjane som vart gjort med LHBT-rørsla under Gezi-opprøret brakte med seg ei djupare dekning av LHBT-rørsla sin kamp for rettar og fridomar enn det vi nokon gong har sett tidlegare.]

Ifølgje rapportane var Gezi positivt for LHBT-rørsla, interessa for dei auka, samt at det gav rom for synspunkta deira. Om dei om lag 40% negativt vinkla artiklane skriv Kaos at:

2013 Medya Raporu kapsamında taradığımız haberlerin yüzde 59,9'u olumlu olarak değerlendirildi. Olumsuz haberler arasında ise en çok stereotipleştirme, yani LGBT'leri çeşitli önyargılarla bir araya getirmenin izdüşümleri yer aldı. En basit haliyle, LGBT'leri medyada yalnızca cinsel varlıklar olarak görülüyor, suçla ilişkilendiriliyor, «bizden olmayan» olarak kodlanıyor, şok edici ya da fantezi ögesi kişiler olarak sunuluyor. LGBT'lerin hasta, sapkın, ya da günahkâr olduğu yönündeki ifadeler en çok Yeni Akit ve Millî Gazete gibi yayınlarda yer alıyor. Diğer yayınlarda ise bu tür ifadelere genel olarak köşeyazılarında rastlanıyor.²⁴⁸

[Av utvalet av nyheiter vi granska i medierapporten frå 2013 vart 59,9% evaluert som positive. Når det gjeld dei negative nyheitene var det aller mest stereotypisfisering, altså var dei fleste av typen som baserte seg på diverse fordomar mot homofile, og som tek alle LHBT-personar under ein kam. LHBT-personar vert sett som berre seksuelle vesen i media, dei vert kopla til kriminalitet, karakterisert som «ikkje som oss» og framstilt som oppsiktsvekkande personar eller som objekt for fantasiar. Aller flest uttrykk for at LHBT-personar vert sett på som sjuke, perverse eller syndige, finn ein i aviser som Yeni Akit og Millî Gazete. I dei andre avisene ser ein denne typen uttrykk hovudsakleg i kommentarartiklar.]

Kaos meiner at det er visse typar aviser som stadig held fram med å gi plass til fordomar mot LHBT. Yeni Akit og Millî Gazete er begge høgorienterte, konservativt religiøse aviser. Yeni Akit er kjent for å få mange klager for hatprat også mot mellom anna religiøse

²⁴⁵ Kaos GL. *Kaos GL 2013 Medya Raporu*. 05.05.2014, s. 2

http://www.kaosgldernegi.org/resim/yayin/dl/kaos_gl_dernegi_2013_yili_lgbt_medya_raporu.pdf

²⁴⁶ Ibid.: s. 39

²⁴⁷ Ibid.: s. 2

²⁴⁸ Ibid.

minoriteter.²⁴⁹ Sjølv om journalistane sjølv ikkje nyttar eit nedverdiggande språk i dei andre avisene, er avisene med på å produsere fordomar når dei trykker LHBT-fiendtlege kommentarartiklar. Det representerer i større grad personlege enn avisa sine meiningar, men får like fullt spalteplass i avisa.

8.2.4 Mediedekking 2014

I 2014 rapporterte Kaos om 1087 artiklar med LHBT-relatert innhald. Dei har karakterisert 71,4% av desse som positive og 28,6% som negative. Kaos legg vekt på at det er ei markant auke i prosentandelen positive artiklar frå 2013 til 2014.²⁵⁰

LGBT haberlerinin Türkiye medyasında daha olumlu bir şekilde yer aldığını gösteriyor.²⁵¹

[Dette viser at LHBT-nyheitene har fått plass i Tyrkisk media på ein meir positiv måte.]

Gezi-effekten verkar altså å ha haldt fram likevel, til trass for Kaos sine mindre optimistiske spådommar ved utgangen av 2013, og ser ut til å ha bana veg for at LHBT-rørsla har fått etablert ei rolle i media. Det kjem fram frå artiklar i rapporten at LHBT-rørsla får vere eit subjekt som uttaler seg om sin eigen situasjon og sin eigen kamp, framfor å berre vere eit seksuelt, perverst, sjukt, syndig eller kriminelt objekt som journalistar kan meine og skrive det dei vil om.

Mellom dei negative artiklane er det framleis stereotypifisering av LHBT-personar som oftast går igjen, ifølgje Kaos sin rapport.

Zira bu kategori altında toplanan haberler cinsel yönelim ve cinsiyet kimliğini suç, günah, hastalık gibi konular ile ilişkilendirerek LGBT'lerin kimliğine dair yanlış bilgiler üretiyor.²⁵²

[Nyheitene som er samla under denne kategorien produserer feilaktig informasjon om LHBT-personar sin identitet ved å knytte seksuell orientering og kjønnsidentitet til for eksempel kriminalitet, synd og sjukdom.]

²⁴⁹ Hürriyet Daily News. «Reaction grows over daily's hate speech.» 05.07.2012.

<http://www.hurriyetaidailynews.com/reaction-grows-over-dailys-hate-speech.aspx?pageID=238&nID=24871&NewsCatID=341>

²⁵⁰ Kaos GL. 2014 Medya Raporu. 16.02.2015, s.2

http://www.kaosgldernegi.org/resim/yayin/dl/kaos_gl_2014_medya_raporu.pdf

²⁵¹ Ibid.

²⁵² Ibid.

Seçin i Kaos meiner at det å vere LHBT-aktivist inneber ein stor risiko på grunn av det du kan verte utsatt for i media. Du kan verte avbilda i avisa med fullt namn mot di vilje, noko ho seier at ho sjølv har opplevd. Journalistar kan ifølgje henne skrive stort sett det dei vil om LHBT utan å verte straffa for det.²⁵³ LHBT er, som vi har sett tidlegare, ikkje omfatta av lovgjevinga mot hatprat. Det vert i stor grad opp til den enkelte å velje *om, kva og korleis* ein vil skrive om LHBT.

Også andre offentlege LHBT-personar har opplevd hatprat i media. Sedef Çakmak, som under lokalvalet i mars 2014 vart den fyrste opent lesbiske politikaren som er valt inn i eit bydelsstyre, og som representerer CHP i Istanbul, har gitt eit intervju der ho snakkar om hatprat i media. I intervjuet hevdar også ho at det er visse aviser som har angripe LHBT-rørsla i mange år, og som framleis gjer det. Ho har sjølv vorte utsatt for hatprat i media, og vorte omtala med skjellsord i staden for nøytrale ord eller framfor berre å verte omtala ved namn. Vidare seier ho at også ho meiner at det har vorte mindre greit å seie at ein ikkje aksepterer LHBT enn det har vore tidlegare. LHBT vert generelt sett anerkjent i større grad.²⁵⁴

8.3 Utviklinga i den LHBT-relaterte mediedekkinga

Det kjem fram frå rapportane, møta med LHBT-organisasjonane og andre utsegner om mediedekkinga at mediedekkinga ser ut til å bevege seg i positiv retning for LHBT-rørsla. I 2010 fremma berre 30% av artiklane eit positivt syn på LHBT, mot 71,4% i 2014. Vi ser ei utvikling som går i klar retning av ei djupare og meir kunnskapsbasert dekning av LHBT-saker. Gezi gav rom for kunnskap om LHBT-rørsla, og ser ut til å ha hatt ein vesentleg effekt for ei meir kunnskapsbasert dekning av LHBT-relaterte saker.

I intervju med Kaos seier også Sedef Çakmak at utviklinga definitivt går i retning av fleire objektive og positive saker om LHBT. Ho viser tilbake til 2004, då ho fyrst vart LHBT-aktivist, og hevdar at det på den tida ikkje var *noko* positivt om LHBT i media.²⁵⁵ Dette meiner ho har forandra seg ved at LHBT-rørsla har vorte meir synlege. No er det mange objektive og positive saker.²⁵⁶

²⁵³ Personleg kommunikasjon med Seçin (Kaos). Ankara, 10.04.2014.

²⁵⁴ Altay, Mehmet Efe. «Nefes aliyorsun, daha ne istiyorsun?» *Kaos GL*. 09.04.2015
<http://kaosgl.org/sayfa.php?id=19145>

²⁵⁵ Ibid.

²⁵⁶ Ibid.

Vidare uttrykker Çakmak sitt syn på kva for konsekvensar hatprat i media kan ha for LHBT-befolkninga:

Bir eşcinsel olarak kendi hayatımdan da bunu biliyorum. Sözü geçen, iktidar pozisyonundaki insanlar sizin hayatınızı daha kolay karartabiliyorlar. Bir bakanın eşcinsellik hastalığıdır demesi üzerine bunu duyan ailelerin çocuklarını abuk sabuk yöntemlerle tedavi ettirmeye çalıştıklarını duyduk. Bu bireyler üzerinde korkunç travmalar yaşatan bir durum. Bu sadece nefret söylemeni körüklemenin yanında toplumdaki yanlış yargıları ve önyargıları besleyen duruma dönüşüyor. Daha mutsuz bireyler yetişiyor.²⁵⁷

[Eg har lært dette gjennom mitt eige liv som homofil. Folk i maktposisjonar kan enkelt gjere livet ditt vanskeleg. Vi har høyrte mange dømer på familiar som har forsøkt å få gjennomført meningslause behandlingar for barna sine fordi ein minister har uttalt at homofili er ein sjukdom. Dette er ein situasjon som skaper forferdelege traumar for dei det gjeld. I tillegg til å bidra til meir hatprat, er det med på å skape og oppretthalde fordomar i samfunnet. Det skaper ulykkelege individ.]

Dette viser nokre av årsakene til at ein nedgang i førekomsten av hatprat retta mot LHBT-befolkninga i Tyrkia kan bidra til mindre utbreiing av fordomar i samfunnet og til meir kunnskapsbasert informasjon om homofili og transseksualisme.

Likevel gjer det at LHBT framleis er utan beskyttande lovgjeving det vanskeleg å melde hatprat, noko som gjer det mogleg for dei konservativt religiøse, høgreorienterte avisene å halde fram med å omtale LHBT-personar som «pervoar» og å trykke utsegner frå legar som fortel om «sjukdomen homofili».

²⁵⁷ Ibid.

9 LHBT i framtida

9.1 Parlamentsval 7. juni 2015

7. Juni 2015 er det parlamentsval i Tyrkia. Resultatet av det komande valet kan komme til å vere avgjerande for korleis det vil gå med kampen for LHBT-rettar framover. Ifølgje midtaustenforskar Hikmet Kocamaner ynskjer Erdoğan å endre grunnlova slik at Tyrkia får eit politisk system der presidenten (han sjølv) får utøvande makt.²⁵⁸ For å kunne gjere dette, må AKP få to tredjedelar av seta i parlamentet ved valet.²⁵⁹ Ifølgje Einar Wigen, Tyrkia-forskar ved Universitetet i Oslo, er Erdoğan i ferd med å feste grepet om makta i AKP på fleire måtar.²⁶⁰ Dei gamle AKP-politikarane Erdoğan vart valt inn i parlamentet samstundes med, har no sitte maksimalt antal perioder i parlamentet, og nye AKP'arar må veljast inn. Fleire av dei eldre politikarane Erdoğan har vakse opp i AKP saman med, har vore kritiske til den store makta han ser ut til å kunne få. Ifølgje Wigen vil desse politikarane etter valet måtte vike plass for unge AKP'arar som har vakse opp under, og som synast å vere svært lojale til, Erdoğan.²⁶¹

